

# Ludvig Lauritz Uri



16. mars 1884 - 23. desember 1907

## Innleiing

**Svein Nilsen**, var rektor ved Fjørtoft skule, og mangeårig medlem av Haram Kulturhistoriske Lag, også ei tid som leiar. Han fekk tilgang til dagbøkene, som Ludvig Uri skreiv, og sette seg ned og gjorde avskrift av dei, som vart publisert i HKL si Årbok 2015.

Denne artikkelen om Ludvig Uri, er henta frå: <https://www.nordoy.net/ludvig-uri/>

Den er ført i pennen av Knut Flem, og med hans løyve publiserer vi den her.

**Ludvig Uri** voks opp i den vesle grenda Uri (i daglegtalet kalla Støene) på nordsida av Flemsøy/Skuløy. Han vart fødd 16. mars 1884 og døydde 23. desember 1907 på sjukehuset i Ålesund.

Han vart såleis berre 23 og eit halvt år gammal. Likevel rakk han å setje spor etter seg som *forfattar* og *salmediktar*.

Foreldra var Hans Jonson Uri og Severine Marie Olsdotter f. Rogne, og Ludvig var den yngste av dei sju borna deira.

### Gåverik og lærenem

Guten viste tidleg at han hadde evner utanom det vanlege. Han hadde lett for å lære og likte å finne ut av ting. Læraren hans på folkeskulen, Karl Rogne, sa om han: «Eg hadde ikkje meir å lære denne guten! Slik vilje til å setje seg inn i alt mogleg har eg aldri råka korkje før eller sidan».

Sjølv om Ludvig kom frå små kår i ein fiskar- og småbrukarheim, vart det råd med vidare skulegonge etter folkeskulen. Først tok han handelsskuleeksamen, truleg i Ålesund, og deretter gjekk han middelskulen i Volda.

### Lærer og student

Ved «minste alder» kom han inn på Volda lærarskule, og alt som 19-åring gjekk han ut derifrå med svært gode karakterar. Og då hadde han attpåtil hatt permisjon ei tid for å tene til livets opphald på torskefiske.

Etter lærarskulen fekk Ludvig lærarpost først i Nordland, og seinare på Modum. Etter to år som lærar hadde han lagt seg opp litt pengar og søkte seg inn på «*Hauges Minde*» i Oslo for å ta studenteksamen (examen artium). Men etter tre månader gjekk han tom for pengar og måtte bryte av studia og reise heim.

Etter ein lengre periode på heimtraktene der han truleg livnærte seg av fiske, ville han på nytt prøve å ta examen artium. I 1906 kom han så inn på «*Hambros Skole*» i Bergen og fekk sin studenteksamen der etter berre 9 månaders studietid. I fysikk fekk han karakteren S.tf. – «Særdeles tilfredsstillende».

### Forfattar og diktar

Romanen som gjorde Ludvig Uri kjend både i samtida og for ettertida, «*Evig fortabt*» – *ei livssoga*, skal òg ha blitt til i studietida i Bergen i følgje «tradisjonen». Men det er ting som talar for at han starta å skrive på boka ein god del tidlegare, kanskje alt då han var lærar i Nordland.

Sikkert er det iallfall at boka låg føre ferdigtrykt då han tok sin eksamen i Bergen, og han hadde med mange eksemplar heim for å prøve å få selt romanen.

Boka vart omtala i Sunnmørsposten av redaksjonssekretær *Olav Hatlemark* som skreiv m.a. dette:

*«Han er ung, mykje ung han Ura-Ludvig. Og han våga seg til eit vandt\*) arbeid då han tok til å skriva denne boki. Han hev so visst ikkje skam av ungdomsarbeidet sitt. Eg vil råda øyfolket til å lesa boki. Dei vil kjenna seg att og skyna seg på denne skildringi av havet og mannen.»*

\*) vandt = vanskeleg

### **Sjøen, dagleglivet og vekking**

Romanen har mellom anna framifrå skildringar av havet og fiskarlivet som Ludvig kjende så godt. Den er skriven i ei religiøs brytningstid med mykje vekkingskristendom som òg vert skildra fint og ekte, samstundes som han ser med eit kritisk blikk på dette miljøet og ikkje er redd for å seie det han meiner er rett.

«Evig fortabt» er også ei skildring av livet i Støene slik det var for godt og vel hundre år sidan. Sjølv om namna er endra, er det ikkje vanskeleg å kjenne att staden. Ein av hovudpersonane er ein kjenslevar gut med namnet *Einar*; kanskje er det Ludvig sjølv?

### **Salmen**

Det er ikkje berre sjølve boka som har gjort Ludvig Uri kjend som forfattar og diktar, men òg ein salme som er *del av teksten* i boka. Mora til Einar ligg på dødsleiet, og han og ei syster sit ved senga. Mora seier då: «Bed, Anna!» Og dottera formar denne bønna:

*Jesus, Jesus, ver du hjå meg,  
stå ved lægjet, gå 'kje frå meg  
no mi avferd stundar til!  
Lat 'kje Satan meg få gjera  
noko vondt, du meg må bera!  
Det er heim til deg eg vil.*

*Jesus, gløym i nåde ordi  
som eg i mitt liv på jordi  
tidt hev tala deg imot!  
Gløym alt vondt eg gjorde, tenkte,  
det som tidt din kjærleik krenkte,  
læk mi sjuke hjarterot!*

*Alt som vil mitt hjarta tyngja,  
tak det bort, så eg kan syngja  
fri og frelst min siste song!  
Jesus, Jesus, gå 'kje frå meg,  
stå ved lægjet, ver du hjå meg  
no eg sovnar siste gong!*

Desse versa vart tekne inn i **Nynorsk salmebok** i 1925, til tone av H.O.C. Zinck.

## Studiar og sjukdom

Det laga seg så Ludvig kunne ta til som student ved *Universitetet i Kristiania* hausten 1907. Til semesterslutt før jul fekk han toppkarakterar både i filosofi og fysikk, noko som var heller sjeldsynt.

Det låg no til rette for ei lysande framtid for den unge studenten frå Støene. Så skulle han reise heim til jul, og sidan jernbanen ikkje var ført fram til Åndalsnes enno, tok han toget til Trondheim og hurtigruta til Ålesund.

Men på båten vart han så sjuk at han skalv, og det vert fortalt at ei dame breidde kåpa si over han. I Ålesund vart han lagt inn på sjukehus med «nervefeber». Åtte dagar seinare – på veslejuftan 1907 – døde Ludvig Uri, berre 23 og eit halvt år gammal.

Ludvig er skildra som ein hjartevarm, stillfarande ungdom, men òg som sterk og uredd. Boka hans fekk heiderleg omtale av fleire i samtida, og *Anders Hovden* skreiv både minneord og eit dikt om han etter hans bortgang.

Ungdomslaget «Samhald» fekk i 1908 reist ein minnestein på grava hans ved Haram kyrkje på Austnes. Der er det innmeisla:

«Her kviler student Ludv. H. Uri, 1884-1907. Dit liv var rigt og stutt. Høgt var du elska. Sårt er du sakna.»

## Minnestemne

Den 24. juni 1984 skipa Haram kulturhistoriske lag til eit minnestemne på staden der Ludvig Uri var fødd vel hundre år tidlegare. Huset Ludvig voks opp i stod ikkje lenger, men eit nytt hus var kome opp på tuftene.

Mykje folk frå nær og fjern var møtt fram til minnestetnet, som var velsigna med godt ver.

Det var lagt opp til orienterande talar ved fleire personar, mellom andre formannen i Haram kulturhistoriske lag, Palmar Fjørtoft. Han vart imidlertid forhindra slik at sekretæren, *Harald B. Haram*, måtte tre inn i staden. Han fortalde om Ludvig Uri sitt liv og virke.

Dei andre talarane var styremedlem i HKL, *Lars J. Nogva*, som fortalde om historia til «Uren, gard nr. 5 i Haram», og dåverande sokneprest *Gudmund Gjelsten*, som snakka spesielt om den religiøse sida ved Ludvig og salmen som han skreiv.

I tillegg til talane vart det framført musikk av *Flem skulekorps*, mellom anna melodien til salmen «Jesus, Jesus, ver du hjå meg» som avslutning på minnehøgtida.

---

### Kjelder:

Terje Aarset: Ludvig Uri (1884-1907). Eit kjeldeskrift. Redigert av Terje Aarset. Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda, 1984.

Haram kulturhistoriske lag – skrift nr. 22

Lars Aanestad: Kristen sang og musikk. Band II, 1965

<https://www.nordoy.net/ludvig-uri/>

# Dagbok fyr Ludvig Lauritz Hanson Uri

Byrja 20 januar 1900

(Avskrift gjort av Svein Nilsen)

*Tanken er å skriva upp alt som hender meg um dagarne og um veret og verlaget og um dat og dit, so ein kan ha moro av seinare i tidi å sjå tilbake og gjera samanlikning med då og no.*

*I dag laurdag er veret stormfult, og regbyger er det ret som er, "Kaldgly" dei kallar. Tunge skyer sviv yver himmelen og fær jagande nordetter i ustanseleg fart. Stormveret hylar og piper frå sudvest so det berre knakar i stovenovi. Båra bryt seg inn yver skjeri og båarne, so det berre durar og dyn um øyrørne. Eg hev for det meste sete inne heile dagen og botte garn, nokso trøyasamt arbeide forresten, ein vert so låk i herdarne. No før hev det vore godver heile 5 vikor, Austavind og frost for det meste, so isarne er so store at det er mest uråd og ganga yver "Halsen". Der hev ikkje vore so mykje is på mange år.*

*Uri den 20 januar 1900*

*Ludvig H. Uri*

*Flemsøy. Ålesund*

**Sundag den 21 januar 1900.** Um morgon då eg vaknad var det det fyrste eg gjorde å gå fram og sjå kor veret var. Det var med det same som i går. Storm frå sudvest, stor båre og regntung himel. Men so vart det ikkje noko sers regn likevel. Han heldt seg nokolunde med ufysa. Far var på Rogne på møte, men han kom att leid på dagen. Mor hev lige heile dagen for ho er noko sjukeleg af seg. Til middags åt me sodd dei kallar og til nons kake og kaffi, og det same um morgonen og, og til kvælds graut.

Den kvelden var me inni "Gamlestovinn" hans Per og heldt moro. Ein svært hugnasam kveld forresten.

**Måndag den 22 januar 1900.** Med natti hadde det lagt seg lidt snøslav på markarne, men leid på dagen vart det regn igjen so um kvelden var det berr mark. Vinden og båra sameleis som i går, berre det at han eingong var "landrøn" og ein gong "vestleg". Leid på kvelden var det reint storm. Han far og ho Karoline var kring middagstider på Flem med henne Molie. Han var reint bra å gå i dag, det beste han har vore på 5 vikor eller sidan det vart godver. No er det då styggvedr. Han Johannes Lyngheim var her um føremiddagen og um kvelden og saumte på støvlarne mine. Eg hev sete inne heile dagen og bonde garn, eg batt i det heile 12 – 13 i dag. Eg slutta kl. 9, for då fikk eg alt færdigt. Ho mor er litt betre i dag. Ho hev rusla uppe og pjaska og kokt. Karl var på foreiningi og sidan hev han bonde litt garn. (Heime kl. 10-25m Em)

**Tyrsdag den 23 januar 1900.** Gong på gong bles han so med natti at eg vaknad, so det var lite fred å få sova. Stor-Storm reint frå vest, so ein kunde tru at han tok både hus og gard.

Heile dagen heldt dette veret fram, so ein knapt kunde koma utfor dør. ”Kald-gly”, rett som det var heile dagen, eisarne minkar noko – nokoumsenn. Båra er ryskjeleg stor. Båar, skoltar, fludar og alt som grynt er, bryt, alt i ei røre, og ho veltar seg på land med ufseleg kraft, liksom ho vil oppslukja alt. ”Fole veir”. Både land og hav er i opprør. Folk sit inne og kjedar seg. Eg hev pjaska og botte garn ei og onnor rid. Umtrint 4 famne hev eg bonde. Sumetider hev eg vore utpå bergå og set på båra, og sumetider hev eg skrive og lese. Karl og Far hev og pjaska og bonde garn. Johannes sit her og saumar og pratar so det er reint livlig. Mor er litt betre i dag, ho hev vore uppe heile ettermiddag. Karoline sit og bøter skjorter. Mor og spøtar.

*Heime kl. 8 Em.* No hev me soti og disputert um korleis det skulde vori brukt til disse pengarne som kom inn til ”de forulykkede fiskeres efterladte”, Johannes, Karl og eg meinte at det skulde opprettast eit legat til og taka til seinare ogso når det trongdest. Far meinte at dei skulde utdelast likt millom alle dei som vedrørde denne natti. Endå blæs han, men ikkje so storm-strid som fyrr i dag. Middag, Fisk og poteter. Morgo og non: Kake og mjølk. Til kvælds. Graut. Far og Karoline sit og les. (Heime kl. 10-12m Em)

**Onsdag d. 24 jan. 1900.** I dag er han ein god grand betre enn i går. Spakleg er han, so ein kan reisa kvar ein vil for vinden som stend frå S.W. Båra er heller ikkje so dryg i dag som i går, men so er ho då stor likevæl. ”Breifludi” bryt no for kvar. Skyer sviv yver himlen, men det er ikkje nokon ufyse lell. Temperatur – millom kulde og varme.

Far er på foreiningi i dag, Karl held på å bere torv heimafrå sjøen. Mor er litt betre i dag. Ho held no på å vaskar kjøreldi. Inni fjorden ligg 2 båtar og brukar linor, kven det er veit eg ikkje endå.

*Heim kl. 10-40m Fm.* Vinden drei seg meir og meir, so um kvelden var han reint ”landrøn”, men stridleiken var umtrint den same heile dagen, fin kjøle berre. Eg laut på foreiningi og byta opp att noko bomullsgarn som far kjøbte, og so leverte eg inn eit brev på posthuse til han Olaf Rød, Sogn. Sidan hev eg ikkje gjort det klinkande dust, berre gåt og stukke hendene i lumma. Han Johannes er her i dag ogso, eller i kvæld og saumar. Mine styvlar hev han fåt lestefærduge, og på Karl sine hev han laska uppi tungarne. No held me på å disputera um Australien og um forholdi der. Far og Karl hev vore innpå marki og minera i ettermiddag. No sit dei og bind garn begge to. Kinna smør hev me også gjort i kvæld. Karolina held på å bundar upp det varpet eg kjøbte. Mor held på å knøar smøre me kjerna. Til morgo åt me Kake og Kaffi, til middag Fisk, Poteter, Supe. Til non Kake og mjølk, til kvælds Graut, men me hev ikkje ete grauten endå. Himelen hev vore regntung heile dagen, men regn hev det ikkje vore stort likevæl. Båra smular litevetta leid til kvælds. (Heime kl. 9-20m Em)

**Torsdag d 25. jan. 1900.** I dag vestavind, heile dagen, um morgonen nokelunde spak, men leid til kvelden vart han lit striare, umtrint ein segels vind. Regne gjorde det og ein og annan gongen, heile dagen, um morgonen reint spillevatn. Temperaturen millom varme og kulde. Båra var um morgon nokolunde smul, men um kvelden voks ho, so ”Breifludi” braut. Fyre middag var eg og far og Karl inni gåra og minte stein, og etter middag hev eg pjaska og bonde garn, sumetider skrive og teikna.

Far var inn på Nogva etter dynamit, og når han kom att, skaut dei ein stor stein som gjekk i fillur, men noko store. Ole-Elias var det i går som var inni fjoren med linor. Dei fekk 30 kg.

Murer T var på Nogva som kræmmar. Johannes er her i kvæld og, og disputen fell um Australien, og dit og dat, reint livlegt. Far og Karl sit og bund garn. Mor er bra i dag. Til middag åt me turr fisk og poteter. Til morgon Kake og Mjølkk, til nons Kake og Mjølkk, og til Kvælds graut og mjølkk, men me hev ikkje ete han endå. (Heime klokken 9-5 Em)

**Fredag d. 26 jan 1900.** Um morgonen, syd-vest, ikkje strid, ein segels-vind umtrint. Leid til middag dreia han seg til han vart synnavind, og heilt til "landrøn sunna", ell austavind. Regntung himmel heile dagen, og leid til kvelden byrja han å regna, men han vart uplett att um ei rid. Båra var noko stor, umtrint som i gårkveld. Breifludi braut ein og annan gongen. Temp. millom kulde og varme, eller beint fram varmegrader. Staren hev no minka utroligt, berre dei største er att no. Telen ogso minkar. Olaus, Knut og Lauris var "sta" med linorne i dag. Dei fekk 3 byttor eller kring 30 kg. Rasmus var på "nogva" eller ein Torvfarm. Då eg sto upp byrja eg binda garn, sea hjelpte eg Karolina å ha upp ein vev, og so gjekk eg innpå marki og bora hol. Eg og Karl bora umtrint 45 ?. 2 skot skaut me med dynamitt, og dei verka godt. No i kveld hev eg bonde litt garn, og det gjer Far og Karl og. Mor sit og spøtar på ei hosa. Karolina held på å hev ein vev til veving. Han Johannes er her i kvæld ogso, og laskar støvel. Me hev prata um engelskmennerne og um minarbeidet og dit og dat. Til morgo åt me kake og kaffi, til middag sosa kalvekjøtt, og til nons Kake og Mjølkk, til kvælds graut og mjølkk, men me hev ikkje ete han endå. (Heime kl. 8-50m Em)

No er han ein heil blåsar av Syd-Vesten, berre so det durar i lukorne, og regna og gjer han litevetta, og han ser ikkje bra ut til natti. Karolina er litt dårleg af seg i dag. Det er vist Infruenta. (Heime kl. 10-35m Em)

**Laurdag d. 27 jan 1900.** Um morgon vestavind og syd-vest, men noko spakleg, og då det leid til middags og utyver vart han aldeles still. Båra var større i dag enn i går, reint grunnstøyt og leid til kvelden. Himmelen var um morgon yverskya, sea klårna han meir og meir af, og no er han heilt stjerneklår, finever, so det er reint ein hugnad å vera ute. Kuldegrader hev det vore heile dagen og i kvæld hev han krapa mykje og. Rasmus og Knut-Karl var sta på kroppingsviki i kvæld i skyvingi. Dei fekk 16 stk. Eg batt garn i dag, medan han var ljøs, umtrint 10 famner lang. No i kvæld hev eg ikkje gjort det slag, berre gjenge og slonge. Far og Karl var inni gjæra mina fyre og etter middag. No sit Karl og lappar sko, men far han ligg for han hev vore dårleg, han hev visst fått infruenta. Karolina og er dårlegare i dag. Ho hev vore litt og vaska ta, og so la ho seg; no er ho heime i garden. Mor er med det same. Ho rotar med koking; Johannes er her i kvæld og, og set hæl kappa på. *Heime kl. 8 Em.* No træk han so hastig yver himlen med skyer, og austavinden bles upp ein heil knasar, og båra ho er likedan, og han ser difyr so ymse ut no. Eg trudde han hadde vorte eit reint finevedr eg fyr i kvæld, so stjerneklår som han var. Han Johannes er her endå og kappar støvel. Han er no færdug med det. Til middag åt me turka fisk og supe, poteter. Til morgo kake og kaffi, til non Kake og Mjølkk, og til kvælds fersk fisk og fiskesupe, for me fekk 2 stk. med han Knut. (Heime kl. 11-45m Em)

**Sundag den 28 januar 1900.** Då eg vaknad var det snøslavs og kjøkkande stilt. Snøskodda hang ned yver alle fjell. Uppe i høgdi var det hard snø, men nede tina han etter kvart, so det folda ikkje. Still var han heile dagen til kvælden kom, då vart det litt austavind som heldt ved

frammyver kvælden. På same tid tok han til å klårna, so no er han heilt stjerneklår og frost. Fyrr i dag hev det vore som ein millom tempratur. Båra var stor i dag umtrint som i går, berre det ho datt af lit leid til kvælden. I dag var eg på møte på Flem. Han Gyri-Knut var det som preikte. Når det møtet var slutt, skulde det vera ungdomsmøte kl. 3, men eg var so svolten at eg måtte gå nordatt og få meg mat. Sia um kvelden var me inn på holmen og heldt moro. Johannes og Nils ogso var der. Han og han Petter er på Flem. Far hev ligi i dag, og ho Karolina er litt betre. Mor med det same. Til morgo åt me plommekakor og kaffe, til middags Saudehovud og Søball og poteter. Nonsmat åt eg ikkje i dag, men hine åt kake og kaffe. Til kvælds graut og mjølk. I kortspel tapte eg 5 øre i dag ilag med Johannes, Nils, Karl, Lauritz og Peter. (Heime kl. 10 Em)

Nordljøs bragd. Stjerneklår himmel. Me hev attevore innpå holmen og leike oss. Karl og Peter er ikkje attekome endå. (Kl. 12)

**Mandag den 29 januar 1900.** Fin nordaust-kjøle um morgoen som gråna på lidt leid til kvælden, friske rausar so! Fint ver forresten. Klår himmel heile dagen, berre ein skybanke ut i havet som stend liksom ein mur. Kaldt! Mest um kvælden. Båra var mindre i dag enn i går; men so var ho noko stor. No er han litt spakar enn fyrr i dag. Ein av svartekjuklingarne byrja i dag verpa. Fyre middag bar eg og Karl torv heimafrå sjøen, alt der var att. Fra ettermiddag pjaska eg og spola åt henne Karolina, sia um kvælden batt eg upp eit par hespur. Karl pjaska med dit og dat. Karolina hev vove "all time". Ho er bra "this day". Ho spøtar og kokar. Far ligg i dag ogso; men han er litt betre. Johannes er her og botnar støvel i kvæld au. Nokre båtar frå Harøy segle ut i dag. Til middag åt me ball, uppåtfølga poteter og fisk nykokte poteter og osb. til morgo Mjølk og Kake, sume kaffe, til nons Kake og Mjølk, sume kaffe, til kvælds graut og Mjølk; men me hev ikkje ete han endå. Nå kan jeg ikke mere lyve. Johan fruta?. (Kl. 8-30m Em)

**Tyrsdag den 30 januar 1900.** Himmelen klår, lufti kald, fin austaavind um dagen; men spakleg um kvælden. Båra smulna, so um kvælden var sjøen so slett som på eit vatn. Um kvælden stjerneklårt, ikkje ein skytave å sjå. 3 fjørtøftsbåtar sette ut "this day". Eg batt garn um dagen; men um kvælden gjorde eg ikkje det slag, berre gjekk ute og njota det fagre vedret. Um morgon leverte eg dei 5 garna eg batt til Lauritz, dei vog 10 ¼ kg.

Karl og Olaus var på Longva etter mjøl og strengløgur og dit dat. Far hev vore uppe, men han er dårleg, han hev pjaska spola til Karolina. Ho er bra no, vev gjer ho heile dagen. Mor med det same. Ho stullar med kokingi. Til morgo åt me Kake og Kaffe til Middag Turr fisk, poteter og supe. Til Nons Kake og Mjølk, sume kaffe. Til kvælds graut og Mjølk.

**Onsdag d 31 januar 1900.** Deiligt Veir! Himlen klår og rein ikkje ein skytave å sjå. Stjernorne lyser i millionvis i den blå himmelrømd. Havet ligg still og fint og glitrar, glansar so blått og mjukt, ender og gong ei austavindskjøla so gufsar so kald i andlitet. Båra er smul og mjuk, og kjæli smyg ho inn millom holmarne. Ved middagstider var det storm af skjella. Men før og sea var han spakleg. Kald! Kald! 6 fjørtøftsbåtar var på sjøn denne dag, men me hev kje fretta endå. Fyr middag batt eg garn, og so var eg tenkt å reisa åt byen med øyra mit; men Olaus rådde meg til å reise til Molde og dermed vart det. Ettermiddag var eg på foreiningi og kjøbte smørsalt, grønsåpe og sukker. No i kvæld hev eg ikkje gjort det slag eller

lite og inkje berre gåt og slongje og njota kvældslufti. Far hev pjaska og spola og dit og dat. Han er sameleis. Karolina vev og vev! Mor rotar i dørum. Karl reiste åt byen i dag på ”Storfjord” etter båten. Lauris og Peter reiste etter roskarer. Johannes er her i kvæld og. Han hev fått ferdig eit par åt meg og hans Karl sine hev han fått på lestarne. Til Morgo åt me Kake og Mjølkk, til middag åt me turkjøt, steikt flesk, kaffe og braud, til nons Kake og Kaffe, til kvælds graut og mjølkk. 4 – 5° R÷ (Heime 10-30m Em)

**Torsdag d. 1 Februar 1900.** I dag som i går. Ikkje skytave å sjå på himmelen, heile dagen ut. Stjernorne glitrar og glansar i millionvis på himmelen, og jordi ser ut som dekt av sylvglitter. Bitande Kaldt! Fjelltopparne er dekt av snø, men nede er det burt, berre frose rim yver markane som glitrar so vant! Um dagen var det skiftvis austavindkjøle og skiftevis still. Men no er det bitande kald storm af austavinden. Båra er smul, umtrint som i går. Eg var på sjøen i dag i lag med Olaus. Me reiste um morgon kl 9 ½ og kom att kl 3 ½. Me var i ---- og drog omkring 30 der, i det heile 32 st fekk me. 9 tok me til kokfiske og 23 salta me til pengefisk. I kvæld gjorde eg ikkje det slag. Far er med same i dag og han lappa skorne mine og hev skote eit garn. Mor er bra. Karolina og ho hev vove ned veven i dag. Han fretta at ein båt på Haramsøyi fekk 200 og ein 160. 10 fjørtoftsbåtar var på sjøen i dag. Til middag åt me, eller eg, Kake og Kaffe. Til morgo Kake og Kaffe. Til nons Graut og mjølkk oppatfjølga. Til kvælds Fersk Fisk og Fiskesupa. Marta-Moste er her i dag på vitjing. Johannes var er i kvæld og, no er han ferdig med begge pari. Han tok 5,50 i løn for begge pari. I går sende eg eit brev til Conrad Bjørknes. (Heime kl. 11-40 Em) 5 – 7 ° R÷

**Fredag d. 2 Februar 1900.** I dag kyndelsmesse, siste joledag. Same vedret – no som i gårkvæld. Himmelen blå og rein, frisk, raudar af austavinden. Fjörtoftskarane driv han svært; mest forende som reiser på sjøen. Båra still og smul som i går. Dei som er i byen og tinga roskarar, er ventande no. Isarne tyt upp so det vert vandigt å gå yver ”halsen”. Der er då litt snø. Eg er nyleg uppe. Far er med same! Mor skal til å baka kake. No skal eg eta. Kl. 9. I dag vart det lite med arbeide. Eg hjelpte dei og skuad stor-båtarne fyre middag og sea kan eg seia hev eg gjort inkje. Berre sont putlearbeid ender og då. No i kvæld skulde nokre af ungdomarne stad og halda moro innpå holmen; men det ”gikk en skidden gang”, det vart stå. Knut-Peter gjorde hærverk. Far er med det same, han putlar med dit og dat. Mor bagte kaker i dag, Karolina vaskad klæder og loftet. Marta-Moste er her endå. I kvæld kjerna me. Me fretta at Peter Gjære-Flem fekk 250 st i ein stubbe. Han Lauris ev fåt seg ein vanelving til ros Karl. Knut fekk han Bernt Klokk. Dei kom i dag på ”Ternen”. Johannes reiste å i dag. Muren er no fær dug. Speglande klårt. Stjernorne glitrar so kalde ned på jordi. Nymånen viser seg. Austavinden kjølar, fine rallar; sumetider stilt. Til Middags Rjømefab og finekaker. Til Nons Kaffi - Kake – til Morgos – Kaffi – Kake, fine. Til Kvælds kroppunghovud poteter og suppa. 5 – 2 – 4°÷ (Heime kl. 11 Em)

**Laurdag d 3 Februar.** (Heime kl. 10-55m Em) I dag som i går, fint vinterver so ein kan aldri ynksja seg det betre. Klår himmel so sternorne glitrar so vant. Berre ein liten banke av skyer ut i havet som steig upp leid til kvælden, ellest klår og still ender og då ei austavindskjøle; men ellest spakleg. Båra still og smul som fyrr. Kald. Temp: 2. – 3. – 4.° R÷. I dag var eg på Rogne mest som på æventyr. Eg hadde med meg noko smør til henne

Gjære-Syverina som ho hadde tinga, og so skulde eg få hysepengarne med Olaus. Dei fekk eg ogso og derattåt mat. Men verre gjekk det med smøret. Fyrst var ho ikkje heime, og so sat eg timevis å venta på henne og sende attåt 2 årdrar, men ikkje kom ho sjølv. Då eg tilslutt fretta frå henne, ville ho ikkje ha smøret, og eg laut gå der på snippen og snau. Fyrr eg kom ut att var han aldeles mørk, og eg gjekk tidleg på dagen. Sia hev eg ikkje gjort det dust. Fabror og Matias kom i dag hit ut. Dei kom "last night" til Longva med dampen, og so læg dei på Nogva. Sildi hev følle. 15 kilo skal ho vera. Mor steikte rognkaker i kvæld. Karolina vaskad golv. Marta-Moste gjekk i dag yver halsen. Far er med det same i dag ogso. Han ståkar med dit og dat. "Hjalmar" er ikkje attkomen endå. Fjortoftkarane er i full drift. Dei fiskar og. Til middags åt eg Kake – Kaffi – hine turmat – til nons 2 gong: 1<sup>ste</sup> Kake – Kaffi og 2<sup>den</sup> Mjølkk – Kake. Til morgo Kake – Kaffi. Til kvælds graut med sildefeitt i. I morgo er eg tenkt meg til Molde og søkja for øyro mitt. No er alle i huset lagt seg til å sove so eg er åleine uppe. Himmelfagert vedr.

**Sundag den 4<sup>de</sup> Februar.** No er eg på Molde. Heimlaus, frendelaus og lite kjend og likar på leiken illa, seier han Ivar Aasen. Ikkje eit kjendt andlet å sjå, berre framande ukjende. Eg reiste frå heimen um morgon kl. 7 ½ fm. Då var det ein skybanke ut i havet, og små greiner af den stragte seg yver himmelen, ellest klår! Frost, men ikkje so skarp som i går og fyrr. Skjella stormande strid då me kom åt Romsdalen. Snøen ligg radt ned i fjøra heime, og kald er han so det munar her. No seinare på dagen er himelen vorte heilt yverskya, so ein ser ikkje greitt fjelli i Raumadalen. Eg kom åt Molde kl. 2 ½ Em, og so fekk eg med meg ein mann til å visa vegen til doktoren, og han tok 30 øre. Men doktoren var kje heime, so eg fekk ikkje finna han. Logi fekk eg på eit "Privathotel", og no sit eg på romet og skriv. Eg hev sett meg um i byen han er ikkje stor, so ein slepp villa seg burt. Men fint er her, og det ser her ut til å vere især um sumaren. Til morgo åt eg kake og Kaffe til middags berre Kakor. Til nons Kveitebraud og Kaffi. Til Kvælds Kaffi og Kakor. Det var berre bra med vore når eg reiste berre han far var som han hev vore. Med storbåten er dei ikkje attekome endå. Samson båtbyggjaren var og på dampen Eg tenkjer på kor dei hev det heime no. Korleis dei moroar seg tru? Kor det skulda huga meg å få vere ei stund saman med dei. Kor einsam og framand eg kjenner meg. Eg er her for fyrste gong. (Molde kl. 9 ½ Em. Westad's Privathotel)

**Måndag d. 5<sup>te</sup> Februar.** Eg er færdig med påklædningi. Det yrar og snøer, men han er bra spakleg. Eg hev sove godt i natt, god seng dynor og madrassor. (Molde kl. 8-40m fm). Tårorne veit eg ikkje å halde att. Dei må få fritt laup ei stund. Eg hev nemleg vore hjå doktoren og høyrte kva han meinte um Øyra mi, Dr. Olav Boyen. Han sa at øyresjåen (trommehinden) var skadd og at det var so fårlegt at det kunne utvikla seg hjernebetendelse, og det kunde vere gjort med meg um kort tid, men so sa han då at ho kunde lækjast; men då måtte eg gjeva meg der att eit bil. Kor lenge viste han ikkje å seia. No var eg ikkje utrist på den måten at eg kunde gjiva meg der att, eg hadde ikkje penge ikkje klær. Eg måtte difor reisa heimatt. No er eg komen på dampen og er på vegen. Han gjekk frå Molde kl. 12 ½ middag. Snøa hev han gjort heile tidi i dag på Molde, so eg hev ikkje fått sett dei vidspurde Romsdalsfjelli. Spakleg. (Romsdalsfjorden kl. 1 Em)

I kvæld var det stjerneklårt so det var reint ein lyst å vera ute, men no er han yverskya atter, og det ser ut til snø. Eg kom til Austnes kl. 5 ½ Em, og sia hev eg gått her å stulla, att og

fram. Eg kom isaman med ein romsdaling som rør fiskja med han Støls-Per, og han vilde absolutt yver fjorden i kvæld – kosta kva kosta vilde – han var litt på an -. Eg laut gå og trava frå mann til mann etter skyss. Og då eg kom att var mannen reist med ”Ternen” og eg sto att. For skyss fekk eg nemleg ikkje. So vart eg innkvartert hjå han Sevrin Ostnes, og her fekk eg det nokso godt. Mat og losji. Kald var han so det munar. Fin sønnavindskjøle og hev det vore i kvæld. No truar det med snøkave. Til morgos kaffi og kake. Til middag berre kakor. Til nons kaffi og Brødsriver, til kvælds graut med auga i. (Austnes kl. 9-50 Em)

**Tyrsdag den 6<sup>te</sup> Februar.** No er eg uppe. Eg hev sove godt i natt; men låk af hoste er eg som i går kvæld. Snøa hev han gjort munalegt i natt. No er himlen full af tunge snøskyer. Han Ola-Ola hev fiska fælt med sild. 200 kr lut foreige vika. No skal eg på dampen nå han kjem. Fin nordvestkjøle. Kald luft. (Austnes kl. 8-45 Fm)

No er eg atter heime; men det vert vist ikkje lengje. Eg spikulerar på å reisa til Bergen. I dag hev eg mykje å fortelja av. Dampen var 4 timar forsinka, so han kom ikkje til Ostnes fyrr kl. 2 Em. Ja du kor eg gjekk og fraus og venta på han i det rennefokket, men det vart troytesamt nok. Då han tilslutt kom og nu kom på landet vart det eit spekk og koma seg over halsen. Ho Helen var med meg frå Austnes. Rennefokk og snø uppa kneet, for han hev snøa ---- i dag. Det var med same heime. Far er litt betre no. Dei er attekonne med båtn. Dei kom natt til måndag. Dei fekk litt sild 22 mål à cirka 22 kr pr. mål = 70 kr pr. lot, bra vikeløn. Hans var gåd til Longva då eg kom han vilde til byen med ein svullfinger han hev fått, no fekk han no bida. Nese-Knut fekk 30 mål. No er han knakor af nordvesten og snøbyger, kald, båra almindeleg stor breid, fludi bryt. Landlege. – Gjære-Peter fekk 600 fyrrige vika. No ligg dei alle her i huset, eg er aleine uppe. Eg hev vore hjå han Lauris og fått binderløn med desse garni kr 4,65. Ho Kristina dotter hans Hans er her. Kararne bitt, skyt og bøter garn no i kvæld. Til morgo åt eg Kveitebraud og kake, til middag kake og kaffi. Til nons Mjølkk og kake til kvælds graut og mjølkk. Ungdomen var sundagskvælden innpå Holmen og dansa, høyrer eg, sundagskvælden. (Heime kl. 11 Em)

**Onsdag den 7 Februar 1900.** No tek eg til å verta vidflakkande. Atter hev eg sagt farvel og hev komet til Ålesund på vegen til Bergen. Eg reiste kl. 2 ½ frå Longva og kom til Ålesund kl. 5. No er eg komen til han farbror. Han Hans er med doktoren, og eg sit og venter på han skal koma og fylgje meg til telegrafkontoret. Det er bra ver i dag. Snøbakken stend ut i havet som ein mur, og kald som ein iskjellar. Båra var stor og Breifludi braut rett som det var. Fin austavindskjøle fyrst, sia sprang han til syd og vart friskare. Begge dei andre Støbåtarne reiste på sjøen, men vore fekk ikkje reise for folkeløyse. Berre 4 mann som var friske. Eg for, og Hans er det som må vera på heime på landet. Dei fleste båtar er på havet i dag. Det var mykje snø i dag yver ”halsen” so det var vandt og koma yver. Johannes var umbord, Telemarken- og Sylsnes. Det er ikkje stort liv i byen no. Dei hev ikkje vore frammi sildi i det siste af styggeveret som hev voret. (Ålesund kl. 7 Em)

No er eg umbord i Storfjord på vegen til Bergen. Eg sende telegram til morbror solydende: Afgår i natt med Storfjord. Tag imod. Bra ver i kvæld. Fin sunnavindskjøle, snøbakke ut i havet ellest klårt og måneljost. Her er mange folk som ligg umbord. Eg åt 6 gonger i dag. 5 gonger kake og Kaffe, samt kveitebrød. Til middag steikt Flesk turrkjøt o.s.b. Eg hev snakka med Hans vor. Handi hans er sameleis; men so vonar han at ho skal verte god att so han kan

slippe nordatt Sunday. Eg lyt liggja umbord i natt. God natt solengje. (Ål kl. 11-50m Em umb. i Storfjord)

**Torsdag d. 8 Februar.** Framand ukjend, heimlaus, frendelaus. No er eg på vegen til Bergen. I natt var det den urolegaste natt eg hev sove. Tvo drukne karar var her og sjaua og heldt slig leven at det ikkje var råd å få sova det mindste. Ellest var heile lugaren full av sjauarar som vart ilandjaga til slutt i lag med dei 20 st. Eg sov på lag 2 timar. No er me komne syd i verdi mest til Stat. Og alle me hev faret yver kjenner eg ikkje dusti af. Fjell høge og bratte fulle af snø, og so fekk eg sjå frostrøyken i desse trange fjordane. Det var det lognaste eg hev set. Tru kva det kjem af? Tru kva dei gjer heime no? Dampen ligg og lossar sild. Heile 1500 tunnor skal han taka umbord. Han blæs noko heil ramlar, men kvar han stend frå veit eg ikkje. Han hev snøbakke ute i havet i dag me, og slimen himmel, halvklår. Båra er smul her inni desse fjordarne. Her er ein god del med folk umbord i dampen. (Umbord i Storfjord ved Gurskøy kl. 1 Em)

No er me komne åt Vanelven, men det ser kje vidare bra ut til å gå um Stat i kvæld. Stormande strid er han å blåsa. Kvar han stend frå veit eg ikkje, antakeleg frå sud. Han held no på med dei siste stoppstederne i Vanelven. For ei 2 timar sidan hev han byrja å snøa, so no er det reint fyllt. Eg ser no dei staderne dei fiska sildi eine året. Her er ein gjendøypar ogso umbord. (Vanelvsgapet kl. 5 ½ Em)

Det vert lenge likevæl fyrr me kom rundt Statt. Han lossa so mykje sild, Haugs & Storholmen, at han var forseinka fleire timar. No hev me gjort frå oss alle stoppesteder, men han er sodan snøfyllt at han måtte til Haugsholmen, og ligga her til fylla letta. Han blæs og litevetta. Til morgos: Eg og kakor. Til middag kjøtsause og til nons Berre kakor. 12 -13 st skal rundt Stat 2. pl. Haugsholmen kl. 11 ¾ Em)

**Fredag den 9<sup>de</sup> Februar.** No er me komne um Stat. Det gjekk bra. Han låg 2 – 3 timar og so letta snø-kaven, og vinden spakna av lidt, so det vart reint bra um Staden. Vel rugga han lidt, men ikkje so mykje at eg fekk sjøværken. No ligg han i Moldøen. Han er bra veiret. Himelen klår berre endel og ei greini av ein snøbakke ute i havet. Stjernorne tindrar so fagert. Eg hev sove godt i natt. Og snøa det hev han gjort munnalegt. Kald. No lyt eg snart upp og sjå Hornelen. (Moldøyi kl. 7 fm)

I dag er det reint fint ver, solskin og spaklegt. Eg ser mangt og rart på denne færdi. Storbåtar med spri & topsegl. Me hev pasert Florøy, Sunfjords hovudstad. Han er liten, der var ikkje kay å leggja åt. Eg er risk. Me hev kje umbord no. Berre 7 – 8 til Bergen 2. pl. (Bergensleidi kl. 1 em)

No er eg i Bergen. Han kom hit kl. 7 ein 5 timar forsinket. Trast (morbror) dampen lå åt kom morbrorkone umbord og spurde etter meg, og gild og glad vart eg. Dei hadde fått telegrammet, og ho hadde venta 4 timar. Olav og kom og bar skrinet upp til Sporvogni, og eg og morbrorkone gjekk inn og so bar det i veg med lysteleg fart til Lyder Hagens gade, derfrå var det kort dit dei budde. Eg vart godt motteken af dei overlag. Dei er friske alle saman. Morbror saumar, Olav er på ein skofabrikk. Det er stor by Bergen, so eg trur eg ha kje funne fram dersom eg ikkje ha telegrafert. I morgo skal eg til doktoren samen med Ingas son. Til morgo var det kake og Kaffe til middag sosa kjøt. Til nons kveitemat og Kaffe og til kvælds graut med feite yver. Bra ver, klår kald, og snøbakke ute i havet. Fin kjøla. (Bergen kl. 11 Em).

**Laurdag den 10<sup>de</sup> Februar.** Eg er nyleg uppe. Ligg isamen med Olav. Eg stend og ser ut. Der er livleg trafikk med hestar og vogner. Eg vil ut og sjå meg ikring this day. Det er bra ver, han hev snøa lidt, og det gjer han endå. (Bergen kl. 8 ½ Fm)

I dag hev eg vanka vide um i byen på eigi hand. Kl. 4 var eg hjå doktoren isamen med Ingas son Thomas som hev det på same måten umtrint. Doktoren sa at eg måtte vera her eit bil og behandlas kvar dag. Eg fekk ikkje anna råd hjå han end hjå Borgen. Han sa at det kan koma til å verta fårlegt dersom det får take seg til. Men no er det ikkje so fårlegt. Bra! Gjer so vel! Eg måte verta snart lægt. Eg likte ikkje so godt krabbe som Olav. Borgen som var meir imøtekommande, meddelsam. Eg hev flakka vide um, heilt frå Sandviki til Nygårdsbruen. På torget var der liv helst for den som ikkje hev seet slikt før. Dei elektriske sporvognene travar um, stødt og stendig. Jarnbana ser eg kvar dag. I morgo skal morbror vera med meg og visa meg noko af kvart. Det er fint ver. Han snøa lidt fyre middag, men sea hev han vore upplett, halvklår. I kvæld måneljost og Kaldt. Fin kjøla. Kva kant, likevis. Til morgo Kaffe og kveitebraud, kaffi og finekaker. Til middags. Fisk og poteter, supe og kaffi & kveitebraud. Til nons kaffi finekaker og kaffi og kveitebraud. Til nons kaffi og finekaker og kaffi og kveitebraud. Til kvælds. The og finekaker. Eg er bra af hoste. (Bergen kl. 10-50 em)

**Sundag den 11<sup>te</sup> Februar.** Fint ver åkalle på landet eller i byen ialfall. Yverskya, upplett, berre um morgon lidt snø. Fin sunnavindskjøle, seier dei, båra hev eg gløymt burt. Eg hev trava vide um i dag ogso. Morbror var med meg fyremiddag, Olav ettermiddag. Eg var på festningi i Strandgata, døvstumforeningen og mange andre stader, so no er eg so kjend at eg kan gå mest dit eg vil. Jaha forsømde å gå til doktoren i dag kontortidi var frå kl. 9.11. Eg føler meg ikkje riktigt frisk i dag. Det er liksom det grev meg ned fyre magen, kvatslag det er. Morbror og Olav er på døvstumforeninga og les bøker. No sundagskvælden dreg atter tankane heimyver, kor bra eg hev det er, so treivst eg betre heime lell. Tru kva dei gjerer der no? Dansar og morar seg vel? Det hadde vore moro tru og voret der, men so vonar eg det skal ikkje verta so lengje fyrrende eg fær sleppa heimatt. Dei er bra friske alle her med morbror. Morgo: Kaffi og kveitebraud, Til frukost kaffi og finekaker. Til middag kjøtkakor, suppe – sos – potete, kaffi kveitebraud. Ingen nonsmad. Til kvælds The og finekaker. Eg hev byrja lesa i *Heltinden på Kuba*. (Bergen kl. 10 ½ Em)

**Måndag den 12<sup>te</sup> februar.** Sømleegt ver på landet i allfall. Fint

Yverskya heile dagen frisk vind frå Sud. Korkje kald eller varm millomtempratur. I dag hev eg vore hjå doktoren 2 gonger. Han tok 3 gonger utaf villkjøt, polyper kalla han det, det gjorde tvært vondt. Ellest hev øyra vorte meir sår ”om” no som fylgje af at han tok villkjøtet burt. Det kom ogso blod utaf då. Gjev eg måtte verta snart god igjen. Det er so leitt å vera sjuk og ligga under behandling, helst for meg som er litt nervøs, toler ikkje mykje smerter fyrr eg skjelv. Det gjerr eg ofte berre ved tanken på det. Beinnet attafyr øyra er litt beteke, og det kan verta fårlegt viss det slar seg til der, fyr då lyt eg uppererast og det vert ei ”lang historie” sa doktoren. Vonar det ikkje vil gå slik. I går sende eg brev heim, og i dag skriv eg eit som eg vil senda imorgo viss gud forunner meg helsa. Det er so mangt som kjem fyr meg no med eg gjeng her, men det er for noko anna og som skal lækjast, eg veit det ikkje sjølv mest, det er so rart, underlege følelser, langt burte er eg frå far og mor, eg lengtar etter dei ynskjer at eg

kunne vera lytelaus og arbeida som ein hund for å gjengjelda den kjærleik og omsorg eg hev vore vist av mine gamle arbeidslitne foreldre. Gjev dei fekk det godt på sin alderdom. Morbror saumar uafladeleg. Olaf gjeng på skofabriken. Eg gjer ikkje noko, berre pjaskar og les og passer øyret. I dag hev eg ikkje voret ute noko sers. Til morgo åt eg Kaffi og kveitebraud, kaffi og kakor. Til middags kaffi og kveitebraud, fisk og poteter, supe. Til nons kaffi og kakor. Til kvælds graut og skyr (mjølk). Eg er bra af hoste no. (Bergen kl. 10 Em)

**Tyrsdag den 13<sup>de</sup> Februar.** Mot heimen sviver alle mine tankar. Tru kva dei gjerr på no der? Tru kor det gjeng på fisket? Skal tru um det er bra veir? Skal tru kva dei rødar um, um kvældsarne. Tru kva dei tenkjer um meg. Her er so stilt. Eg reknar det huslege live. Eg gjeng her mest som ein dauv, eg isamen med dei andre. Eg kan ikkje gjera meg forståeleg noke berre nikkar! Vil eg ha fram ein tanke må eg skriva møysømelegt. Eg må seia med Veslemøy. Her er kje liv som eg fritt kan tru og ingen einaste er som dei - - - du min heim. Men det er fær nok ikkje hjelpa skal eg verte bra i øyret. Eg må nok finna meg i det ei tid sjå kor det tek seg ut. Eg var der 2 gonger i dag og. Men det gjekk lett af seg, skulde eg skapast på den måten so skal eg no vera ovseleg glad. Gjev det var so vel. Det renn lit mindre utaf no sa han. Måte det skapast. Eg gjerr ikkje noko. Nokså kjeisamt liv. Berre les og søv, passas øyra naudturvelegt. Korlengje det vil gå i lengden og ikkje gjera noko, veit eg ikkje. Det er so rart. Eg føler at eg er eit unyttig menneskje som berre fell kostnad på. Når skal eg ro meg opp att løna alle som viser seg gode mot. Måtte gud laga det på det beste kjenslorne liksom vanskar, eg byrja meir å tenkja. Tankarne er det einaste som er noko liv i med meg. Men nok um dette. Ein liver ikkje berre av tankar. Folki her er snilde mot meg. God mat fær eg. Til morgo kaffi og kaker kaffi og kveitebraud. Til middags kjøp poteter supe og kaffi. Til nons kaffi og kaker og mjølk. Til kvælds graut og skyr (mjølk) og kake, bra kost. Eg sende brev heim i dag til far. Dei er bra friske her. Morbror syr og saumar. Eg var mykje ute i dag, berre på døvstumforeininga um kvælden og las, ikkje forsto. (Bergen kl. 10-11 Em)

**Onsdag den 14 Februar.** Eg skal no gå til doktoren. I nat drøymde eg um mykje heime. Også ein stygg draum. (kl. 9.50 fm)

I går gløymde eg fortelja um vedret. Det var so vist bra upåklagelegt. Fint yverskya kolrøyk her yver byen frå fabrikkpiporne. Spaklegt helst på nord sa dei. Leid til myrkningi byrja han å snøa, men ikkje mykje han letta snart uppatt. I dag umtrint sameleis, men vinden helst frå aust, spakleg. Han snøa litt kring um middagstider, men letta snart, atter kolrøyk og evig kolrøyk yver byen. På torget er der eit undarlegt liv eit røre so dei knapt ser maken åt. Torsk og sei var der mykje af. Han var no ikkje so stiv i pris helder for dei, men eg syntes han var bra betalt. Fult av folk som eit Babels Tårn. Eg held meg for det meste inne. Lite eg kjem ut. Eg hev kje vore bra helder i dag. Låk i hovudet og no hev eg lit livverk ogso. Men det rettar seg nok. (Vestre jernbanegate, Bergen no. 12, kl. 3-50m Em)

Det falt meg inn og skrive litt um øyra mi. Det virkar lit på høyrsele. Nettopp eg kan høyra eit ur pikka. Støtt og stendig banke det inni nett som af hjartslag, men ikkje so regelmessigt. No følast ikkje sår når eg ikkje kjem burti. Berre beinet atteum øyrebrossten er noko sårt. Grøn våg ren ideleg utaf. (Bergen Vestre jernbanegate no 12 kl. 4 Em)

No gjeng no tidi her i Bergen ogso. Men eg nyttar ho vist ikkje so væl. Eg driv dagarne hen. Men ikkje so mykje ute. Fordetmeste inne. Les litevetta eller og søv. Somn 12 timr døgn.

På tørget var eg 3 gonge i dag. Der var eit undarlegt røre. Folk og fisk, fugl og stril alt i eit røre. Mykje torsk, um morgon var han dyr, men til kvælds fall han til 40 – 50 – 60 etter størrelsen, sømeleg pris. Hjø doktoren var eg 2 gonger i dag og. Det held seg med det same ikkje verre og ikkje betre synes eg. Beinnet attum øyra er framleis likedan. Doktoren sa i dag at han trur det må upererast for å få materien ut. Gjev han fekk den ut på ein annan måte. På døvstumforeningen var eg i kvæld ogso. Eg og morbror spelte dam. Eg tapte 5 gonger. Morbror vann bestandig. Ideleg og ideleg sviver tankarne mot heimen. Der hev eg i sømne og der er tankarne når eg er vaken og. Eg hev ikkje fåt brev heimafrå endå. Til morgo kaffi og kveitebraud, kaffi og kake, brød. Til middag grisepylse og poteter og supe, kaffi og kveitebraud. Til nons kaffi og brød, kake til kvælds. The & kake & brød og fiskehovud. Tru kor det gjeng med fiskeriet heime. Veret er bra. Til same som fyrr i dag. Ikkje sers kald. Olaf kjem frå fabrikk kl. 6 ½ um kvælden.

**Torsdag 15 Februar.** Det er mest som det vil snøra seg saman um hjartet på meg af inderlengting etter heimen. No i fiskjestidi då det er mest livlegast der heime då lyt eg gå her i Bergen millom framande ukjende menneskjer, og dei få som eg er isaman med, dei er dauve. Ikkje forstend eg det mindste af kva dei teknar og ikkje dei kva eg seier. Å dette livet skal eg uthalda fleire vikor, seier doktoren. Slektingar gjeng her liksom ukjende fyrr kvarandre. Eg vert mest som dauv eg og, ikkje lat upp munnen mest heile dagen. Og heimen saknar eg sårt. Det er liksom det gjeng ei kjensla gjennom meg i slike stundar som seier: Når du atter fær koma heim, frisk og sunn, vil eg aldri forlata han meir, nei aldri, aldri! Og til alt dette er eg yrkjelaus ingenting å gjera, kven kan uthalda det i vikevis? Liksom hjartet stryper seg i meg når eg tenkjer på det. Ingenting å tena fyrr meg, men mykje mykje pengar til å leggja ut. Kvar skal det koma frå. Sjukdomen eller meinet eg hev, er so ubetydelegt å sjå til, ingen kan tru det feilar meg noko, eg er fullt arbeidsdyktig føler eg, men eg er framand, ukjend, heimlaus og likar på leiken illa som gamle Ivar Åsen sa. Eg hugsar det er ikkje so frakt med far og mor helder. Dei er no gamle, trøyte af eit ærlegt dagsverk, kruna er åt å verte grå af slitet og slæpet. Eg som er den yngste, og som dei hev ofra mest af sit slæp, mykje af sine pengar, eg er no komen so vidt at eg skulde til å gjengjelda, gjera det godt fyrr dei på sine gamle dagar, løna all den upofrelse og kjærleik dei hev vist meg, men kva hender, på meg lyt dei no til å kosta meir pengar og hjelp. Nett som eg stod i mi ljostaste von um å arbeida og slita og slæpa, nett som eg stod og tok sikte på eit mål i denne verdi, nett som eg meg store forhåpningar og voner då eg skulde taka fatt på livet med heile ungdomens glødande iver då brast det, alle mine luftslotti sakk i grus, eg møtte hindring, sjukdom, ubetydeleg å sjå til, so at eg ikkje vyrde det noko fyrr det fyrste, fyrst då eg såg det ikkje vilde lækjast, tok eg til å sjå på det med andre augor. Men eg drygde vist diverre forlengje for hadde eg gjordt alvor af det med same, so hadde det vist gått lettere med å lækja det, spart mykji tid og pengar. Men no, no vil det gå heile vinteren seier doktoren fyrr eg vert god att. Det er so lang tid, mest ubegripelegt. Kva namn sjukdomen hev, hev aldri doktoren sagt meg. Berre namnet materie, materien hev også beteke beinet bakum øyra, men kvar kjem då materien frå? Og kva er materie for noko? Må eg spyrja meg sjølv; men eg kan diverre ikkje svara, eg er ikkje doktorar. Men doktorarne som veit det, korfor fortel dei ikkje oss lidande um alt, um dei djupaste grunnar og ellest alt vedrørande vor sjukdom. Korfor er dei so ordknappe med oss? Er det noko dei vil eller skal halde dult, er det ikkje urett at me skal vera so likevis med vort

likam? Men kva råd er det med det? Gjev eg vart god att i øyra mi. Må gud hjelpa meg til å halda ut alt eg måtte koma til å lida fyrrenn eg vert god igjen. (Bergen kl. ½ 1 Em)

Himelfagert ver for den som var uplagd til å njota det, men eg er diverre blind for det fagre. Solskin, speglklårt berre kolrøyk låg yver byen. Stil og spakleg, helst frå sud-aust, seier dei. Kjøla stend frå. Millom kulde og varme, men helst kulde. (Bergen kl. 3 Em)

Tru kor veret er heime? Det vart ei forandring med øyret mit i dag. Tett fyrr eg skulde gå kl. 4 snytte eg nasen min, og då hørde eg sodan pipande lyd i øyret. Eg gjentok dette ein gong til og fylgja var den same. Dette fortalde eg til doktoren, og han sa at der no var hol på trommehinna og at det var vinden som kom ut gjennom holet når eg tepte nase og munn. Forundarlegt, menneskja kan soleis poste på 3 stader. Enten det verka til det verre enn til det betre gat han ikkje noko um, ein undarleg fyr forresten. Pratar ikkje mykje. Han er ein mann umkring 30 – 40 år. Eg var der tvo gonger i dag og. Og eg slapp frå det utan smerte, noko som var noko litegrand. Men slepp eg so lett frå det, so skal eg låta vel, um enn tidi vert lang. Verst pengarne og arbeidsløysa og heimhugen. Morbror saumar. I kvæld vil han fylgje meg til Peter Ullhammer. (Bergen kl. 6-40 em)

I dag fyrst fann eg eit menneskje som var kjendt og som eg kunde snakka med bruke munnen. Det var liksom eit lettelse og sjå eit menneskje frå heimbygdi, få tala um alt som ein kan litt på. Det var Peter Ullhammer. Olaf var med meg til honom. Han vilde koma hit til han morbror sundag, sa han, og då vilde han vis meg ikring, sa han. No hadde han ikkje tid. Mykje leksa og læra. Byen ligg som i eit strålehav. Kring Lungegårdsvatnet er det fint, gaslygterne kring med strenderne i fine rader. Fint iluminert å sjå til. Husi er mykje høyre enn i Ålesund, og so er dei af stein. I Ålesund berre trehus. 4 – 5 – 6 høyder er det almindelege her. Fullmånen lyser på himelen, stjernerne likedan. Himlen er blå og rein, og svært kald er han og i kvæld. Spakleg. Eg er so innelukt af store hus at eg er mest likevis kor det er med vinden og båra henne hev eg aldeles sakna. Dei er reint snilde mot meg her. Mat fær eg både mykje og godt. Til morgo kaffi, kaffi og kake. Til middags fisk og poteter, rogn, lever, brød og sago supe. Til nons kaffi og brød, kake. Til kvælds the, kake, brød og fisk. Morbror og Olaf på døveforeningen. Eg sendte brev til Mathias Langseth i dag, men eg hev ikkje fåt brev heimafrå endå. På torget var ikkje fullsamt liv i dag, mindre torsk og mindre folk. Men no vert eg forundra på meg sjølv, kormykje eg skriv i dag. Naja det er so. Eg hev ikkje anna å gjera no enn å tenkja og skriva og lesa. Eitkvart må eg driva tidi med, men det er nok ikkje stort rettar de? i det. Berre tidsfordriv. (Bergen kl. 10 Em)

**Fredag d. 16 Februar.** No er eg ferdug med ”Heltinden på Kuba”, ei bok på 830 sidor, og hev byrja med L. Dillings: Skitser og Fortællinger. 4 band. Mæskjelegt nok fær eg dagarne til å gå her på denne måten. Men eg må seia det er hugnadlause dagar. Men kan henda eg er altfor utolug. Lite prøvt motegong, skal ikkje mykje til fyrrenn eg sutrar og ber meg, kan henda det er ein stor feil med meg det. Fyrste gangen i mit liv hev eg vore arbeidslaus i vekevis. Det er det som fell meg tungaste, og det er det nok som gjer at eg gjer at eg vantrivst her i Bergen, for det kan eg seia eg gjerr, mit mål mine tankar stend mot heimen, der er mit yrkje, der vankar eg i drøyme um næterne, og der er mine tankar um dagen. Når eg sit slik still og skriv eller les, for still kan ein seia eg hev, lite eg lat upp munnen heile dagen, so er det mest som eg tvila på um doktoren snakkar sant, for eg kjenner då ingen verdens ting i øyret, berre lit banken. Tenkja meg til at det skal gå heile vinteren denne kostbare tidi til å lækja dette.

Berre materie måtte då verta snart gjort å få godt att, kunne ein tru, men det gjeng langt yver min forstand og langt inni presten sit ogso synes eg. Det er eit eiendommelegt tilfelle. So lite smerter og so vanskelegt og lækja. Men eg vil be gud um at han måtte la det verta bra so snart som råd, ogso at han vil laga det so at eg fær eitslags arbeide, so tidi gjeng lettare. Eg gjerr ikkje noko, men eg skriv mykje i dagboki likevæl, men det kjem nok af at eg finn hugnad i å skriva, tidi gjeng liksom lettare då, og lata lit af sine tankar koma fram i skrift, det lettar, svallar liksom med seg sjølv. Folki her han morbror og ho morbrorkåne er snilde med meg, god mat so rikelegt, so eg hev det godt i so måte. Fine dynesengjor å kvila i um næterne. Sofan, gyngje og putestolen kan eg benytta fort vekk, men eg gjeng som ein dauv fyrr dei. Men det kjem af inkje arbeide at eg er utilfreds. Men kvifyr sutra, kan du ikkje gripa fatt på arbeide, du er då ung og mest frisk? Ja no ser eg det, det er berre eit lite anfall af tungsinn. Det gjeng nok snart yver seg; for skal eg sutra for kvar liten motegong, so kan du få nok å gjera. Pytt berre jag all på dør, vera ung og glad som før. Du kan endå få andledning til å ro deg uppatt. So tilbake til virkelegheiti. Tvo gonger var eg der i dag ogso. Han stak hol på fyrr å få meir vog utaf i dag, det gjorde vondt, men ikkje verre enn eg tolde det nokolunde. Eg merkjer ikkje stor bedring synes eg, heller ikkje nokon forverring. Men må gud laga det på det beste. Det er bra veir. I dag sunnavind trur eg og kaldt, yverskya, men ikkje ufyse. Det var ikkje mykje fisk på Torget i dag. Når ”Storfjord” kom kl. 3, var eg på kai, men der kom ingen Frå heimbygdi som eg kjende, berre framande allesamen. I kvæld hev eg søte inne, lite eg hev voret ute i dag. Olaf er på døvstumforeningen, men ikkje morbror og hine. Her er 2 andre dauve og pasierar med dei, men eg forstend ikkje det slag. Til morgo Kaffi, Kaffi og brød, Til middags Fin graut med strøsukker og kanel, mjølk, brød. Til nons kaffe & brød, Til Kvælds graut og mjølk, men me hev kje ete han endå og so brødskiver. (Bergen kl. 9 em)

**Laurdag den 17 Februar 1900.** I dag var eg på ukjende stader i byen radt til Sukkerhusbryggja, so eg tek no til å verta bra kjend. Men eg held meg for det meste inne, for øyra si skuld, men eg må segja eg føler det er trykjande denne evige stillheiti, aldri bruke munnen, den føler mest uuthaldeleg, eg må ut sume stunder berre for å trala meg. Ofte må eg synja, men eg hev diverre gløymt songboki mi. Men eg vert nok vand til dette livet og, eg lyt verta det, soframnt eg vil verta godatt i øyret. Det er no ei vek sia eg byrja søkje lækjehjelp her i Bergen. Men ettersom eg synest, hev eg ikkje skapast mykje, men det kan hende eg tek feilt, for eg hev ikkje stort vit på det, viss so er eg hev komen langt på bedringens vei, so er det ikkje meg imot, slett ikkje, det skulde vere meg ei sann gleder. Måtte gud lækja meg! Det renn nokso mykje utaf no sidan det gjekk hol på, eller doktoren tok hol på. Men beinet attafyrr øyra, det er verste knuten; det fær draga lengst tid. Ha eg søkt doktor fyrr beinet vart betteke, so ha eg nok spart både tid & pengar. No må eg til doktoren. (Bergen kl. 4 Em) Det var nokolunde ver i dag ogso. Han bles noko um morgon, sunnavinden trur eg det var, men vart spaklegare leid til kvælden. Yverskya, halvklårt men upplett. Kald var han det er vist. Eg vart i lit betre humør leid til kvælden. Me tok os ein kjelketur, eg og 4 døvstumme gitar, derimillom Olaf. Eg var intulla i eit stort skjerv, og vottar på henderne, so eg var reint vinterbudd. Me var langt uppum Lungegårdsvatnet, men føret var dårleg, so det vart ikkje stor farti, men det var betre enn ikkje, for det var då ei heil utflugt. Her er fagert her uppe, sers i Sumartidi. Tre stend planta attmed veggen i fine rader, og høgt uppe er det og, og

vintertidi um kvelden er det reint eit storartet syn, og stå yver fyrr Lungegårdsvatnet og sjå ned på den iluminerte byen, tusunn gaslygter stend der rundt Lungegårdsvatnet og huse i bakgrunnen og alt vert uplyst yver byen, liksom eit strålehav. Høgt uppe i lufti lyser tårnuhret i Johanneskyrkja på long leid. Men føret var som sagt dårlegt, so det vart klein Fart! Men utsynet var fagert. Me var lengje uppe i kvæld. Ein døvstum var her og åt til kvælds med oss. Kl. var 12 fyrr me la oss. Ingas son Thomas er bra igjen no. Han trongde 2 vekur. Eg var 2 gonger hjå doktoren this day og. Ha berre ikkje beinet attaum øyra vore beteke, so trur eg det ha gåt bra snart med meg og. I dag prøvde eg for fyrste gong um lukka vil taka fat på meg. Eg søkte munleg kontorpost. Utfallet veit eg ikkje endå, for snøre er i sjøen, manglar berre at fisken vil bita på. Det var no eit forsøk då, men um eg skal rekna det som ei lukka um eg fær plass veit eg ikkje. Han stod ledig avertert i "Bergens Tidende", og dit skulde innsendast ein billett mrk."R tso", og som det stod so gjorde eg. Der var noko fisk på Torget i dag og, men lidt stivar i pris sia det var laurdag. Morbror held Bergens Tidende som kjem ut kvar dag, so er her friske aviser å lesa. Ikkje det mindste brev eller etterretning hev eg fengje heime frå, og i dag sender eg 3<sup>die</sup> brevet til han Far, sumt skreiv eg i går og resten i dag. Det kjem mykje våg utaf øyra i dag og lit blod imillom. I dag åt me til morgos Kaffi, kaffi og kake og brød. Til middags Fisk og poteter & havregrynsupe med mjølk, kaffi. Til nons Kaffi og brødsriver med pylse eller ost på, det hev det vore bestandigt. Til Kvælds The og Brød og Kveitemat, vinabraud og gode sakor. Eg rotar vist altfyrr mykje i hovudboki mi no, eg vil vist rota ho snart full, so eg fær kjøpa meg ei ny. Men det er tidsfordriv i å skriva.

**Sundag den attende Februar nittenhundra.** Eg vakna kring kl. 8 ½. Frå kl. 9 – 10 skulde eg til doktoren ettersom det stod på settelen i troppi. Eg låg og venta ei rid på um ho Mathilde skulde koma med morgokaffien. Mathilde er den døvstumme tenestegjenta deira, men ho såg ikkje ut til å koma, ikkje hørde og ikkje så eg noko og tenkte med meg. Dei lig vist alle endå, for det er sundagmorgon og då plar folk liggja lengje. Men eg skulde til doktoren og difor måtte eg upp anten eg vilde elder ei. Eg bykste fram or sengji og skulde nett til å byta unskjorta; då let ho upp døri og kom med kaffien. So på tvert, kunde du ikkje bida ei rid til so mykji eg kunne få klæ meg anstendig. Tenk i berre skjorta og upknappa armar og hals attåt på ein sundagsmorgo. Mest som me raudna både eg og ho, men me forstod ikkje kvarandre og kunde ikkje gita noko. Ho sette frå seg kaffien stil og gjekk utat som ho kom. So bytte eg um sjorta, fekk lit klæ på meg og drak då fyrst kaffien ho kom med. So byrja eg vaska og pussa meg, ha på dei beste klæderne eg åtte, låna stivkrage med Olav, og fekk han til å knyta på meg det nykjøpte slipse til 10 øre. Og ha på meg konfirmeringstrøya, nyst persa av morbror, og so gjekk eg in og viste meg for morbror og kâni, og tenk dei sa eg var fin både klæderne og andlitet. So bar det til doktoren kl. var då 9-10 m. Kald var han so eg byrja skjelva i mine tynne klæder, men eg gjekk fort og kom snart fram. Når eg kom att, skulde eg sta, sa dei. Fyrst når eg kom fram såg eg at eg hadde gløymt lommeduken min, og eg er lit plaga av snørsykja. Dette var slemt tenkte eg, å måtte snyta meg med berre fingarne og hadde so fine klede. Men det verste var at det var ikkje kontortid endå. Han hadde bestemt det frå kl. 10 og utyver. Eg måtte seta der på det kalde venteværelset og frysa yver ein heil time. Men det fekk ikkje hjelpa. Men eg fekk litt trøyst og i dag; doktoren sa det såg ikkje verre ut um øyra, og at det kjem mykje våg utaf er berre bra. Eg hev aldri gått lettare frå doktoren enn eg gjorde i dag sia eg kom til Bergen. Måtte eg ikkje verta skuffa, men koma til å gå endå

lettare derifrå um ikkje lengje. Då eg kom att, var kl. snart 11, eg fekk meg då mat, god mat, for eg åt til eg ikkje tok meir. Då eg var ferdig med maten, barst det ut att. Då vilde eg og morbror til musæet og sjå der, men du med det vart me skuffa. Då me skulde lata upp, såg me at der stod på ei glasruta ”Lukket på grund af omordning”. Då var altso dette ute, eg fekk ikkje den lukka å sjå det i dag, men kan hende seinare. Me gjekk då å dreiv kring 1 ½ time på ukjende stader og såg os kring, so no hev eg snart vore rundt heile byen. Då me kom att, byrja eg å lesa lidt, og so var middagsmaten på bordet. Det renn mykje utor i dag med, so no er eg bomullslaus og må sta og kjøpa trast. Olav er ute. Morbror og morbrorkåne ligg til middags. (Bergen kl. 3-20 m Em)

Eg sette meg burt til omnen og las, eg las i L. Dillings bøker, so kom der 2 døvstumme, og so barst det ut til hi stova og prata med dei, eg forsto ikkje noko, berre venta og venta på Peder Ullahammer, og tidi leid alt til ½ 5. So kom nonskaffien på bordet, og det barst i hi stova med meg og. Eg heldt nett på å ha fløyte i kaffien då kom Peter, og han fekk kje tid til å setja seg fyr det barst same vegen med honom og, nemleg åt bordet. Alle tok til forsyna seg på alle bauar. Me to pratar um alt me kunne finna på, aldri var me stille. Um skular og kontorpostar var det meste samtalen dreia seg um, og ellest alle themaer som kan finnast på jordi. Me sat der kring bordet og prata til kvart yver 7, for det er lengje sea eg hev havt kameratsleg tale, og dipp brukte eg meg med det gavst andledning. Då gjekk me ute ei stund og dreiv til kl. 8, då laut Peter inn og eta til kvælds. Han kjøpte os kvar si appelsin på Torget, til 5 øre. Han vilde fylgje meg heimætter, men eg forsikra han at eg er so godt kjendt at han tarv ikkje syta for at eg gjekk meg vill. Då vi skildest gjekk eg på torget og kjøpte ei 5 øris apelsin til, og for 5 øre i eple, for eg hadde fåt smaken. Men eg lovar meg sjølv at eg ikkje vil kasta vekk mange ørerne på slik luksus. Slett ikkje i vinter. Eplerne åt eg upp på heimvegen, og då eg skulde gå inn, var her stengt, og eg slapp ikkje inn. Eg laut då på døvstumforeningen dit dei andre var, og der var eg kring ein time, då gjekk tenestegjenta heim og kokte og der er altso åpe. Eg gjekk då heim og tok til å skriva, medan Mathilde var i kjøkenet, renska eg apelsina og åt ho mest med samvitsnag som eg hadde stole ho. Men det kan eg seia. I dag var eg i bra humør. Kva det kjem af, veit eg ikkje, eg trur mest det er af at det er tegn til bedring, eller er det af at eg tek til å venst med dette livet. Det er bra, vedr. Vinden veit eg ikkje kvar han stend frå, eg trur det er frå aust, ellest hev han vore bra skapleg. Halvklårt og kaldt med sundagsno. Båra hev eg ikkje fretta frå. Men nokon verprofet er eg ikkje her millom høge hus. Til morgos åt me Kaffi og kveitebraud, Kaffi og Vienerbrød fint. Til middags kjøt og poteter, sylte og Grønsagersupe, kaffi og kveitebraud. Til nons Kaffi og sukkerkavring og kveitebraud. Til kvælds The og brødsriver, men me hev ikkje ete han endå. Farvel godnat! (Bergen kl. 10 Em)

**Måndag den 19<sup>de</sup> Februar.** I dag hev eg kjøpt for 5 øre i nye pennar, og difyrr er det litt smaklegare skrift på papiret. Eg les og les, ikkje turre kunnskapsbøker, men morosame eventyrbøker, eller forteljingsbøker kva dei kallar dei. Sume liknar mest på romaner. Kva ein rom er for slag veit eg ikkje, anna enn at det er ei bok. Meir lesna gjeng mest ut på L. Dillings *Skitser og Fortælinger* o.s.b. Og so skriv eg litt attåt også og rek litt i gaterne, gjeng på musæar og uso burt. Fint og lett arbeid, krev ikkje sveittedropar, måvita. Men det kan ikkje nektast det er kjeidsommelegt i lengden. Men for ei 8 – 14 dage kan det nok gå som ein leik. Frå kl. 12 og utetter var eg på Bergens Kunstmusæum, og såg på alle rariteterne. Ja, der

var mangt rart og storartet, fullt af Kunst som ikkje eg min bondestauk kunda ha noko vit på. Berre det såg eg at det var pent. Meste tasil såg eg ikkje, eg lyt før gjesta det ein annan dag. Ja du, ad du! For mange storartede belæter der var. Reint vidunderlegt var der, det er sant. Det tregar meg berre at Bergens Musæum ikkje er åpent. Skal tru kor lengje det vert lukkt? Doktoren sa i dag og at det ser betydelegt betre ut inni øyra. Trøystande for meg ikkje sant? Eg hev anda lettare både i dag og i går og tek til å finna meg i dessa taushedsforhold nokso bra. Og i dag fekk eg brev heimafrå, og det som er det mest hugnadssame når ein er på eit framant sted. Det var skrive fredag. Der heime er det stormande skjella, heile 2 revurgs kuling kvar dag. Dei låg heime Fredag berre af di dei var leide af skjellestormen, og so var han attåt bitande kald. Torsdag fekk dei 230, heile deira vikefangst er 800 st. Kor det gjeng med dei andre skriv han ikkje noko um. Hans sin finger er bra igjen og influensa og, so eg fekk no den hugnaden og høyra at dei er friske. Bra! Det er feil ver her i Bergen. Ikkje nokon skarp vind, fin kjøla, men so er ho frå aust her og, og det var ho i fyrige veka også, eg tok vist feilt då eg skreiv ho var frå sud. Klårt, berre litt kolrøyk yver byen alle stader. Soli skin og varmar, men han er kald og likevæl nokso bitande. Både Store og Vestle Lungegårdsvatnet er no ein stor blank is, so det er reint storartet å sjå fyrr meg som er vand med bitte små tjønner. Utpå isen myldrar det med born, so langt du kan sjå, sume er berre som små svarte prikkar å sjå til. Ha eg haft meg eit skjeissepar, so skulde eg vist utpå og rundt meg. Men der ha nett hendt ei ulukka. Ei liti gjenta for nedi, og hadde ikkje 2 kolarbeidara rent utpå og berga henne, so var det vant og vita kor det hadde gjenge. Me er friske alle i huset i andre måtar. Morbror og morbrorkåne syr, Olaf er på skofabrikk, Mathilde er i kjøkenet, og eg, jau eg fær no dagarne til å gå eg og, og det utan noko arbeide. Eg finn alltid på eitkvart nyt, imorgo hev eg uppa Fløyen, vist veret vert bra. Men det er snart tid til å gå til doktoren. Det renn framleis mykje utaf, og smerten i beinet bakum øyra, synes eg tek noko mykji af, måtar eg då ikkje taka feilt, men so synes eg det er sårare inni sjølve øyreholet; men det kjem vel af der vere greve og pussa so mykkji, for eg er ”flittig at tørre du”, som dr. seier. Må eg då ha lukka med meg og skapast snart. (B. kl. 3-50)

På Lungegårdsvatnet gjeng det lystig til. Berre so det myldrar med ungar. No til kvælden tok det til å syna seg vaksne folk. Men det kan ikkje nektast at det er sume som fær seg kalde bad. Eg las nyst i avis at det var 4 gutar på ein gong utfyr Ihodals Vedhuggeri. 3 dat i fyrst so skulde ein berga, men han var nedtrukken af dei andre, og han låg so lengje at han var mest daud når dei fekk fatt i han. Dei vart bragte upp på Ihodals Vedhuggeri af nokre arbeidarar og ein konstabel. Det fyrste guten sa då det kom liv i han var. Korleis er det med dei andre gutarne? Dette sto i Bergens Tidende og yverskrifta var *Eit varsko!* Fint ver som for i dag. Berre ender og ein skytave på himmelen, bitande kald, spakleg, sporvognklirren, jarnbaneramling. Mat, det er mit daglege brød, eg et som eit svin, ja det vil seia, eg er ikkje so urimeleg som svini, men eg knyser i meg i mengde som eit svin. Til morgo kaffi – evindelig kaffi og kveitebraud, det vil seia sukkerkavring, og Kaffi og brødskiver. Til middags steikt sild og poteter og saftsupe & kaffi. Til nons Kaffi og brødskiver. Til Kvælds graut skyr og brødskiver. Olaf er på døvstumforeningen. Eg hev sote inne frå kl. 5. Eg hev kjøpt mykje i dag, papir, trykksakor, mat og delikatesse til beløp 50 øre og so pennar frå for i dag. I morgo vonar eg, eg skal kje leggja ut so mykje. Eg fekk det innfall at eg vilde skriva noko i kvæld, og difyr kjøpte eg so mykje papir, men me skal no sjå kva det vert af det. Berre

rot største voni. Dei er bra friske heime. Nok fyrr i dag. Farvel, godnat, god lukke til i morgon. (B. kl. 10 Em)

**Tyrsdag d. 20 Februar 1900.** Tidsfordriv! er det og skriva. Og eg fær nok dagarne til å skriva lyt eg når eg vil snakka med husets folk, ja eg er so trøytt af di eg arbeide – det vil seia af di eg ikkje arbeider – at eg vinn ikkje meir enn setta meg, remba og strekkja. Atter hev eg søke kontorpost for andre gong, men endå veit eg ikkje utfallet af den fyrste: ”Kan hende eg fær 2 postar på ein gong”. Men so godt gjeng det nok ikkje, helder det motsette. Eg leverte inn til Bergens Tidende kl. 12 middags, so eg fær no prøva det og kor det er å søkja. Med øyra veit eg ikkje kor det er mest. Doktoren sa i alfall ikkje noko upmuntrande i dag. Han synes det munar lite seier han. Det kan henda beinet lyt upererst, og kan henda ikkje. Eg lyt gå her veke etter veke på denne farti; og det synes eg og vera einig med han i. Men so sa han at dei tilslutt lyt koma til å uperera likevæl. Må gud lækja det likevæl. Det gjer so vondt å tenka på at ein skal upererast. Og eg, min stakkar, er so svak og nærvøs, eg skjelv ved tanken. Det renn framleides mykje utaf, men det er ikkje dårlegt tegn. I dag snøa og snøa han uaflateleg. Det er eit hav av grått som fell og fell, so lett at du ser berre eit lite stykkje frå deg. Eg var tenkt meg upp til Fløyen i dag, men det vart sjølvslutta af veret si skuld. Han heldt på i morgo når eg vaknad, og held på fremledes, so det monar nokko. Vinden stend vist frå Nord, ellest er han nokso spakleg. Kald er han det kan ikkje nektast. Eg hev vore inne heile dagen, so det er nokso trist, for her er so stille, trykjande stilt, ellest er dei snilde mot meg reint snilde, so eg kan ikkje fultakka dei. Her er ei masse doktorer i Bergen. 10 11 i Olaf Kyrres gade og 11 – 12 i Strandgata, men eg er ikkje fult på det reine med kor mange dei er. Eg las i Bergens Tidende at dei var samla 37 til ein Fest på Viktoria Hotel. Ein dag det lagar seg so vil eg undersøkja, og få reide på det. Eg er frisk i andre måtar, trur eg, mathug hev eg uppe. No lyt eg til doktoren. (Bergen kl. 4 Em)

Til morgomat åt me kaffi – kaffi og brødsriver. Til Kvælds The og brødsriver. Snøa gjord han heile dagen, letta upp um kvelden, so er her mykje snø i Bergen no. Spakleg er han. Kvar han stend frå den lille kjøla som hev, er eg likevis um. Kald og gufsen. Doktoren vyrde lite øyra mi i eftermiddag, han sa berre at eg kunne koma at imorgo. Det er vist lite bedring. Ho Inger var her ikvæld. Olaf og morbror var på døvstumforeningen, eg på bagersvendenes bacar. Det var fyrste gong eg var på aftenunderholdning her i byen. Det var ikkje noko flakt. Det byrja kl. 7 ½ umt. Då eg kom inn, gjekk eg og såg på all stasen, alle gåvurne som låg på mange bord. Salen var fint dekorert med flag og fint. Mange gjentur, sume nasjonalklædde, gjekk og skulde få nummer. Dei trua og trua meg uafladeleg, og til sist tok eg nummer på i fele. Då hadde eg berre 5 øre at, sea når dei trua meg so viste eg dei 5 øringen, og då laut dei gå. 3 karar spelte mange nummer. So gjekk dei og selde årar. Håre - Tombola, og mange fjas dei heldt på med. So var det på Variete og sjå på Strile komikaren. Det kosta 15 øror. Dit kom ikkje eg. So barst innatt og til med årarne igjen. Medan spelte musikklaget 2 nummer. Pause. Eg kjøpte då fyr 5 øre i Vinabraud. So gjekk teppet upp og dei spelte *Sjauaren og politiasistenten*. (Moro) So kom Strilekomikaren inn og han var endå morosamare. So gjekk teppet ned (klap klap) So barst det på Variete igjen, men då gjekk eg heimatt kl. 10 ½. Då eg kom heim, fekk eg fretta at Stalheims Hotel er uppbrønne. Måtte eg snart verta god igjen i øyra. Gud gjev det vart so vel. Eg ødelagde 25 øre på Bacaren.

(Bergen kl. 10 Onsdag fm)

**Onsdag den 21 Februar 1900.** Atter fekk eg eit anfall af utålmodigheit. Men det er naturlegvis berre svakheit af meg. Eg kjem vist ikkje til å duga til noko som ikkje toler motgang. Eg minnest då eg miste henne ”grådue”. Eg kasta meg på sengi og gret, gret som eit barn som eg hadde vore dengd, ja ein græt ikkje so sårt då. Men då var eg mykje mindre, men det ser ikkje ut til at denne svakheit veks ut med åri, eg hev vist eit gruelegt mjukt hjarte som ikkje toler anna enn sol. No græt eg naturlegvis ikkje, men eg føler meg so tung i sinn, det er liksom det snører seg nedfyr hjartet, eg vert leid af å gå so lengje å venta på lækjedom. Eg føler sodan mektug trong og lyst til å gjera noko, men det er liksom eg ikkje kan koma til med det, eg føler slik heimlengsel, eg vert reint heit i hovudet, det trykjer på meg so eg uvilkårleg må ut og svala meg. Ja du leide tungsinn, kvifor skal du taka fatt på meg som plar vera so lettleva, ja mest som eg tek livet fyrr lett sumetider! Skal dette anfallet vara lengje, kva skal det vera som atter kan upliva meg? Sumetider er mit tungsinn blenda med underleg vemod. Då må eg deklamere ”Veslemøy Lengtar”, ”Du gamla mor” og ”Ein gamall gard” uppi høgt for meg sjølv, då er det mest som eg fær tårar fram i augikråi. Det er ljost, men når tungsinnnet fær rett magt då vert alt myrkt då er det liksom det vil snøra seg for bringa. Det er so tungt. Eg skynar dei må vera ulukkelege desse som er tungsindige, men når so eitkvart lyser upp inne i hjartet, så føles det so godt, liksom ein solstråle der lyser upp i eit værelse. Då kan ein sjå kor tåpelege tankar ein hev faret med i desse tungsinsriderne. Atter minner det os um solstrålen. Kva er då solstrålar for noko. Jau det kan vera mangt ikkje godt å seia, men i det heile ljose tankar eit eller anna arbeide og idetheile det som hjarte saknar som Blix seier i salmen sin: ”Ja hjartet frys og klagar det saknar sol og regn”, men no lakkar det mot våren då alt fær nytt liv eller fornya liv då me fær sol og regn, ja då vert det nok mange glade og letthuga af dei som vinterens kulde trykte og trengte. Då vert nok eg og uppattyngd, umenn eg ikkje hev gamal, ja eg vil då vona eg skal verta bra igjen før endå gjeng det lengje. Men eg er då likevæl ein larv eg som er so gamal og endå veit eg ikkje kva eg skal gjera i livet. Eg liknar eit stort barn som foreldri endå lyt bera i fanget som foreldri endå lyt kjæla for som foreldri endå lyt føda og klæda. Når skal eg byrja sjølv å arbeida for min tilværelse? Og kva slags arbeide skal eg taka meg fyre, eller kva plass vil du upptaka i livet? Desse tvo spurgsmåli stend endå uløyste af meg, lette spurgsmål som ein stadig natur snart vilde løysa, men eg er diverre vist ustadig, skiftande lik tidi. Men når og kvar vil du byrja det liv, det er liksom eg til å tenkja på no i denne yrkjelause Kviletidi mi. Men no må eg til doktoren, og mine filosofiske studier vert afbrotne, det er ikkje stort rettandes i det, for det er som før sagt, berre tidsfordriv, noko som eg triv til når eg vert tung i hugen, for det svarar å skriva som eg hev sagt før. Derfyr vil eg seia: ”å skriva er det same som å trekkja frisk luft for meg, det svarar”. (Bergen kl. 3.55 m Em onsdag)

Ja, det store barnet hev vore med doktoren 2 gonger i dag med. No i eftermiddag undersøkte han meg lengje. Kva resultat han kom til, veit eg ikkje. Han nemde no ikkje noko um operation i dag. Men eg synes verkeleg eg skapast det attum øyra, det er liksom det vert mindre sårt, synes eg. Gjev eg ikkje måtte taka feil. Eg spurde han um det hindra noko um eg tok meg fyre noko arbeide, men han sa eg kunde taka fyre kva som helst, eg kunne lækjast like godt for det. Då eg var færdug med doktoren, gjekk eg til barberaren, og med det var eg so heldig at eg trefte frammi ein Sunnmøring, og det var reint bra, han spurde og eg svarte uafladeleg. Reint hygieleg konfersation, so det var liksom eg kvikna uppatt ved samtalen. Han er frå Ålesund og er gift med dotter til Askevold. No driv han barberforretning i

Nygårdsgaden. Då eg fortalde honom at eg budde hjå ein døvstum familie, og at eg kunde ikkje gjera meg forståeleg med dei sa han at det var slemt for han hev ei syster som hev døvstum so han veit kva det vil segja. Ho er no aflidi. Ja, eg finn no på mangt eg. Eg hev kjøbt for 10 øre i Karbolsyre som eg blanda med vatn. Det smyr eg no på øyra; men eg hev fengje ingi som helst befaling frå doktoren um det, noko som eg i mi utålmodigheit hev funne på sjølv. Um det gjerr nokon skade eller bate veit eg ikkje, men eg resonerer som so, det er no Karbolvatn og det er no sundt, fri frå ureint og betendelse osb. I dag og snøa han litt især frå middagstider og til non. I natt trur eg han var bra upplett. Det er han no, og men yverskya naturlegvis. Kald som det sømar seg vintertidi. Vind, ja det treng Di ikkje um å spyrja meg um, eg ser berre at han er ei liti kjøle mest spak; men kvar han stend frå det veit eg skam ikkje. Mykje snø i gaturne og ungarne kastar snøball so det berre klinger i. Tru kor dei lever heime. Der er det nok moro og kasta snøball der, uf kor leidt det er i desse storebyarne. Ikvæld gjeng Jotunheim nordyver. Ja kor eg skulde ynskja eg fekk vera med, var godatt af alt vondt. Fekk koma heimatt og taka del i alle gleder og sorger, kor lett eg hadde vore då ikvæld det er eg sikker på. Eg sende brev til Mathias Vestre og la eit halvt ark inni åt vore med same. Olaf er på døvstumforeningen. (Bergen kl. 8-25 m Em)

Til middags åt med sume, ansjos og poteter og supe, men eg åt pyste i staden for ansjos; for eg likar den ikkje og so kaffi. Til morgos Kaffi og brødsriver og The eg, men dei andre Kaffi. Til nons Kaffi og brødsriver, Til kvælds The og brødsriver. Morbror hev ikkje vore noko ute this day. Eg hev helde meg fyrredmeste inne for ikkje å verta forkjølt i øyra. Ja, godnat då og heldig og snar bedring ynskjer eg meg sjølv! (Bergen kl. 11 Em)

**Torsdag den 22 februar 1900.** Eg sat nettup og åt um morgoen. Sjorte arma og med eit plag um hovudet. Klokka var kringum 9. Best det var kom Postbudet inn og tenk han hadde 3 brev til meg. Eg vart både forsuffa og glad. Et brev frå våre, eit frå Langseth og eit frå Bjørknes. Eg sette meg plent til å lesa og slutta ikkje fyrr eg hadde slugt alt i hop. Takk skal dei ha alle i hop, fyrr at dei er so gilde å skriva brev, det er rett hugnadsamt. Dei er friske alle vore, Måndag fekk dei 450 st. torsk. Langseth er formann i ungdomslaget og redaktør fyrr bladet "Frihug" i Vestrefjorden. Bjørknes er "hjemme med gjenten sin", som han skriver Langseth. Dybhavn hev Plads på butikk i Ålesund. Gjørven er heime, han hadde i julen ein slem svoll på andlitet. Beinnet bakum øyra skapast vist, so doktoren trur me slepp operation, og det er bra. Men so er det villkjøt meiner han innafyr trommehinna, dei vil han søkja å få turka burt. Han tok i dag eit hol på so vågen renn friskare ut. Det gjorde naturlegvis vondt. Han er bra veir i dag. Solskin og kolrøyk so det berre stend etter. Vinden er nordatte, og det er vist ei heil kjøle. Kald er han naturlegvis. Då eg fortalde doktoren at eg sume dagar hev haft hovudverk, meinte han at eg hev feber i Kroppen, eg skulde koma upp ein dag i middagsstundi når eg var plaga af det. I dag er eg bra, men eg hev låk af snørsyki. (Bergen kl. 12 middag torsdag)

I går ettermiddag gløymde eg å skriva i dagboki. Frå middag og utyver til non var han med Dillingsskytave på han. Vinden frå Nordaust, fin kjøle berre. Leid til kvelden var han mykje kaldare, men framleis klår. Olaf var sta og rende på kjelke, men eg var kje med. Eg var ute med Peter Ullahammer og røda um alle dei brevi eg fekk og so burtetter, eg var der til kl. 7 ½. Eg læs og skriv fyrr det meste i heile går ikkje noko ute. Eg held endå på med Dillings sine. Dei er noko intresante. Doktoren sa i ettermiddag at det tekna seg betre ut inni øyra no sidan

han tok hol på. Men det gjeng vel seint endå med det beinet med det, og eg reint forundra på at det skal gå so seint, so lite som det smertar, men det hev nok sin grunn. Gud gjeva eg måtte verta bra at snart. Doktoren sa det at ha han uperert so ha det gåt snarare, og det trur eg so gjerne, men so ha det nok vorte vondt og kostbart og kanskje farlegt. Til morgo åt me Kaffi og Kaffi og brødskiver. Til middags Flesk og kjøt og poteter og tjukkerter, Kaffi. Til nons Kaffi og brødskiver, Kaffi og Kveitebraud, til kvælds graut og mjølk og brødskiver. (Bergen kl. 10. Fredag Fm)

**Bergen Fredag d. 23 Februar.** Bra veir i dag, ikkje riktigt klart, men lettskya. Upplett. I natt var og this day hev han vore svært kald, det kaldaste han hev vore sea eg kom til Bergen, det er fyrste gongen eg hev seet glasruterne hev frose. I dag og hev han vore svært kald. Vinden frå aust, men spakleg. I dag søkte eg atter på kontorpass, eg leverte billett til ”Bergens Tidende” kl. 4 ½ Em i dag. Utfalle af dei andre søknaderne veit eg ikkje endå. Truleg fær eg ikkje nokon plass. Med doktoren hev eg vore 2 gonger i dag og. Det gjeng ikkje fort med bedringi, men so trur eg no det rettar seg, og det trur doktoren også. Han vonar han slepp å uperera, og det synes eg er bra. Gud skal ha tak, og eg bed han um å fullføra verkjet so eg vert heilt frisk. Det renn ei masse med materie utaf no, og so stort hev holet at eg mest kan svelja luft, um ogso lufti gjeng ut villa vek, når eg tepper nasen, i beinet bakum øyra klunkar dei i når eg slår på , liksom ein hola stein, men eg trur det ikkje er heldig og trykkja og klembra slik på beinet, eg vil agta meg for det heretter. Olaf er no burte og renn på kjelke, eg er ikkje med eg held meg inne for ikkje å få kulde i beinet. Morbror hev det travelt med å sy, morbrorkåne og Mathilde hjelper til, dei er glade no sidan dei hev so mykje arbeid. Då eg var færdug med doktoren fyrste gangen, gjekk eg på Posthuset for å sjå kva tid Storfjord gjeng frå Florøy. Det sto kl. 4 ½ , altso skulde han koma hit kl. 1 ½ etter dette. Eg gjekk heim, å beslutta meg til å gå på Kaien når han kom um ettermiddagen. Kl. 1 ½ var me eit stykkje burt i gata då møtte eg han far. De kan tru eg vart både forundra og glad då eg såg han. Eg slapp altso å gå på Kaien, eg fulgde han tilbake åt Morbror, og de kan tru dei og vart forsuffa då dei såg honom. Dei slo i hop henderne af forundring og glede. Det barst då til å røda saman inn, alt me kunde hitta på. Far fortalde at han ikkje kunde få sova nat til Måndag, berre for otte fyr meg, og det berre var mi eige skuld, som hadde skrive sodane tullete modlause brev um min tilstand, eg er då ein stor tull tenkte eg med meg sjølv, og det tenkjer eg forresten ofte, men det kjem vist ikkje til nokon bedring med meg på den måten helder. Eg tenkte med meg sjølv at fyrr eg skal skriv slike modlausste og nedslegne brev før skal eg lada vera å skriva, og den tanken trur eg, eg vil realisere også. For dei fekk berre otte og bekymringer af desse mine 2 siste brev. Men so er eg glad ved å tenkja på at dei hev so stor umsoing for meg, at dei upofrer kostbar tid og pengar for å koma å undersøkja min tilstand. Kva kan ikkje foreldre gjera for det dei hev kjært? Dette uperationskriveriet mit, hev skræmt dei liksom uperstionssnakket åt doktoren hev skræmt meg, men eg angrar no på at eg hev vore so svag at eg hev lite mine utålmodige tankar koma andre ihænde, dei hev volt berre sorg og otte, eg skal vakta meg for det fleire gongar. Men lat eg no ikkje berre vere misnøgde med at far kom, tvert imot eg er glad som eit barn. No fær eg snakka og forklara meg tydeleg, fortelja at desse mine brev var berre tung sinsfantasier, som ikkje dei skal agta på um dei skal koma på seinare. I ettermiddag hev eg haft det reint hyggelegt, eg hev ikkje prata so fyrr heile

tidi sidan eg kom til Bergen. Ho Josefina Rogne er død af Tæring Sundags kvæld. (Bergen kl. 9 ½ Em)

Eg vart afbroten i skrivingi af kvældsetingi. No er me ferdugt. Eg hev åt og lærer at teikne no. Vore hev fått 1250 på båten. Knut og Lauris same fiskeriet. Fiskeriet er dårlegt atmed heile kysten, so fisken kjem vist til å verta dyr i år. Der nord på Sunnmør hev vore eit stygt veir medan det her i Bergen hev vore englever mest. Storm kvar dag av skjella eller nordausten, so det hev vore landlege mange dagar. Dei er friske der nord no influensa er reist, hosten bra, berre snørsykja som regjerer endå. Ettermiddag hev eg vore inne, hev kje lose stort, berre røda og røda. Til morgo åt me kaffi, kaffi og brødsriver. Til middags Fisk og poteter og saftsupe og Kaffi og kveitebraud og vinabrød. Til nons Kaffi og Kake, rogn- og heimekaker, slikt som han far hadde med seg, kveite-vinabrød. Til kvælds same kakeprogramet, men The og egg attåt. De skynar eg hev god ---- å verta feit på slik mat, vist ikkje eg hegdar meg. Olaf er ikkje attekomen frå kjelkebakken endå, ja so Farvel og godnat då. Hev ikkje tid til å skriva meir i kvæld. God bedring. (Bergen kl. 10.20m Em)

**Laurdag d. 24 Februar.** I dag var både eg og far med doktoren. Far spurde honom um mangt vedrørende øyra mi, men fek umtrint dei same opplysninger, som dei hev fåt med meg tidlegare. Han spurde um det var fårlegt å operera beinet, men doktoren sa det var ikkje det, han hev gjort det ret som det er. Eg måtte då på Klinikken nokre dagar, og so kunde eg flutta og bu der eg hev budd. Han spurde um det ikkje var nødvendugt å sprøyta inn, men det var til ingi nytta svarte doktoren. Berre turke ut vågen trottugt. Snakket um operation heng i ein tråd endå. Vid det ikkje gjeng til fullnads tilbake, so er det ikkje tale um noko anna en operation, men eg vonar at Gud vil gjera det godatt likevæl so me slepp den kvia. Det kan vera fårlegt, også slik som det artar seg med beinet, vis det kan slå seg innover åt hjerna. Ho er med same synes eg i dag som i går, beinet er trute endå, det er svært seigt fyrr det gjeng utaf, men eg vil von det skapast, og doktoren lovde å gjer sit beste. Far skal reisa i kvæld kl. 10 ½. Det er hol på trommehinna, og doktoren ymta um at det kan henda eg fær ikkje høyra godt på denne øyra for ettertidi um eg vert godatt, og det vil eg no vona, det er då mi inderlegaste bøn, til han lækjaren der uppe, yver alle lækjor, måtte han hjelpa meg å verta godatt snart. Og slike gode foreldre som eg hev, dei vil ikkje spara korkje tid eller pengar på meg berre eg kan verta godatt, måtte Gud hjelpa meg so eg fær løna dei fyrr deira kjærleik og upofrelse, sanneleg hev dei mykje sorg og otte af meg, dette gamle barnet, men når skal dei få gleda af meg? Eg føler meg vel tilfreds no, det er mest som eg føler meg heime, for no hev eg far min atmed meg, han atvarar meg og tøyser meg, bed me ikkje syta for noko, eg pratar um alt eg kan hitta på. Eg er lit ør i hovudet no, men ikkje mykje, og so hev eg litt livsykja, som fylje af den gode maten eg åt i går, men det vert eg snart godatt af berre bagateller. Han er læ i dag, snøen lækar, lit regnfauk er det og, men ikkje mykje, frisk sunnavind trur eg det er. Himelen tungskya, det vert vist umbyte med veiret. (Bergen kl. ½ 1 Em)

Ja no er far reist, atter er eg åleine med mine tankar. Kl. 4 gjekk både eg og far ut. Eg vilde til doktoren, og far vilde på Torget å sjå på strilen kor han selgte fisk. Doktoren tok ut af villkjøt igjen, det var åt å voks ut, atter so vågen (materien) fekk ikkje afløp. Det var so rare no tykte eg en, det var sist og, det kom vel af at det var friskare no, ikkje so mykje rote. Det er truleg det gjeng seint når ein skal halda på slik å riva i det gong etter gong, so det ikkje fær gro atter. Då eg var færdig, gjekk eg på Torget, og så gjekk både eg og far upp til Inga då var

kl. 5. Der sat me då å prata med tenestegjenta og las avisen ei rid. Ho Inga var uppe med han morbror, mannen hennar var på skofabrikken. Han kom at kl. 6 ½ og so sat me å røda um alle heimatt, då var kl. 7 ¾. Dei betalar yver 300 kroner i husleige der, og på fabrikk mest 300, so dei betalar 600 kr i det hele, so det skal mykje innkome til skal dei stoppa det kostbart å uphalda seg i Bergen. Då me kom til han morbror var kl. 8. So sette eg meg ned å skriva eller rota eit brev til han Knut-Karl som eg flidde han far, altso sparte eg ein 10 øring. So kom kvældsmaten på bordet, og det var liksom med blanda vemod eg åt han. Skaltru det er siste målet eg har i Bergen isamen med han far, tenkte eg. Skaltru han far kjem fleire gonger til Bergen? Mange rare tankar. Då me var ferduge me kvældsmaten, var det tid til å bryta upp å gå på kaien. Morbror og Olaf og eg fylgde med, me brukte sprovogni og Olaf betalte for alle 4. Det var kjekt å fylja sprovogni. So var me då på kaien alt til ”Storfjord” gjekk kl. 10 ¾. Det kom då sodan underleg lengsel på meg, gjev eg kunde vera frisk so eg kunde få fylgja med, mot heimen, og på same tid kom det eit spyrsmål fyre meg, vert det mange vikun fyrr du kan få reisa på same måten og dine vener stend på bryggja og vifter deg Farvel. Det var ikkje tungsinn, men ein underleg fager følelse. No var landgangen teken inn, og me var skilde, for kor lang tid? var det neste spørsmål, ja eg vonar det ikkje skal vera lengje, og må gud lata mit ynskje gå i oppfyllelse. Når me gjekk heimatter var det atter stilt og tomt, atter var eg åleine. Men tak far fyrdi du kom, du var då ein solstråle som lyste upp, og etterlet deg litt skin litt ljøs. Tak fyr det du ha med deg, eg fekk nemleg 40 kr. og mykje både mat og klæder egg osb. Måtte eg ikkje koma til å leggja ut meir enn det eg hev med meg no med pengar. Me la oss ikkje fyrr 11 ½. Han gløynde brillerne sine. Desse tvo dagarne var dei kjekkaste eg hev haft sidan eg kom til Bergen. Det var bra upplett frå midag og uttetter til kl. 5 – 6, men so byrja han å regna til kl. 9 – 10, men då vart han uplett og kjøkkande stilt, før var det ei lita græla frå sud. Han var bra la so snøen minka fort, og det er dårleg før i gaturne no. Eg hev lose ut Dilling sine bøker no. Alle tilsamen eit verk på 1430 sidor. Til morgos åt me kaffi og kveitebraud. Kaffi og brød – kakeskiver med heimesmør og egg. Til middags Kjøtkakor og poteter med sos og havregryn-mjølkesupe. Kaffi og kveitebraud. Til nons Kaffi og brød. Kakeskiver med sylta flesk osb. Til Kvælds Kake og brødskiver og the & heimesmør. Fin graut med strøsukker yver og mjølk. De kan skyma eg stend i fare fyr å verta feit på slik kost. Ja no må eg slutta for i dag med det ynskje. Måtte øyra mi bedrast snart!

**Sundag den 25 Februar 1900.** Eg hev vore med doktoren this day og, det er berre ein gong um sundagerne. Han tykjer det minkar med hævelsen i beinet og det kan henda, men eg kjenner ikkje nokon forskjell på sårheiti på ein dag. Det rann ei masse utaf i natt. Veret er bra. Uplett men yverskya, kjøla frå sud, spakleg. Nokolunde mild, snøen hev minka i gaturne. Eg er låk av snørsykja. Olaf er på døvstumforeningen. Mathilde også. Morbror er ute og spaserar. (Bergen kl. 12 middag)

Eg vil ikkje skriva mykje i dagboki mi this day. Det er no kveld, og mine tankar dvælar ved heimen, det er so fagert å drøyma. Tru kva dei moroar seg med der nord no? Tru kva dei tenkjer um meg, um dei er ottefulle for meg? Tru kor veret er der. Den som kunde vera der ei liti stund i kvæld, det skulde vore moro og hugnasamt. Men det ein ikkje kan få, det nyttar ikkje tenkja på, sa fanten. Det er berre tøv og plaga seg med myrke tankar, klaga og bera seg, det er til ingi nytte berre gjer livet svart, nei berre tak alt lett, ikkje syta. Tak det alt med tolug mod som Ivar Åsen segjer, då gjeng livet so lett og ljost. Med øyra er same talmet. Det renn

og renn, bankar og bankar, og beinet er endå litt sårt, men litt mindre en før. Det gjeng seint. Peter var her ei liti rid frå kl. 5 ½ - 6 ¾. Han hadde sti vagt på Bergenhus frå i går kl. 5, og han kunde ikkje koma før. Me prata for det meste um krig og militærgreidur, politikk osv. Tidi gjeng snart når ein fær prata, og det er ikkje so ofte no med meg, men eg lærar meg å vera nøysam på den måten. Eg er nokso still og tagall, heile dagen på sin tamp. Han måtte innat å lære leksorne sine kl. 7, og då gjekk eg på Døvtumforeningen der eg var til kl. 9. Mathilde var i besøk. Eg var litt svimmel i hovudet kring middagstider i dag og eg tenkjer ofte på kva det skal koma af. Tru kor langt nord han Far er komen no? Må eg snart verta god att i øyra, det ynskjer eg støtt og stendugt, og gud gjev ynskje mit må gå i upfyllelse for du hev då all magt. I nat drøymde eg so stygt. Eg drøymde at dei upererte beinet bak øyra, og at eg låg bedøvet 2 vekur, men då var eg god att. Eg drøymer ikkje so ofta um heimen no som før medsame eg kom. Han hev vore upplet og mild veret i heile dag, millom læke og frost. Halvklårt. Spakleg, kjøla frå sud. (Bergen kl. 10 ½ Em)

Til morgos åt me Kaffi og kveitebraud, kafi og Kakor og brødskiver. Til middags Kjøt og poteter og supe, kaffi & kveitebraud. Til nons Kakebrødskiver & Kaffi. Til kvælds The & kake & brødskiver og egg. Det er ikkje mykje skrive i dag. (Bergen 3 ½ Måndag Em)

**Måndag d. 26<sup>de</sup> Februar 1900.** Det er bere å vera heime og lengta ut enn å vera ute og lengte heim. Det er rart med desse digtararne, dei liksom kjenner alle menneskjers følelser, og kan syngja dei ut. Sjå t.d. Garborgs dikt "Veslemøy lengtar", er det ikkje naturlegt: "Å vesle du kor eg lengter her ----- Den brune hei, den fekk eg kjær, so kan eg og syngja; for eg lengtar og hev kjær heimen som aldri før." Men um me kjenner gråt og gru, og saknad sår, so skal me lærkesongen tru, han lovar vår! Ja kjære vår kom snart og loysa af vinterens kulde. Det er reint bra ver no, men for i dag var han heilt yverskya no er han klår og solskin. Snøen minka meir og meir, so her er lite att i gaturne no. Vinden er frå nordaust no, for "på sø", og det er vist frisk rausar, men eg er likevis forresten. No skal eg til doktoren. (Bergen kl. 4)

No er eg nettop færdug med boki "dyrebare erindringer" fortællinger frå det virkelege liv samlede af W.O. Det var ei god lærerik bok på 320 sidur. 6 fortællinger var det i henne, mest um almindelege bondefolk, um elsk og kjærleik um trengsler og mykje møda, um lukelege og ulukelege, um styrkje mot fast vilje og kjærleik, og kortsagt um det menneskjelege livsvegar på kroks og på tverts, um spennande avgjerdsler osv. Ja det er no bra for meg at eg hev bra bøker å lesa, for dei er ein god ven å taka til i leduge stunder. Og eg hev no nok af leduge stunder no for augneblinken, so eg hev ikkje anna å gjera enn å tenkja skriva og lesa. Men eg vonar det retter seg. Tvo gonger var eg med doktoren this day og. Det stend mest på same naglen med øyra. Doktoren synes det er merkjelegt det gjeng so seint, so det munar vist lite. Det renn mykje utaf endå, når eg tepper nasen so gjeng vågen ut gjennom øyre fort vekk. Han gjorde ikkje noko sers i dag, men snakka um at der må takast villkjøt utaf igjen. Det er no reint klårt, snøen på gaturne er burte, berre skjitt og lort atter. Vinden Nord eller aust. Bra veir forresten. I morgo trur eg, eg vil oppå Fløyen dersom det ikkje kjem hindringar i vegen. Olav er på Døvtumforeningen i kvæld også. Morbror hev det travelt med å sauma. Ho Mathilde hev vaska klæder i dag. Eg var på Sukkerhusbryggja i dag, såg Bergens Sjukehus og Teathret. Vis eg skapast so, vil eg det ein kvæld å sjå kor der ser ut. Eg gjeng ikkje ofte på underholdning. Med Kontorplassarne veit eg ikkje kor det gjeng. Eg hev ikkje fengja

besked. Eg sende brev til Mathias Langseth i dag, inni ha eg noko vrøvl til bladet deira Frihug, som han bad meg um. No kom avisa "Bergen Tidende" . (Bergen kl. 8 Em)

Det ser vist ikkje bra ut for boarane no. Engelskmennerne vert vist fyrr sterke, ettersom avisa fortel. Ingen postar leduge. Til morgo Kaffi & kaffi & brødiskiver & egg. Til middags 10 øra pylsor feite og poteter og supe ikkje ettermiddagskaffi. Til nons kake og kaffi. Til kvælds Havregraut og skyr og brødiskiver. Eg hev ikkje skrive mykje i dagboki desse 2 dagarne, men de skal få meir ein annan dag når det høver seg slik, eg var litt tummelumsk i hove i dag og. Trykkjande (Bergen kl. 10 20/60 Em) stildt dag, lang.

**Tysdag d 27<sup>de</sup> Februar 1900.** I dag hev eg vore trottug å lesa, ja eg hev ikkje gjort stort anna. Eg hev løse ut boki "I Livets Storme" på 406 sidor af Eammilla, eller Kva menneskja sår skal ho hausta, som er tråden som gjeng gjennom henne. Ho er bygt på religiøs grunn, so det er ei lærerik og god bok, som ein kan hava nytta af i livet berre ein agtar på alle sanningar ho inneheld. Ja det er verkeleg mange stormar i livet, det ser eg allereie, men det er få som kan bera alt med ubøygd rygg. Ja det er rart med desse forfattarrarne det er liksom dei kjenner alle folks kjenslor og veit å tolka dei i sine bøker. Ja det er kjekt å lesa å læra vinne livets erfaring, for "livets skule" er då den beste og mest "praktiske", som dei seier. Ja i dag hev eg løse so mykje at eg hev fåt vondt i augorne mine. Dei er so såre at det er nettup eg kan sjå skikkelegt og rolegt på ein gjenstand utan eg må blunka og muta dei attunder, liksom glira. Eg trur eg må til doktoren dersom eg ikkje skapast. Eg er ved godt mod this day, lett i hug og sinn. Eg tek til og venst med dette rolege livet no, so eg føler meg nokso tilfreds, eg er berre leid fyre at eg var so leid og kjeid og utålmodig på fyrste handi berre. No i kvæld kl. 6 ½ fekk eg 2 brev heimafrå og, eit frå han Hans og eit frå henne Josefine. Det gjorde sit til å seta meg i godt humør. Josefine skriv varmt og underlegt bed meg kasta alt på Herren, og lat han syrja for resten. Hans også skriv varmt, han fortel um alle prøvelser han hev vore frammi, bed meg og taka det lett og frimodig. Der var nokre karar som la ned telefonkabelen no nyleg. Far til ein af dei hadde eit tilfelle i øyra sameleis som eg um trint, han var under lækjebehandling i 3 månar fyrr han vart godatt. Han laut nok taka det med ro han også. Der er lite fisk der nord no. Dei drog 50 garn Fredag og fekk 140 torsk, so eg kan ikkje græmma meg ved noko tap af vinterfisket serdeles. Karl, farbror og Mathias var i Vestrefjorden med Storebåten sundag. Dei er alle friske til brevdatoen, og det er bra. No er far heime tenkjer eg. No hev dei fåt fretta frå meg nøyaktigt tenkte eg. Ja tak for brevi! Det er min største hugnad å få brev, serleg heim frå. Eg var hjå doktoren 2 gonger this day og. Det gjeng vist lit fram, men svært seint. Han rådde meg til å taka meg litt arbeide, og gjeva meg i tål her ei stund, gå 1 gong fyrr dag sa han, for det er overflødig 2 gonger meinte han, det vert langdrag. Det renn mykje utaf endå. Hævelsen i beinet minkar, seier doktoren. Gjev det var so væl. Gud lat eg verta god atter, men ikkje som eg vil, men som du. Eg kjøbte tråd til eit torskegarn i dag, det kosta 3,40, pris 1,60 pr kg. Imorgo vil eg binda og fordriva tidi med det ender og då. Litt umveksling. Det var noko fisk på torget i dag, men prisen er stiv, han hev stigi no, sisti af førre og denne. Det var noko sild og sei og frugt, blomar og delikatesser. Det hev vore bra veir this day og. Um morgoen var han svært kald, so det var is på gaturne, men leid på dagen tóa han upp atter og tina. Altso um morgoen Kulde, leid på dagen mildveir. Halvklårt og lette skyer. Vinden både frå Sud-aust og nord, ellest nokså spakleg. Båra veit eg ingi besked

um. Eg fretta med far at ho var svært smult. Bernt Klokk hev kjent sjøverken berre ein gong, so eg trur eg hadde stått meg for honom eg og. Morbror hev det svært travelt med å sauma, morbrorkåne hjelper til med det. Dei er glade no. Olaf er på døvstumforeningen i kvæld og, ja han er der mest kvar kvæld, han. Etter som det stend i aviserne so ser det ikkje rart ut for burarne. ”Eronge” er teken med heile hæri melder telegrammerne, men det retter seg nok. Dei er tapre burarne, ja so tapre at dei helder vil døy, enn ofra landet sitt til framande. No vil eg til (Bergen kl. 9 Em) å lesa avisor!

Til morgos åt me Kake og Kaffi, Kaffi og Kveitebraud. Til Middags Kjøtkakor poteter supe & sos. Kaffi. Til nons Kakebrødsriver kaffi. Til kvælds havregraut, mjølk og brødsriver. Me la oss kl. 11.

**Onsdag den 28 Februar 1900.** Um morgoen er det kaldt, men når soli stig, so tinar isen på gata nok um senn. Det er aldeles speglende klårt i dag og, og soli ho fær skina og tina. Men han er svært kald i lufti likevæl, det viser seg um næterne då frys han so det berre stend etter, um dagen tinar det uppatt so det stend ved lag. Det er nordavind i dag, heil ramlar, som ein småstorm mest. Olaf hev fengje ein svullfinger no, so han må slutta skoarbeidet og gå til doktoren. Eg skal no til å binda garn og er ikkje bra i augorne mine i dag helder, eg trur plent eg må søkja doktoren fyr dei. (Bergen kl. 11 fm)

I dag gjorde doktoren mykje med øyra um ettermiddagen. Han både stak hol og tok burt vill kjøt. Det gjør de sjølvsagt vondt, men det fekk ikkje hjelpa lell. Han var so uppteken at korkje eg eller han såg at stora-kontour vart full af røyk afdi Kokemaskin osa. Det kom mykje blod med same, men det stansa um ei rid. Det hev muna lite, sa han der inni øyra i det siste sa han, so han vilde sjå å retta på det. Beinnet synes eg vert mindre og mindre sårt, eg vil & vona eg ikkje tek feilt. Doktoren seier at hævelsen er litt mindre, so me hev sikkert noko lite rett. Gud legg di hand på so det skapast. I dag hev eg byrja på litt kropsarbeid, menleg binde garn. Eg hev bonde 6 naler (eller 4 famne) 3 naler tråd utgjør 2 famne garn. So hev eg byrja på å lesa boki *Opmuntringer på reisa*. Eg hev korkje vore ut eller skrive noko i dag, for ikkje soli skin. Nordavind-ramlar so det stend etter. (Bergen kl. 8 ½ Em)

I går åt me. Til morgos. Kake og brødsriver og Kaffi. Ingen morgokaffi. Til middags Storsei & poteter & feitt & supe, fiskesupe naturlegvis. Kaffi. Til nons Kake & brødsriver & Kaffi. Til Kvælds: The & Kake & brødsriver m.m. (Torsdag Bergen kl. 8 Em)

**Torsdag d. 1<sup>ste</sup> Mars 1900.** Eg hev ikkje skrive mykje i dagboki desse tvo fyrrige dagarne, men det kjem vel afdi eg hev det travelt, for eg er reint uppteken no af arbeide, so dagarne gjeng forare enn eg veit um. Eg bind garn, gjeng til doktoren, passsar øyra, et søv, les, skriv brev og i dagboki, ja eg hev so mykje fore meg at eg hev kje tid til å gå ledug å spasera. No i dag hev eg ikkje vore det minste ute, berre når eg gjeng til doktoren, sameleis i går. Det gjeng ikkje fort med øyra. Men eg kann mest bruka Ivar Åsens ord: *Det munar då jamt ja det munar, so det stundom er hugna å sjå*. Det vert vist lengje fyrr enn eg vert forløyst, men det fær ikkje hjelpa berre eg vert forløyst (forløyst = godatt). Det renn uafladeleg utaf, og eg tenkjer ofte med meg sjølv: Kva tid vil det slutta å renne utaf? Og korleis hev det seg at det er so smertefult? Svar den som veit. Olaf og er ”maroder” no. Han sit heime og les eller gjeng ute og spaserar. Fingeren hans er med same, eller lett betre. Morbror hev det stødug travelt, og han tenar mange pengar, so han er glad og vøl tilmode. Eg var der tvo gongær i dag og

med doktoren. Det såg betre ut inni øyra sa han. Gjev han hadde rett, og gjev det stend ved verket. Same veret this day som last day – i går. Nordaust – alias – Nordavind, heil kuling og kaldt. Klårt, berre ender og ein skoddelappen på himelen. Med soli stend på det høgste tinar isen, men når ho gjeng attunder frys det igjen. Eg skreiv brev til henne Josefina this day, og sende det og. Det var 8<sup>tende</sup> brevet sea eg kom til Bergen. (Bergen kl 9 Em).

Til morgos åt me: Kake & brødsriver og Kaffi. Til middags steikt sild og poteter og saft-supe. Kaffi. Til nons Brødsriver og Kaffi. Til Kvælds the og brødsriver. Eg vart færdug med boki Opmuntringer på Veien, this day. Ho er på 400 sidor. Det er eit knippe kristelege forteljingar, nokso spanande med ender og ei teikning. God bok. Virkelege opmuntringer. Eg hev bonde garn. 7 næler i dag. Af ei hespa fekk eg 8 famne. Eg skriv ikkje mykje i dagboki i dag helder.

**Fredag d. 2<sup>den</sup> Mars 1900.** Dagarne gjeng forare enn eg trudde då eg kom her. Ha eg berre skapast fort i øyra, so skulde det vore berre ein leik dette, men det fær gå som det går. Eg var der 2 gonger i dag og. Um morgoen foretok han eit rart experiment. Han sette ei perkarøyr frå øyra mi beint til si, og so køyrde han ei røyr inn gjennom nasen min og tok ei luftpumpe og bles eller pompa luft inni nasen, og det kom ut luft um øyra med same. Då eg sa at det var so løye inni nasa attivegen, sa han at det var berre øyra me skulde tenkje på no. Um ettermiddagen gjorde han ikkje meir en det vanlege berre turker utaf. Veret er me same mest. Litt meir durren himel, halvklårt, lettsky. Kaldt, bra høgstå dag med soli stend høgt. Nordavind, men someleg stri, mykje spakare end i går. Eg var ute ein liten spasertur i dag utpå Festningski når ”Storfjord” kom. Eg hev ikkje løse noko i dag, berre bunde garn. Umtrent 6 famne eller 8 næler i dag, so der er omkring halvbunde no. Eg er framledes låk af snørsykja, mest som ei medfødd svakheit det med meg. Olaf sin finger skapast, lit um senn, men han er heime og les og spaserar og driv tidi på den måtn. Morbror hev stødig arbeide, so han er reint i sit glade ess. Morbrokåne hjelper til. Mathilde ståkar naturlegvis i kjøkenet. Eg fekk brev frå Karl vor i dag. Dei er friske, der er lite fisk berre. Far fekk godt veir på nordturen & han kom heim Tyrsdag. Elias-Hans på Rogne var der i staden has. Dette var 7<sup>de</sup> brevet. So det er ikkje godt å vantrivast når dei er so flittige. Tak skal de ha! Arbeid hev ikkje eg søkt um denne veka, men eg trur eg vil søkja imorgo. This day åt me: Til morgo Kake og brødsriver og kaffi. Til middags Fisk og poteter og sos og eggekake og sagogrynsupe. Kaffi. Til nons Kaffi & brødsriver. Til kvælds graut og mjølk, men me hev ikkje ete han endå. No vil eg til å lesa avisur. (Bergen kl. 8 ½ Em)

**Laurdag den 3<sup>die</sup> Mars 1900.** Ja han er gåd denne dagen med. No ikkvæld var eg på Eldorado Theater for fyrste gang. Der var ikkje so verst. Stykjet ”Han går på Kommers” opførtes. Det var bra trur eg, berre for mykje dansk, so at det ikkje var godt å forstå for den som ikkje er vand. Det Pederstrupske Selskab som er dansk. Folk klappad no ihender og meir med. Doktoren siger at jeg skal reise hjem en 2 -3 vikur og se om ikke det vil gå jamt fram, vis ikkje so skal eg koma tilbake og då lyt ho upererast. Det er ikkje vist endå, men dr. forslær det berre, vis ikkje det vender seg med øyra. Det gjeng so forfærdeleg seint seier han, at det er berre tidspille å gå her arbeidslaus. Kor det gjeng veit eg ikkje endå. Han so er, so vert det væl næste Onsdag eller Laurdag. Det renn mykje utaf endå, umtrint samleis som før beinet er lit mindre sårt, men eg vonar det vert endå minder, gud må gjera mit ynskje gjeng i

uppfyllelse. Morbrorkåne er no i bryllaup. Olaf og Mathilde og eg er heime. Eg hev bonde garn i dag og. 6 næler berre løse litt og spasera litt og på Theater, som før nemnd. Eg hev sendt brev til han Karl vor um kor eg lever og dit og dat, um at eg trivst um veret osb. Olaf sin finger bestna, men seint. Same vedret og derumkring vinden, ikkje stri, fin kjøle berre kaldt, ikkje fuldt so kaldt som i går. Halvklårt og lettsky. Til morgo åt me Brødskiver og Kaffi. Til middag graut med strøsukker og mjølk og brødskiver. Kaffi og suker-kveitebraud. Til nons Kaffi og brødskiver. Til kvælds Øl og brødskiver. Ja Godnat då! Må gud lækja øyra mi! Det er mi bøn alle daga. (Bergen kl. 10 ½ Em)

**Sundag d. 4 Mars 1900.** I går skreiv eg vist både stygt og lite, det ser so ut når eg ser attpå at. I dag er det sundag og då plar folk vera med kyrkja, men det ser ikkje so ut her i Bergen nei. Gaturne er so fulle af folk, at den som ikkje hev set slikt før, kan reint verta forstird. Eg var ute i gata i dag fyremiddag, men eg vart mest fælen. Der var so fullt af folk at ein såg korkje att eller fram, ja det synte seg i dag at her er mykje folk i Bergen, eg hev aldri set slik masse på ein gong. Peter Ullhammer var med meg ute på Håkonshallen, og såg umkring kor det såg ut som gamlekararne verka på. Det var sanneleg storartet det var sant. Båtbyggjarkunst, og utskjerarkunst, og alle gongarne inni muren då. Det var som i dei underjordiske katakomber, trappetrin inni muren heilt frå kjellar og up til taket. Gode gjøymslur. Då me var færduge med å sjå på hallen, gjekk me på Kunstmusæet og så os ikring der. På vegen var me i fylje med Brigademusiken. Det var eit storartet fylgje det er sant og vist. Peter kjøbte ein katalog yver målerirne, med same me gjekk inn so me fekk sjå kva det betydde. Ja der er mykje både ny og gamall kunst. Industri – målar – skulptere. Ettersom katalogen viser er der mykje yver 300 bilæter. I Kunstforeningen var eg ikkje. Kl. 1 ½ laut Peter afstad å eta middag, og då gjekk eg heimatt. Det er støvande fint vedr i dag. Austavind fin kjøle, sumetider spakleg. (I.N.O.N.) AF. af S. Kaldt um natti, tiner um dagen. Klår himmel. Ein gong med doktoren i dag. Han berre turka ut. Renn mykje ut undan, bankar. Brosken yst i øyreholdet er sår noko. Beinnet det same, litt sårt berre. Morbror og kåne kom att kl. 6 fm frå bryllaupet. Dei hadde det morosamt. God mat. Spel og dans. (Bergen kl. 3 ½ Em)

Eg las litt i Kneip si bok ”Mit testament” etter middag, og sea gjekk eg nord til Inga, og var der til kl. 8 um kvælden. Eg såg på ei masse bilæte i Ilot. Fambl., og so fekk eg der 2 gonger mat. det var det heile eg gjorde. Då eg kom derifrå var eg ein liten tripp på døvstumforeningen til kl. 9, då gjekk eg heimatt. Olaf og ein kamerat og Mathilde var heime, han morbror og ho morbrorkåne var på døvstumforeningen. Ja det er ikkje meir å segja me åt då, og so barst det til sengs. Den kameraten hans Olaf åt kvælds isamen med oss. Det var fint ver this day. Til morgos åt me Kaffi & sukkerkavring. Kaffi og brødskiver. Til middags Kjøtkakor i sos, poteter og saftsupe. Kaffi og sukkerkavring. Til nons Kaffi og brødskiver 2 ganger. Til Kvælds The og brødskiver. Ja Godnat då, måtte det gå jamt fram med øyra mi.

**Måndag d. 5 Mars 1900.** Ja han er gåd denne dagen med og nokso fort. Eg hev bunde 5 næler garn, 4 famne umt. Eg femde no og då var det 24. So hev eg løse lit, spasert osb. Eg var på billedgalleriet frå kl. 11 ½ - 1, og såg på bilæti. Katalogen hans Peter hadde eg med. Etter Katalogen skal der vera 318 bilæter, 18 skulpturarbeider. Mest eldre bilæter. Dei nyare er utstilt på Kunstforeningen. Frå kl. 5 var eg ute og drev. På skofabrikken Nordstjernen og

besåg han, sea gjekk eg stad og kjøbte meg ei natthuva. Grå Nansen-huve, ho kostad 1,40. Då eg kom heimat var kl. 7, sea bat eg garn las avisur skreiv og skøied med Olav. Han påstod at eg ikkje fær garnet færdug fyrrean Torsdag eller Fredag, eg seier Tyrsgdag elle Onsdag. Kven som viner fær framtidi vise. I dag hev kje morbror haft arbeide. Olaf sin finger skapast jamt. Til morgos åt me Kaffi brødsriver. Til middags Spekesild og poteter og eitslags supe. Kaffi. Til nons Kaffi og brødsriver. Eg hev vore med doktoren 2 gonger denne dagen og. Fyre middag tok han villkjøt utaf. Det var sårare en før. Han snakke um heimreise, og so skulde eg koma at um ein månad, og vis det syte seg noko i beinet måte eg koma at før. Vis dette slær inn so vert det reist enten Onsdag eller Laurdag. Måtte det då muna jamt fram, so det ikkje vert fåfenkt alt strævet og utlegget me hev haft. Ja godnat då. Gud gjev det må gå fram. Det er mi bøn. (Bergen kl. 10 ½ Em)

Eg gløymde å fortelja kor veiret var. Han var klår og kald som førrige vika eller lit mildare. Det var sunnavind frisk Kjôle. (Bergen den 6. Mars kl. 10 Em)

**Tyrsgdag d. 6 Mars 1900.** Det var nordavind, frisk kjôle. Overskya. Frå middag utyver var det snøkave ei rid, men han bråna snart uppatt. Kring kl. 5 – 6 som eit regn eller snøslavs. Um kvælden upplett. Kaldt. Kaldgly. Eg var der 2 gonger this day og. Det er bestemt at eg skal reisa Onsdag no, vis ikkje noko legg seg ivegen naturlegvis. Men so skal eg koma att um ein maanad og visa ho fram. Dersom beinet skulde byrja å verta vondt so måtte eg koma att trast, meg og vonar eg slepp det, og likeeins dersom det skulde koma usturteleg utaf. Ho ser betre ut inni no, sa han, og det utafør fåre dersom det ikkje sker tilbakeslag. Han berre turka litt utaf desse gongarne, gjer de ikkje noko anna ved det. Det kjem framleides nokso mykje utaf, og beinet er litt sårt endå, men lite. Eg kjenner det ikkje når eg trykjer lite, anna på neste enden. Høyrelsen er med same. Eg kjøbte mykje frugt this day for 55 øre diverre. Ja det er da kraft i frugt, men ein kan kje leva af berre det. 30 øre bomull. Garnet fekk eg ferdugt kl. 4 em. Det 31 famne. Kring 90 alne, eller 590 omfar. I dag bat eg 6 næler. I alt 38 – 40 næler. Eg løynde ein liten kvart med tråd. Olaf tapte altso. Fingern hans er bra, so han hev byrja også på fabriken igjen. I kvæld skriv han 3 brev. Morbror byrja i dag å sauma på ein brøstduk åt meg. I kvæld var både eg og han på Døgstumforeningen. Det er lite fisk på Torget no. Berre noko seld. Lite og inkje torsk. Lite og inkje storsei. Dyr hev han også. I dag søkte eg på Kontorplassar, sende bilettar. Utfallet af dei fyrste veit eg ikkje, og eg fær vel ikkje vita det helder. Eg er betre af snørsykja no. Ja god natt då. Gud lat det muna jamt med øyra, det er mi daglege bøn. (Bergen kl. 10 ½ eftermiddag)

**Onsdag d 7 mars 1900.** Eg hev ikkje skreve mykje desse dagarne i dagboki. Men i dag trur eg, eg vil skriva litt meir sidan det er siste dagen eg er her. Det som mest uptek meg, det er tanken på doktoren og Korleis eg skal fara åt med honom. Eg hev vore med honom i dag, og då spurde eg han kva eg skulde betala for leiken. Han sette seg då til å rekna saman kor mange gonger eg hev vore der. Han fekk det til 47 gongar, og eg skulde betala 50 kronur umtr. Ei krone Kvar gang. Dette synes eg er fælt dyrt, og korleis eg skal fara åt, veit eg ikkje, eg hev diværre ikkje meir en 45 kr, so eg vert reint brydd. Då eg kom heim sette eg meg til å rekna yver kor mange ganger eg hadde vore der og eg fekk det til 45, og det kan eg visa han svart på kvitt papir. Det er bra veir no. Kald berre. Noråvind og skyer eller kaldgly men upplett, halvklårt. I natt snøa han litt trur eg. Det ser so ut på gatorne. (Bergen kl. 11 fm)

No svinn Bergen i synskrinseren, eg er no endeleg atter på vegen til heimen, men det er liksom det ikkje er so godt å reisa no som når eg hadde vore aldeles bra. Det er liksom det døyver litt på hugnaden ved å koma heim. Men so er eg no vælnøgd likevæl, for eg slepp no å leggja ut ei masse pengar på doktoren når eg gjeng heime. Men det er so rart å forlata Bergen likevæl no, eg hev vore der so lengje at det var mest som eg følte meg der heime, eg var liksom bunden saman med dei, eg hadde der so mange kjende millom døvstumme at det var liksom med vemod og rar kjensla eg forlet desse staderne. Måtte eg berre verta bra i øyra, so det brukstast alt strævet og alle pengarne eg hev lagt ut på henne. Gud laga det på det beste. Doktoren betala eg 45 kr, eg var med honom 46 gongar. Eg fekk noko medicin som eg skal dryppa i øyra kvar gong eg rensar henne. Det er umtrint med same i dag, so eg merkjer ingen forskjell. Olaf følgde meg på spurvognen åt Kayen umb. i Jotunheim. Han gjekk kl. 10 ½ Em. Me er ikkje mange pasagerer umb. berre nokre få 10 – 12. Det er stilt og fint ver no. Tåge ender og då regner det. Før i dag var det kaldt, med enkelte halvsnøbyger og nordavind. No er han stille. Med Peter Ullahammer fekk eg eit fotografi. Eg sende brev til Conrad Bjørknes i dag. Til morgo åt me Kaffi og brødskiver. Til middags Storsei poteter og supe. Kaffi og kveitebraud. Til nons Kaffi og Brødskiver. Til Kvælds The og brød. Kveitekakeskiver, eg fekk mykje mat med meg på vegen. No gjeng det mot heimen. (Bergen kl. 11 Em) (umb. i Jotunheim)

**Torsdag d. 8 Mars 1900.** Eg søv til kl. 7, so eg fekk bra nattesomn. No ligg me i Florøy og lossar. Det er bra veir N – NWN, fin kjøle. Kald noko. Tungskya so eit Kaldgly. Båra er vist litt stor, men ho er no smul innaskjers. (Florøy kl. 7 ½ Em)

No ligg me i Raudeberg og lossar. Han hev 500 tomtønnor og hava i land so han ligg her ei heil rid. Det er ikkje mange som skal rundt Stat. Han er tungskya, skodda ligg langt nede i fjelli, og han regner ender og då. Millom Kulde og varme tempraturen. Øyra er med same synes eg, eg merkjer ingen forskjell på ein dag. Det renn mykje utaf. Når dotten hev lege ei 2 – 3 timar er han aldeles blaut. Vågen er sume tider blenda med blod. No skal me rundt Staden, og han er no spakleg. (Raudeberg kl. 11 ½ fm)

No er eg atter komen til Ålesund, og det vil seia det same som at no er eg mest komen heim. Eg er ialfall på gamle kjende stader millom gamle kjenningar, og kameratar – mest heime. Jotunheim kom til Ål kl. 7 Em. Yver Stathavet var det mykje bære tykte eg, eg kjende sjøverken, men eg slapp å spy. Han gjeng lengje utaskjers og Jotunheim, like frå Sildegapet til han gjeng inn Flåvær. Han rugga so tunnor og Kassor ramla hulter til bulter overende eg vilde tapa ande kvar gong han dubba dupp og ned. På strekningi Stat til Flåvær var ei masse fiskebåtar, mykje Store trerøringar som drog garn. Når eg kom til Ål, trefte eg mine gamle skulekameratar på bryggja. Gjertnes og Hustad og Helland. Det vart kvik korrespondance med dei. Dei er friske og lever godt. På skulen er same elevantalet i år som i fjor, og det gjeng bra. No er eg inne med Farbror. Dei er friske og hev bra arbeide. Til morgo åt eg Sukkerkavring. Til middag Kjøt og poteter, til nons kveite-kakor. Til kvælds Kaffi og brødskiver. Det er no S-West, frisk ramlar so sjøflåten tek til å koma innatter. Det reingde ender og då, men bra no. Det er lettare å reisa mot heimen enn å reisa frå heimen (Ålesund kl. 10 Em)

**Fredag d. 9<sup>de</sup> Mars 1900.** Dette synes eg er ein styggeversdag aldeles. Regndriv og Storm af Vest og Sudvesten. Piskar regnet mot rutom so det berre driv etter. Tunge myrke skyer jager nordetter himmelen, som reine udyr, der vil taka og renska alt på sin veg. Temperaturen er varme sea det no hev regn. Båra er vist noko stor. Ho Farbrorkone er på fiskeverking, og han Farbror er på linegreiding. Eg hev gåt og drive ute i gaturne, sti lengje ute på Giskebudi og so var eg inne med Peter Giske o.s.b. Eg hev henta potrættet mit. Me var vist bra like os. Det kosta kr 1,25. Dei fiska vist på linorne no, og på garni ogso her sud. Sjøyta som han Peter Giske er med, kom med 2000. Damparne fiska og godt. Garnkarane fær ei 5 – 600 o.s.b. Men det er so dårlegt ver, at det berre slit. (Ålesund kl. 6 Em.)

Eg hev snakka med skulekammeraterne mine. Dei var ut på Kayi og såg på ei skute som hadde kolva. Det var ”Sna?sop” skuta til Tromsen, Romsdal. Ho kom frå Valderhaug og hadde litt salt umbord. Då ho kom midt på fjorden kolva ho på segleduken. Slik låg ho til Hjørundfjord kom ut til henne. Då rette ho kylen rett upp, men folkje vart berga. Sea vart ho slept innpå Verpingsvikji af nokre dampar. Eg gjekk saman med Gjertnes ut um sundet til Dybhavn -. Han er på butik hjå brødr Mogstad. Til morgo Kaffi og brødskiver, til middags graut med smørauga og mjølk. Kaffi og brødskiver. Til nons Kaffi og brødskiver, til kvælds Kaffi og brødskiver. Damparne drog this day, dei fiska godt. Ålesund kl.9 Eftermiddag.

**Laurdag d. 10 Mars 1900.** Endå er eg i Ålesund. Det var fyrste gongen eg hev skulda på dampen og hev vorte standande att. Det var skrinet som sto på expeditionen, men han var stengd då dampen gjekk, so eg måtte pent stå atter med lang nase og kjeda meg yver at eg skal koma til å gå ein dag til og slaska i byen. Uff kor leid eg er å gå slik lenger. Men so slepp eg væl nordyver sundag. Eg hadde skrinet umbord i ”Romsdal” ikvæld; for det er han som skal gå på Romsdalen imorgo. Farbror og farbrorkåne var på arbeide so dei viste ikkje um at eg var standande att fyrrenn um kvælden då dei kom att, og dei vart då forundra.

Ingenting hev eg gjort berre slaska. Eg hev vore hjå Olina og Joakim, og der fekk eg middagsmat. Dei er friske og raske allesaman. Skøyta som han Joakim var på, fekk 2000. I dag og var mange ute, eg hørde at ein skulde få 900. Det er fælt stygt ver so eg ante ikkje at nokon skulde vera på sjøen denne dagen. Um morgoen var han S.W. men nokolunde, men han gråna på meir og meir leid ut um middag, og sea hev han vore reint storm å kalle. Skyarne sopar noretter himmelen som holme uksar, for han hev fæl fart. Regner gjer han rett som det er, reint slunsevedr. Eg hev snakka med Olina og Kirsti, ho reiste på Elinsøyi. Dei er bra friske borni og alle. Med Johannes Lyngheim og hev eg snakka. Han gjeng her i byen og driv, arbeider sumetider. Torsdag reise Nils med Engelsbåten til Australien. Førrige Laurdag hadde han snakka med Bern Klokk. Fredag fekk Knut 700, anna hev eg ikkje fretta bra! (Ålesund kl. 7 Em).

Eg åt berre 3 gongar. Til morgo Kaffi og brød-skiver, til middags turka sild og poteter, brød og suppa. Til kvælds Kaffi og brødskiver. Måtte eg berre verte bra.

**Sundag den 11 Mars 1900.** Til morgo Kaffo og brødskiver. Til middags tonge og Poteter brød og supe. Til nons Mjølk og Kake. Til Kvælds Graut og mjølk. Frå Ål gjekk me kl 7 og kom til Langva kl. 9. Han hadde ikkje gåt til Langva dersom ikkje Mons-Pål hadde vore umb. Peder Flem var og umb. han gjeng på handelsskulen, eg viste ikkje um det fyrr eg såg han umb. Det var fælt stygt ver i dag aldeles storstorm frå sud, SV og W, heile tidi. Rengt hev

han gjort heile dagen, men ikkje noko masse. Båra er stor reint grunnstøyt. Dei vart forundra då eg kom, dei venta ikkje på meg. Dei er bra friske og no denne veka hev dei fiska bra. Vore hev 3500. Knut yver 3000 Lauris 3200. Han Hildre Andreas på Flem hev millom 4 og 5000. Ellest bra allestad. I kvæld var me heime i Olaustova og heldt moro. Gjorde Kunster dansa osb. Svært morosamt, eg vart heilt sveitt af lævenet. Han Ola K. Nogva hev vore med eit garn. Han hev fåt 60 st. No vil eg vera med dersom det vert veir, men det ser dårligt ut til det no. Det hev runne mykji utaf i dag og. Ha eg berre skapast det er mi bøn og mit ynskje. Gud laga det på det beste. Ole er på Nogva. (Heime kl. 10-50m Em)  
Eg fekk 3 brev – Eit frå HAH Rogne og eit frå KK Uri og eit frå Matias Vestre.

**Måndag den 12 Mars 1900.** Fælände stygt ver. Um natti var det nettupp me fekk sova. Det knaka og braka i stova med det verste ein kan hoyra det. Fjorden fyltes med sjørøyk um morgoen, då var det S.V. Men leid på dagen gjekk han til West og no i kvæld er han heilt N. Vest stormande stri heile tidi. Folkelegaste ei stund føre middag. Båra er fælt stor, med største ein skal sjå henne, eg hev no ikkje sett henne slik for i år, som no ikvæld. Han hev vore overskya. No er han vindriv. Hagl og snøelingar hev han vore ettermiddag, so no er han lagt heilt attyver, og skarp frost hev han no. Fyre middag var det regnelingar. Då var eg og han Matias på Longva etter skrinet mit. Og so kjøpte me smørsalt på foreiningi. Olaus og Rasmus og var der. Eg snakka med Olaus og Peter Rogne. Dei hev fåt 4400. Ettermiddag hev eg gjort emne, for vore hev baka brød. Karl hev knøa. Far og Matias hev steikt, og Mor og Karolina hev bagt. Hans hev bøtt garn. No ikvæld var eg heime i Knutgarden og spelte rabar. Farbror hev bøtt garn. Til morgo åt me Kake og Kaffi. Til middags graut og skyr. Til nons steikt flesk og brød og mjølk. Til kvælds supe og tungor og poteter og flatbrød. Eg talde saman levri deira, dei hev fåt 16 hel til no. Øyra er umtr. med same. Det renn og renn uafladeleg utaf like mykje, og vinden gjeng godt ut no, og eg hev haft desse droparne inni this day. (Heime kl. 10 Em)

**Tyrsdag d 13 Mars 1900.** Fælände stygt ver. Båra so stor at ho hev ikkje vore so stor på 3 – 4 år. Han Karl var i Fjøra og då fann han middagsfisk so stor var ho. NW. og NWN. heile dagen, reint storm fyre middag. Dei var ofte i fjøra, men dei hev kje funne noko, berre nokre endar. Han hev snøa i dag litt, so det er skosnø umtr. Eg hev bunde litt garn 7 – 8 famne og pjaska so. Um kvælden var eg heime i Knutgarden – Far og Hans hev bott garn. Matias lagar trælur. Karl og Farbror var på Flem og fann eit garn. Dei hev og bøtt garn. Mor kokar osb. Karolina vaskar magar. Kristina nyner og syng osb. Han er sundriven i skyerne, måneskin. Ja det er eit fole ver. Det ser myrkt ut med garni utpå. Til morgo Kake og Kaffi. Til middags Tunge og poteter brød og supe. Til nons Dravle og Kakor. Til Kvælds Graut og mjølk. Eg vil ikkje skrive mykje i dagboki mi no. Det er slikt tidhefte. Måtte eg berre verta bra i øyra. Ho er med same synes eg. Det renn sliktslag. Beinnet er bra smærtefritt. Skarp frost. (Heime kl. 10 Ettermiddag)

**Onsdag den 14 Mars 1900.** Det er stygt ver, landlege. I morgo var det NVest, men spakleg, men leid til middag gjekk han til S.V. og no er det storm. Besetta at han gjekk til sud, seier dei. Båra ha minka vekk so i dag er ho nokelunde, men ho bryt no over Kvalen då. I nat snøa han lett. No er det regn og læke. Lite eg hev gjort i dag. Eg og Matias og far var på Nogva

og henta ein maismjølsekk. Dei hev sjøyt saman ein streng. Farbror var på foreningi og kjøbte strengløgur. Ole var sud med Nils. I kvæld var eg heime i garden. Ole kom imorgo kl. 9 hit ut. Hans og far bømte litt garn. Farbror Karl likedan. Til morgo Kaffi og Kake. Til middags kløkkar og storsei poteter brød og supe. Til nons Mjølkk og Kakor. Til kvælds Graut og mjølkk. Øyra er med same, mi bøn er at eg måtte verta bra. Det hende meg noko rart this day (rasande lidinskab) (Heime kl. 10 Ettermiddag)

**Torsdag den 15 Mars 1900.** Til morgo Kake og Kaffi. Til middags tungor storsei og brøsmme poteter brød og supe. Til nons. Mjølkk og Kake. Til kvælds Graut og skyr. Det var stor båre og fælt stygt veir. Landlege nemleg. Fiskararne gruvar stygt no, dei trur at dei mister garni sine, for det ser spøkje ut, ja. (her manglar i meir uplysningar)

**Fredag den 16 Mars 1900.** I dag er det gebursdagen min nemleg. Stor båra. Breifludskoltarne og alt som grynt er bryt. I Kompas N – O. Stend frå Midtjordskjeret heile dagen. Sommetider hev han blese mykje reint storm åkalla. Snøelingar, so no hev han lagt attyver ein skosnø. Kald noko. Vindriv. Himmelen tung af snøskyer. Der er med same med øyra. Dei andre er bra. Til morgo åt med Kaffi og Kake. Til middag fisk tungor suppa brød og poteter. Til nons Kaffi og mjølkk. Til Kvælds Graut og skyr. Trygg landlege. Eg hev bunde litt garn, trilla stein, leitt rak osb. Dei andre hev bømte garn. Farbror var ein tur på Flem. Heime kl. 10 Em.

**Laurdag den 17 Mars 1900.** I dag hev det vore stor båre som i går. Ho minka ikkje det slag. Det er sjeldan ho er so jamnstor. Fyrst var det vestavind, men so snudde han seg til Fløglandrøn, reint storstorm kring middagstider, men spakna leid på dagen. No i kvæld er han meir frå havet. Himmelen full av tunge snøskyer, men han hev vore bra uplett berre ender og eingongongen han hev snøa litt. Havet er blått af snøskyer. Han Ole og han Hans er heimreiste i dag. Matias og far drog myker fyre middag. Eg hev bunde garn litt. Slarka heimegarden i kvæld. Til morgo Kake – Kaffi mjølkk. Til middags fisk og poteter. Til Kvæld Graut og mjølkk. Til nons Kake og mjølkk. (Heime um kvælden)

**Søndag d. 18 Mars 1900.** Til morgos Kaffi og Kakor, til middag tunge og poteter og supe. Til nons Kake og mjølkk, summe Kaffi. Til Kvælds Graut og mjølkk. Det var nokolunde veir i dag. Um morgoen sunnavind Landrøn (N.A.) og no er det heile ramlaren af honom. I natt hadde han snøa ein heil del, men no er han uplett. Han hev havt Snøbakke ute i havet ellest klår. Men no til kvælden trakte han over, so no er han tung himmel. Båra er minka litt so no er han folkeleg. Men stor er ho endå. Han er kald noko. Farbror kom att i dag. I kvæld var me inpå Holmen og helt moro. Øyra er med same. Det renn mykje utaf. Hine er bra friske. (Heime kl 10 ettermid.) --- Langt upphald! ---

**Fredag den 6 April 1900.** Øyre er med same Det er lite det munar. Det renn og renn utaf; men ikkje fult so mykje. Beinnet er bra, berre litt. Eg brukar medicin enno 5 – 6 gongar um dagen. Ellest er me alle friske. Me kom at frå sjøen kl. 2 ½ Em. Ole hadde vore i Samfjorden etter sild. Dei fekk 3 - 4 byttor i alt for 3,50 i sild. Me fekk fin rausar innerter. Skjelle so stri at det var nettup me førde underriggen. No er ho ikkje fult so stri. Speglande klår og kald.

Båra er litt større i dag. Me fann ikkje Stubben vor. Han Ola-Morbror hadde sett han. Då sto han: Hetta i høgste Hvalkve Hildre-hest under Gohaldet nordafyr. No var han der ikkje å sjå. Dei fekk 300 Laurdag. Heime kl. 4 Eft. No svart. Til morgos: Kaffi og Kake. Til middags Tungor og poteter brød og supe. Til nons Kaffi mjølk og Kake. Til kvælds: Graut og mjølk. Knut fekk 110 torsk og 12 långe 100 brosmen. Lauris 80 – 90 torsk 40 långe, noke brosmen. Veret er sameleis. Svært kald. Dei sette ikkje utatter. Heime kl 10 Em.

**Sundag den 8 April 1900.** Kl. 8 kom me at frå Ålesund. Me fekk bra vind tilslutt lell. Fin skjellekjøle, og spakleg hev han vore denne dagen. No stend han utu landa. Kald er han nå ikkje soli skin, men snøen minkar litt um senn, likevæl på solsida bra veir. Karl var på sjøen i går. Dei fekk 150 brosmen, nokre lange. Lauris fekk 80 storfisk litt brosmen. Det renn litt mindre utaf no. (fyre middag.)

Til morgos åt med Graut med Hildrefeitt i. Til middags Kjøtt Saudehaud, søball, supe, poteter. Til nons Kake og Kaffi. Til Kvælds Graut med Hildrefeitt i Skyr. Her var mykje folk frå Rogne i dag. Tauser for det meste. Det var spakt i dag og ikkvæld me held ikkje dusti med moro. Berre rak litt etter vegerne. Det syner seg at Vinteren er slutt sa me. Bra ver. No ikkvæld var han Nordavindskjøle. Kring middag still. Dei andre bra friske.

**Måndag d. 9 April 1900.** Bra ver denne dag. Still. Nordavind. Utrøne. Spakleg. Lætt vær i dag. No yverskya.

**Skjærtorsdag den 12 April 1900.** I dag er veret svært stygt. Det regner og snør om hinanden. Storm af S.Westen. Tungt overskya. Eg var tenkt meg til kyrkja, men det vart ikkje på grunn af Styggevedret. Snøen minkar litt um senn (heime kl. 10 fm). Eg er gud skje lov bra i øyra no. Men øyresjåen er open. Det renn ikkje noko utaf og aldeles fritt for smærte, so eg er reint glad over at eg er so bra. Måtte det berre vara, og gud tilgjev meg fyr at eg hev vore utålmodig. Det var same veret heile dagen, best um kvælden. Då tok han til å skyta af og spakne. Det var ikkje noko liv denne kvælden. Alt gjekk stilt og fint af seg, nett som me var sellar og kjærringar. Det syner seg at det er forbi med vinterfisket. Dei er bra friske alle saman. Til morgos åt me Kake Kaffi. Til middags sosa fiskeball og saftsupe. Til nons Graut og mjølk. Eg hev skriva af ei 40 – 50 vers som eg hev skriva før på laust papir. Det er det heile eg hev gjort.

**Onsdag den 25 April 1900.** Eg er no reint slusken med alt. Ikkje les, og ikkje skriv eg, og det syner seg på at eg er so doven og skriva i dagboki. No i dag tek eg til vita og rota litt i ho. Det er reint styggeversvår i år, so det ser dårleg ut med å få turka fisken. Me hev vaska ut alt; men 3 lyter ligg salt heimi nausta og 1 lyt er salt uti Kjøylinne. I dag er det Storm mest af Nordavinden og snøelingar. Stor båra, reint Grunnstøyt. Kaldt so det er lite hugnalegt vårvedr Uff. Fjelltopparne er endå klædde med snø. Det vert seint fyrr dei tek af seg vintershuva, men me hev no ei von um at dei vil gjera det snart, for det er no vår! Og med våren fyl og von. Då skal alt som hev lege i dvale livna, då skal alt som hev frose tina, ja då skal alt gro og grønskast. Um våren skal me så, um sumaren passe sæden. Um hausten skal me hausta. Måtte me kunne liva slik at me hausta mykje gode frukter. (Heime kl. 3 Em).

Eg er Gudsje lov bra i øyra no. Det hev ikkje runne utaf det mindste sea Påsketider, og er ho ikkje det støv sår, men øyresjåen er vist åpen endå for det glyn i han når eg svell. Vore meiner eg skal reisa til ein Doktor og høyra um han kan gro att øyresjåen. Um kvælden var han både spak og N.A. og tilslutt Vestavind. Ole var her etter Slog og salt til å salta uppat fisken. Eg og far var inni Gjæra og sette at ei veite. Anna røyste hovud. Karl måla litt på båten. Alle er bra friske. Snøelingar heile dagen. Til morgos Mjølkk og Kake. Til middags Spekesild og poteter, brød og supe. Til nons Kaffi og Mjølkk og Kake. Til Kvælds Graut og mjølkk.

**Torsdag d. 26 April 1900.** Eg er nyleg uppe. Veret er stygt. Snøelingar og Landrøn sunna. Båra er mykje smulare i dag enn i går. Helsa med same. (Heime kl. 9 fm)

Til morgos mjølkk og kake, til middags Flyndre og supe poteter og brød. Til nons Kaffi og kake, til Kvælds Graut og mjølkk. Eg var på Flem og skulde kjøpe havre, men det var ikkje råd å få. Sea fekk me låne litt med henne Torina so mykje ikkje hønurne svelte ihæl. Far var inni Gjæra og sette att ei veite. Karl var på Longva og skulde telefonere til Namsos, men han var burte han som vilde prata med honom. Til Namsos er 57 mil. Far murde upp hagegarden og ikkvæld. Han spakna af leid til kvælden. Snøkave og slavs heile dagen.

**Fredag den 27 April 1900.** Me førde ut 400 fisk ikkvæld. Det heime i kjøylinne ha me utyver. Han tønna litt. Det var ikkje ufyse fyrrend ikkvæld. No er han heil ramplar av Vestavinden. Båra er sømmeleg. Kald. Eg bar fram 10 – 11 kase tare i dag. Ellest var eg og far innpå Marki og sette ut veite. Karl var på Nogva. Karolina Moste er komi hit no. Alle er bra friske. Anna er litt låk af tannverk. Eg tenkjer på å reisa til byen imorgo. Kor det gjeng veit eg ikkje. Til morgos åt med Kake og Kaffi. Til middags Brosme og Poteter og Dravle og brød. Til nons Mjølkk og Kake. Til kvælds. Graut og mjølkk. Me engde line i dag, men når me slepp af med dei veit eg sandeleg ikkje fyr han ser litt miserabel ut. Dei er friske Sjelten og. (Um kvælden kl. 10 -10 heime.)

### **Ymse til å sjå på!**

*Statistikk* o.s.b. Våren og Sumaren 1900! Det var ein kald vår i år! Sumaren nokolunde, men fælt turr! Grynjefisket gjekk tilbake i år. Prisen var nokolunde som i fjor 60 øre långå. 10 – 13 øre brosma. 12 – 15 pr. kg hyså og kveita so forskjelig 20 – 30 pr. kg. Småbåtane kom af bruk igjen. Storbåtane og skøytorne fiska bra helst langt ut. Hjalmar var og ute. Dei var sta 2 turar og fekk 45 kr og 15 kr pr. lot. Veret var fælt, miserabelt sers på fyrsten. Teinebrukti gjekk upp i år atter. Lauritz og Olaus fiksa godt. 320 kr på båten. Uti Fjørtoftsfolk var det godt fiske 20 – 31 – 40 sume næter. Karl og far fekk 34 ei natt. Far fekk framtil 100 kr på seg med hummar, eg brukte 2 vikur med teinor på meg og då fekk eg 20 kr på meg. Før um våren dreiv eg på mangt. 4 vikur var eg Boktrykkarlærling på ”Søndmp. Bog & accidenstrykk”. Eg hadde 5 kr vika. Vilkori lydde so! 2 år i lære med 5 kr vika 1 år med 6 kr so 1 ½ med 8 kr vika eller dersom eg vart flink med halv Sveinløn, 10 kr. Doktoren var det som rådde meg til å slutte. Då han ottast fyrr eg hadde anlegg for tæring. So var eg 3 vikur med honom Giske! Trur du eg verande der då. Nei takk, me vart uklar, og so reiste eg derifrå, sea var det eg brukte teiner. Det hev vore svært til liv her i sommar, like med i vinter.

Arbeidskararne hans Knut hev vore nokre livlege karar. Idrotsmenner attåt. No for tidi er dei heime og slær og difyr er det spakt no! Me er ferduge å så no, men hev ikkje fåt inn. (Uri den 5 august 1900) (Morbror og morbrorkåne og Karn og Olav var her frå 29 juli til 5 august).

**Åringen sumaren 1900.** Det vart eit dårleg høyrår her umkring so vidt eg veit. Ettersom eg hev høyrdt so vert det kring ei 20 % mindre i år enn i fjor, det vert no det med oss ialfall. Statiskikka inna Gjæraa viser dette utfallet:

I fjor 1899	– 25 byror og 2 lass or hæsi
Do do	38 byror og 1 lass or marki – Tilsamen 63 byror og 3 lass turt høy
1900	5 byror og - lass or hæsi
	47 byror og 2 lass or marki – Tilsamen 52 byror og 2 lass turt høy

Dette berre der inne. Som me ser viser dette ein forsjel på 11 byror og 1 lass mindre i år mot i 1899 eller utrekna i procent. – 19 – 20 % mindre, det vil segja 1 kufor mindre på dette bruket som vore hev. Det vil ikkje segja so lite det. Storpartarne her på øyi hev fram til ei 20 lass mindre summe – 2 – 3 kufor. Kjøtet kjem sannelegt til å verta billegt denne hausten derom er ingi tvil. Men so er det vel sume stader det er betre åring og. Sovidt eg veit er dei fleste fåt høyet inn her på øyi no. Berre begge Støjorderne stend att. Dei hev korkje sleie ta eller fåt inn. Me fekk inn det sidste Fredag den 10<sup>de</sup> August. Me turka lite i hæs i år mot dei fyrr åri. I fjor turka me mykje i hæs. Då fekk me inn det sidste den 12 august altso 1 år i dag. *I dag.* Regnet silar og silar ned frå myrke regntunge himmel. Det er ikkje minste opphald. Det dryp og dryp uafladeleg, so ein kan tru det er i Noas dage. Elverne veks til små fossar, bekkjar ser du kvarhelst du vender auga. Det er ikkje råd å koma utfor dør i denne Bikkjebloyta. Austavinden blæs og blæs, men kjerengarne seier det er far sin i augorne, for skyerne jagar i vill dans nordetter himmelen. *Meir ein annan gang.*  
*Med vurdnad. Ludv. H. Uri, Uri den 12 aug 1900.*

**Fisketalet i Uri i 1900.** Det var 3 båtar, Hjalmar, Tronda og Tordensjold med 19 – 20 mann bst. Det var sømmeleg fiskje, men svært mykje garnskade, det meste på mange år. Sistpå var det ingen fisk

”Hjalmar”. K. Uri, 6 - 7 mann, garntorsk	4300
”Tronda”. L. Uri, 7 mann, garntorsk	3300
”Tordensjold”. Knut Uri 6 mann, garntorsk	<u>3100</u> - <u>Til sammen</u> 10700

Altso 3550 i gjennomsnitt pr. båt mot i fjor 4000 i gjennomsnitt

Rogn: ”Hjalmar”	8 td.
”Tronda”	6 ½ td
”Tordensjold”	<u>6 ½ td</u> - <u>Til sammen 21 td</u>
Lever: ”Hjalmar”	1900 l
”Tronda”	1600 l
”Tordensjold”	<u>1550 l</u> - <u>Til sammen 5050 l</u>

Altso 1680 l pr. båt mot i fjor . Prisen er i år 15 kr pr. hl. Utrekna i pengar vert det då heile garden 50,00 hl x 15 kr = 750 kr, altso 270 kr pr b. Prisen på garntorsk utaf salt var 47 – 48 øre pr. st. Line fisk 42 øre st. *Uri den 25 april 1900.*

**Laurdag den 4. janr. 1902.** Klokka er 10. Eg sit ved bordet og skriv. Vestavinden hyler rundt stovenovi. Det knakar i veggjarne for kvar bya. Skyarne kjem veltande nordetter himmelen tunge og grå, sveipar seg som ei myrkgrå kåpa yver alle fjell og øyar, Synsrandi kverv burt i eit hav af myrkegrå skyer og skodda. Himmelen ser ut til å kleima seg so myrk, tung – og svart like inn i husveggjerne. Regnet fell i stride straumar ned frå dei myrke skymasser, og vert drive inn i husveggjerne af den bitande, sure vestavinden som stryk der yver andlitet som kæling af daudinghænder. Tora buldrar, og lynelden blinkar blå og skarp i den myrke natti. Båra bryt mot land og durar umkap med tora og stormen, og koret av desse naturmaktens musikk når dei syng saman, kan få ein til å sita stille af rædsla og undring over desse krefters herre som styrer og steller med alt dette. Ein føler seg so liten og magteslaus i slikt ver, og ein kan i slike stunder tapa ein stor del af trui på si eigi styrkje. Me hev no atter fengje eit nyt år. Året 1901 hev sige attum bakken, og 1902 hev nyleg komet framfyr åsen, er nyleg født. Å, kor tidi gjeng! ”De dage som gikk, kommer aldrig igjen: tiden den rinder så fort.” Å, det gjeng liksom eit suk gjennom mannaheimen for kvart år som gjeng attum bakken. Spysmålet: Kor hev du brukt det året som gjekk? strøymer innpå alle tænkjande menneskjer. Og diverre svaret for mange vert: ”Eg hev brukt tidi dårlegt, kasta burt monge stunder til unyttet.” Som eg sit slik og tenkjer att og fram, kjem eg på at det skulde vori kjekt å føra dagbok yver dei viktugste hendingar af mit liv, so ein kan sjå tilbake og sjå kor ein hev brukt tidi osb. Tanken fell i god jordbotn med ein gong, og eg slær fast med meg sjølv at eg skal byrje med det trast med ein gong. Tanken er å skrive for kvar laurdag heile vikens hendingar, og ellest når eg hev høve til det i årets laup. Ja, so byrja eg då:

*Frå fyrste til fjorde jan. 1902.* No er det gjenge 4 dagar af det nye året. Veret hev for det meste vore ruskut. Nytårsdag S.W. storm og snøslavs især um ettermiddagen og kvælden. Torsdag bra ver: spakleg og kald. Fredag. Sunnavind og regn, skodda. I dag storstorm og regn. 2 deksbåtar kom lensande inn fjorden med berre mastri, so strid var han. Klokka var då 10 – 11. Far er ventande frå byen i dag: han reiste i går etter agnsild. Alle er bra friske. Eg var tenkt meg til Volda i dag. Hev ingenting gjort. Lese 2 eventyr berre.

**Laurdag 11. janr 1902.** - Frå 4 jan til 11 jan 1902 – I dag hev eg mykje å skriva. Klokka er alt 8; men eg trur ho vert 10 fyrr eg vert færdig. Han er spakleg, her inne i Voldi, men eg trur han blæs lenger ute mot havet. Skyerne kjem veltande frå NW med snø- og haglelingar utan ende. Lufti er so mit i millom umtr. ved frysepunktet. Ja det ser ut til at tråveret vert seigt denne gongen fyrr det slutta. Fyrr heile vika hev det vore umtr. same veiret. Snøslavs og regn, Storm frå W. og S. meir eller mindre, so det hev vore ei lite hugnasam vike på veirmåten. Men eg vil vone det rettar seg snart. Ellest var det no ikkje stuggeveiret eg ha so mykje å skriva um. Eg er no komen til Voldi og skal prøva på det gamle igjen. Heimafrå , reiste eg Måndagsmorgoen på ”Ternen”, men farvel med heimen, far og mor, tok eg egentlig Sundagskvelden. Eg kom til å reisa heimafrå på ein lit rar måte denne gongen. Ja, det var lit

undarligt, eg kom ikkje til skiljast med far og mor, med den forståelse, kjærleik, varme som skal vera ved ein skilna. Eg reiste liksom mot deira vilje brått, uventande og på ein rar måte ellest. Eg hadde forresten vondt av det etterpå. Det gjekk soleis til: Laurdagskveden kom far frå bya. Han hadde ikkje større nyt å fortelja. Berre det at dei fekk ikkje sild, damparne og sb. Sundagen kom med NNW og ender, og ein snøelingen. Ettermiddag var me bestemte på å gå til Longva med resten av tyet mit. Men ved middagsbordet sa far at me ikkje skulde bry os med det, for han vilde bera kassa yver måndagsmorgoen vis han berre ha ”lygt”. Me sa no ikkje noko større imot det, men der gjæra nokre andre tankar i meg, og det var at eg hadde hug til å gå på ungdomsfesten som skulde vera på Nogva um kvelden. Men eg sa ikkje noko. Etter middagen gjekk eg heim til Knut-Karl for å innøva ein liten stubbe: ”Tullefyren og Fotografen”, som me var tenkt å oppføre vis me gjekk til Nogva. Då eg skulde gå ut att kom Vika-Anton og Klungre-Jakob og bad os på festen som skulde byrja kl. 5. Då eg fekk bod, kan-di skyna eg fekk endå meir hug på å gå. Ja so gjekk eg utatt med bodi til Karl og Karolina som ogso kvikna då dei høyrde det. So sa Karl til far, Det som me var tenkt på. Klokka var då 3. Men far vilde ikkje høyra på det og likeeins med mor. Ja kva skulde eg gjera? Lyda mine foreldre eller min eigen hug? – Ja, eg var ikkje vidare godt komen. På den eine sida sto festen med sine ljose sider og drog meg til seg med liksom ei duld magt, og på den andre sida stod bandet millom far og mor og heldt meg. Sumetider kviskra det liksom i øyra på meg. ”Heidra far og mor osb” – Men det var allikevel festen som vann. Når me hadde fengje nonsmaten byrja me å gjera os i stand. Far hadde då fengje den tru at me hadde slutta heile grea og var reint forbina då han såg me var færduge å gå. Me vilde taka med os kassa og resten av tyet og gå slik at eg gjikk umb. i ”Ternen” utan å koma att. Ja so stod me der færduge å gå eg måtte no stansa lit og seia farvel, dei andre gjikk. Det var då so myrkt at ein måtte skunda på for ikkje å myrkne ute. Lengje stod eg å heldt dørklinka den gongen det var visst. For inne i kjøkenet stod Josefina, mor og far, og det var ikkje lett å riva seg laus det var visst. Josefina formante meg og sa at eg kjem til å gå fortapt viss eg ikkje vender frå den vegen eg no gjeng på. Og det må eg sea at eg hev full vyrna for desse folk som kallst ”Lesarar”. Eg skammar meg når eg liknar attåt dei. Ja, so far – han prøvde endå engong på å få telja meg over, so eg kunne fara skikkeleg frå huset som han sa. – Ja, og so mor – der smaug seg ein tåra fram når ho såg på meg og skulde beda meg, Leva vel! Det var so mangt godt eg var tenkt på å ha med deg, men no reisar du so. – Å det gjer meg so vondt, sa ho, å vita at du gjeng på slik veg, turar i synd ilag med verdi. – Ja eg stod der liksom lam visste ikkje kva eg skulde, men endeleg so manna eg meg upp og skulde seia Lev vel! – Å, Ludvik, du fær meg til å gråta i kveld og du påleg meg ei somnlaus natt! Sa mor med same eg skulde lata at døri. Men då kunne eg ikkje halda meg, med gråten i halsen snudde eg meg og sa: ”Ver sikker på at eg og hev vondt af å forlata dykkar so, for dykk er då foreldri mine. Men det er so, hjarte er på festen, og då kan og likamen vera. – Lev vel – Skriv – Ja. ----

Klokka 8 kom me til Nogva. På vegen dit gjekk det bra. Me var 6 i fylgje Karl, Peter, Ole, Karl, Karolina og eg. Festen var då i full gong: Festtalen halden og beværtningi i full gong. Seinare på festen var det og kjekt, eg gløynde litt um senn den tunge skilnaen. Nybrotsmen vart upført og ei 2 – 3 andre småstubbar, den eine av disse var ”Fyllef. og Fotogr.” som fekk stort bifall. Det gjekk bere enn eg hadde venta. Bevertning og Pakkefest med den kom det inn 17 – 18 kr. Etter kl. 12 byrja dansen som varde til kl. 7 um morgoen. Det gjekk bra til leid på morgon. Då var det ei 3 – 4 som vart fulle, so det var ikkje vidare hyggelegt då.

Speleman P. Ostnes. Toreslått um natti. Um måndagen var eg fælt trøytt som venteleg kunde vera. Då eg kom umb. i Ternen reiv eg sund kappa mi og fekk matbordet med innhald yver meg. Karolina var og med Ternen, ho skulde til Elingsøya. Då eg kom tilbyen traff eg monge midlarar som gjekk og venta på "Møringen" som skulde gå kl. 4. No må eg slutta for ei stund medan eg fær skriva brev heim.

Voldi kl. 10 ½ um kvælden

Alt er no stille. Berre ender og då ein kan høyre skrålet af fulle voldinger som ranglar i gata. Ja so er det vel best at fortelja vidare um vikens hendingar. Møringen gjekk ikkje den kvelden på grunn af storm. Me måtte soleis venta til neste dag på Sunnmørsbåten som gjekk klokka 7 fm. Eg låg inne med ho farbrorkåne um natti. Klokka 1 um dagen kom me fram. Det var same ruskeveret. Alle me som bur med Karlsen kom ilag. Resten af dagen gjekk med å kvila seg, og so stellamed tyet sit. Eg fekk for det meste af tyet um kvelden på "møringen". Lesing vart det inkje af. Onsdag byrja skulen. Det vart ikkje byrja før, af den grunn var det so få frammøtt um mandagen. Storhopen kom Tyrstdag, O. Flø og Hole gjekk i skule Onsdag, men ikkje me andre to. Me ordna med tyet vort og pusla med eit og anna so, men ikkje det mindste lesing heile onsdag. Eg pusla litt med reknskap. Torsdag bar det endeleg i veg på skulen, men eg kunne ikkje det minste lekse. Men eg vart ikkje spurd so det gjekk no bra på den måten. Engelsk stilupp: "Isaac Newton and his Breakfast". – Ikkje det mindste lesing Torsdag helder. Slenging frå hus til hus – sette seg på ein stol osb. Let arbeid forresten. Ja det er aldeles som eg ha mist hugen til å lesa med joli. Osnes's råd Me må taka os isaman kan derfor brukast med største ret. Fredag var me og tenkt os på skole men då søv me til kl. 11 heile kula her i huset, so det vart skulking ja og det tilgangs med. Klokka 12 var me endeleg på beini komne. Men då kan de tru her vart liv med os. Osnes kom setande nedover og vilde finne os då kl. var eit kvart på eit. Men kararne viste råd. Me berre sprang og gøynde os burt, eg innpå Sengekammerset og Flø innpå kjøkenet. So vart Hole sitande att og lesa historie då Osnes kom inn, og han fekk heile skrubba – Samtalen vil eg ikkje referere. Det var den gamle gode råd: Ta os isaman og sjå um me kann verta staute karar. - - - Seinare på dagen ha eg den hugna og få helsa velkomne att 2 gode kameratar frå fyre jol: P. Vikene og A. Sande. Dei kom i dag og i nat ?. Me ha ein svert hyggjeleg ettermiddag med samrøda um ymse ting – Tidi gjekk fort desse slenjardagarne. Ein viste ikkje av fyrr det var tid å leggja seg. Fredag heller las eg ikkje noko so det var småt bevent med leksorne mine i dag og. Det einaste eg hev gjort hev vore at eg hev tekje up status som viser formue pr 1 janr. 1902. Kr 2, mot i fjor pr 1 jan. 1902. Eg vart høyrd i Engelsk i dag med, kunne ikkje noko. I Engelsk stil 1,5. I dag hev eg heller ikkje lese. Frå kl. 4 til 7 sat eg ute med Fylling og spelte kort. So fekk eg låne ei Tysk Elementærbok med Næss, for eg hev meining um å byrja med tysk no når eg les so lite. I kvæld er det Losjefest, men eg er der ikkje. Begge Flørerne er der og forresten mange andre skolegutar. Ein ny elev er komen no. Ein lærar frå Hardanger. Det blir nok ikkje godt å halda trap no. Han Karlsen hev fengje ein son no. Han er eit døgn gamalt ikvæld. I det heile hev eg havt det godt og let denne vika. Tidi hev gåt fort, og eg hev ellest ikkje noko å klaga på. Men når eg ser tilbake på det arbeid eg hev utført i vikens laup, so må eg seia: Det er ei spilt vikka, det er spillte dager, spillte timar. For kva hev eg gjort – Ingenting – Kor langt kjem du, vil du leva livet so. Ingensteds. Eg vert ståande her. Å, det vert sårt å sjå tilbake på so mange spilte timar. - - - - - Å måtte eg finne det dulde som kann vekkja meg upp frå sløvheiti som kan bergteke meg. – Å, den som kunne nytta kvar time af

livet. – Eg var ein liten tur uti gata no for ei stund sea, men der var ikkje vidare hyggjelegt. Næsten kvar einaste Volda-gut var full. Skrål og snøballkasting so ein kunde verta ræd. Ja no er det sengetid so eg fær vel slutta for i kveld. Kl omt 12. Midnatt.

**Sundag 12 janr. 1902.** Klokka er 10 ½. Jori er kvit af snø som kjem veltande i tunge myrke elingar inn frå NW, samtidig med vinden som kvirvlar snøen upp i lufti og blæs den inn i krokar og krær. Lufti er so kald at me hev fyrt i byså i dag. Ikkje fyrr kl. 12 stod me upp. Men det hev ikkje vorte det mindste lesing i dag helder, eg forstår ikkje kva råd eg skal bruka for det. Eg trur eg må ta meg fyre med tvang. Difor hev eg og gjort av med meg sjølv at eg skal byrja og lesa mine leksor imorgo, enten eg vil eller ei. – Eg hev fenje fåt ei tyskbok no for å hava noko nyt å tusla med. I dag hadde me eitt kvikt ordskiye om religiøse ting. Det gjekk heilt varmt til. Vikene, Sande, Årø og Flø. Emne: Guds alvidenheit! Resultatet vart nærmest: Me finn løysnad på alt me kann skyna i bibelen, og forresten kan ikkje menneskja skyna (begripa gud) seg på gud, - - - På Bedehuset hev det vore Bacar og på Framhald er det dans. Eg hev halde meg for det meste inne heile kvelden. R. Flø sit no og les geografi. O. Flø er på dans. Hole er ute og spasserar. Eg må vel slutta for i kveld, for eg kjenner somnen kjem og vil gjera seg gjeldande, forresten so vil eg no skriva brev heim i kveld. Voldi kl. 11 um kvelden.

**Laurdag 18 januar 1902.** - *Frå 12 janr til 18 janr* – Torsdag: I dag må eg få lov å skriva nokre ord. Klokka er ½12, og eg sit heime og ikkje gjeng på skulen. Eg er so slap og viljelaus no at eg reint fælest over meg sjølv. Kva vert det til dette her? Å det er eit fælt liv som vert føre. I staden for å lesa er det banning, i staden for å gå på skule er det skulking, og so gjeng det berre burte i ørska. Vilje, ja det er det snart ikkje lenger tale um, for viljen rår ikkje det minste med meg. Eg er so viljelaus som eg kan vera. Eg let meg styra af det som fell meg inn. Samvit? Ja, det er smått bevent med det og. Det er berre ender, og ein gongen det verka på meg, so eg vakna og ser min elendige tilstand. Især etter at eg på det fælaste hev forbrote meg mot livets lover. – Ein slik dag er i dag. Eg hev vakna upp or ørska og ser mi eigi elendigheit, og eg vil difyr nytta høve til å rita upp mine tankar. – Å! Kor lenge skal eg gå slik – viljelaus i sus og dus gjennom verdi – utan å vita det mindste um meg sjølv. – Er det ikkje på tide at *jeg tager skeen i en anden hånd*. – Er det ikkje på tide at venda burt ifrå den fæle vegen som eg hev gjenge og byrja på ein annan betre og ljosare veg. – Kor mange spille dagar er det ikkje å sjå tilbake på i livet mit. – Er det ikkje nok um eg ikkje skal legja fleire til tallet? – Å, må det heretter verte umskipnad. Måtte eg heretter leva eit liv som er verdugt å leva! – Eit liv med rikt og godt yrkje, so ein kunne hava gleda af å sjå tilbake på livsdagen sin. Måtte det verta! - - - *Torsdag 16 jan 1902 kl. ½12.*

Laurdag: Eg er nettup attkomen frå ”Norsk stil”. Uppgåva var: *Hvad jeg tar meg til i ledige stunder!* Brev til ein ven. Ei fælt vrang oppgåva, eg trur knapt eg hev skriva so dårleg stil sea eg kom på skulen. Eg fekk ikkje til nokon ting. – No hev eg meldt meg inn i ungdomslaget, og i kvæld skal eg på fest, so eg fær vera stutt af meg denne gongen. Eg fær skriva meir ein annan gong. – Lidt um skulking og lesing no. – Sea eg kom hev eg skulka 2 heile dagar og 1 time gymn, 1 time lit.h og 1 t matem 1 t eng og 1 t naturfag, tils. 2 d. 5 t. Fredag fekk eg ei heil overhaling af Osnes for mi skulking, men dei som er mykje verre en eg, dei slepp fint unda. – Ja det er soleis. Eg skal no heretter prøva og nøkra meg på skulen medan det er råd. –

Med lesinga gjeng det framleides skralt. – I det heile kan eg seia eg hev ikkje lært mine leksor sea eg kom att, men eg hev no den tru at det vil kome til å rette seg. – Engelsk hev eg ikkje lært det mindste, - likeeins matematikk, eg hev ikkje bok sea eg kom att. Historie hev eg loso ein gong, det var forrige mandag. Geografi hev eg opna ein gong, det var forrige mandag. Naturfag ikkje opna. Andre bøker heller ikkje, so ein kan skyna det er ikkje rart bevendt med lesingen. Skal det gå slik framyver like til våren, so vil det nok kome til å verta ein fin eksamen å taka. – Nei det gjeng ikkje an å visa so fælt slapp og lat linger. - - Eg lyt prøva og stramma meg upp. Kvar dag no ligg eg til ½ 8. Eg hev ikkje ståd upp før ein einaste dag; men eg vil vona det retter seg. ---- Torsdag var eg uppe hjå Bøe og las tyrsk saman med Vevang. Det gjekk bra, eg likte godt fyrste lekse, me skal lesa ein time for veka heretter kvar Torsdag. Det lid alt frampå kvelden, so eg må vera kortfattat medan eg forteljer um veiret. Det er umtrint same veret no som før. Snøv og regn, storm og stille um einannan. Måndag var det slik snøstorm at det var knapt me kom og att frå skulen, og sea var det ikkje råd å koma ut for dør. Tyrsdag var han meir upplett med snøv ender og ein gongen kald og gufsen. Onsdag var eg på Bedehuset på Basar. Der gjekk det nokre penger igjen; eg tok nomer, men vann ikkje noko. J. Bøe van ein lenestol fr 28 kr, nokso bra gevinst. Torsdag var det snøv og frost igjen NVest. Fredag regn og læke. Laurdag. Sunnavind og regn og vind. Snøven kvarv nesten burt i dag. No må eg då slutta og gå på ungdomslagsfest, meir ein annan gong. Både um veir og vind.

**Tyrsdag den 21 janr. 1902.** Klokka er 12, so det er tid å leggja seg, men eg sit endå uppe og fleire til meg. Ute er det måneskin, men myrke skyer dreg seg ender og då att fyre månen og gjøymmer honom. Ender og då kjem også Snøslavsbyger setande. - - Det er eit ruskjever. – Sondag var det regn og storm, måndag snøv og storm, Tysdag regn – snøslavs og storm og stilla. – Himelen stadig yverskya, berre ender og då glytter månen fram – men det lid utaum joli. 21 dagar er gådd af januar – Soli stig – våren stundar til – våren – Å, - kor herlig det er å tenkja fram mot den fagre vårtid då al god væksten gror og veks. – Ljose ungdomsdagar – vår. Det eg framlides tenkjer på um dagarne, det er um spillte ungdomsdagar. – Eg er verkeleg ein slik som gjeng og Fæstar burt ungdomstidi til ingi nytte. – Driv dagarne hen med ingenting. – Vert eg ikkje snart regtigt alvorleg fælen yver mit eigi liv, so veit ikkje eg. Det ser no myrkt ut. – Eit slikt dårlegt uverksam liv hev eg no aldri livt. – Tenk, i går skulka eg. Låg like til kl 2 ettermiddag, og då kan de skyna kva eg gjorde. - - Og ikkje las eg det mindste heller, det som var att av dagen. Eg gjekk berre og heldt leven. I dag var er på skulen då laut eg up i naturfag; men eg kunne ikkje det slag, eg fekk umtr. 4 eller 3. Fuglarne som me hev havft um, hev eg ikkje lese det slag um. – Likedan i andre fag og, eg hev ikkje lese det mindste. I dag hev eg ikkje åbna bok. Når eg kom frå skulen, la eg og sov til klokka ½ 5. Då gjekk eg på skule i møte i festkommiten for ungdomsforeningi. Der var eg til kl 7. Sea var eg ute med Vikene og Sande og spelte kort. – Klokka 10 kom eg att, og sea hev eg sotte og berre helde på med moro. – Eg kan aldri forstå meg sjølv. Det er akkurat som eg skulde ha vore sjuk. Eg fær ikkje til å lesa, korleis eg enn fær åt. Sume tider er liksom alt so myrke og svart kring meg at eg augnar liksom ikkje nokon utveg. Alt myrkt og svart! - Gjev det måtte koma ei ljosare tid. – Eg lengtar sårt etter den. – I dag fekk me at Norskstilarne som me skriv Laurdag. Eg fekk 2- som eg aldri hadde venta. – Eg er no trøytt so eg må leggja meg. Måtte det snart verta betre med meg.

**Laurdag d. 25 jan 1902.** Eg sit ved bordet og tustas med eit og anna. I grunnen skulde eg vori ute, men eg er ikkje ret frisk, haudverken, er sleim med å plaga meg ender og ein gongen. Himelen klår og rein skytavarne er sopt burt frå den før so gråtunge himel. Månen og stjerner hev kappast um å lysa up den myrke jordi. Myrkits heim. Det er verkeleg godt veir no i kvæld, og i dag såg me soli for fyrste gong etter nytår. Å der var herlegt å kjenna dei varme solstrålerne liksom stikja ein på kinnen. Ein fekk liksom eit fyresvip um at våren er i vente – våren – å vår -. Veret ev til no vore stykt umtrent som det var då eg reiste heimafrå, men i dag hev det endeleg vorte forandring. – Onsdag var det sturtregn storm af S. og liknande, nokso mild luft heile vika. Torsdag same vere. Spillevatn og vind. Klæderne fer ynkleg i slikt veir. Det er nettop ein kan tora sjå nedpå boksa si. – Fredag var det ikkje fult so gale med regn som Torsdag, um kvelden var han reint upplett. Lufti mild. – Ja so må eg skriva um det offentlege liv denne vika. – Førrige Sunday vart eg vald til medlem af festkomitéen for ungdomslaget. Tyrsgdag hadde me møte då vart eg vald til redaktør for festbladet som skal utgjeast på festen. Stykkjer til bladet er det kome lite af endå. Berre 2 -3. Men det kjem vel meir. Program til festen laga me i dag. Det er eit storartet program med seksogtjuge programspostar. Likefrå kl 3 i dag hev me tusla deruppe med å stella til. Festkomiteen var: Vestad, Stabell, Osnes, Næss og Ren Dahl, Vevang, Kristvik, Ødegård, Uri og fra? Mai, Engor Bruland. – Det ?? er nokso fint dekorert med grønt og flag. Gjenten ha arbeid med å snika brød, me hjølpte til. I morgo kl 5 skal festen byrja. – Eg kom att kl 11 derfrå og sea hev eg ikkje vore ute. Men eg skulde hava lyst til å gå ute og spassera i kveld, å det fine fagre veret, men eg er ikkje rektig frisk som eg hev sagt før. Ikveld er det fest på, Framhald. Ja so lidt om det private liv. Med leksorne gjeng det same gangen. – Inkje – Les umtrent ein halv eller heil time for kvelden. No i det sidste hev eg um Kveldarne vore burte med Grip Rørvik og Bøe for å spille på Accordeons. Jau so fær eg vel slutta for denne gang. Eg må leggja meg. Eg skal skriva meir um lesinga ein angang.

**Laurdag 1<sup>ste</sup> Februar.** Eg er no komen inn på min hybel, alt utearbeide er fråseggjort. Eg hev vore ute og helde lidt leven ikvæld, men no er eg innattkomen. Det er stålände fint veir. Himlen er klår og rein og ei fin kjøle framno dalen, kjøler lufti. Snøen ligg inhover markerne og dekkjer alleting, den myrke skogen stend klædd i kvitkåpa. Det er kaldt som venteleg kan vera i slikt veir, men det er helsestærkt at gå ute og droga frisk luft sodant veir. Det færdas mykje folk ute i gaturne um laurdagskvelderne og hyggjelegt er det å sjå at folk er ærdru, for det var no dei fleste i kveld. Veret hev vore fagert heile vika, mot før hev det vore ruskje. Sunday fall det mykje snø, Måndag ogso, Tyrsgdag ogso litt, men Onsdag og desse sidste dagarne hev det vore upplett, klår himmel, kald lett kjøle ender og ein gongen. Det er herlegt skiføre no, og mange er det og som leikar i bakkorne med det no. Eg skulde berre hava meg eit skipar so eg kunde få vera med i det friske og hellige livet. Ja so fær det vel vera nok um veiret. – Eg må fortelja litt um festen sundagkvelden. Den gjekk kjekt og livlegt af seg etter det bestemte program. Den byrja klokko ½ 6 um kvelden med velkomsttale af Kristvik, so song og Festtale af Stabell. Han tala især bibelens betydning og værd. So song, uplesning af Bruland og Foredrag af Høyem. Han heldt ein overlag fin tale um kristendomens livsuppgåvor. Det var mykje i talen hans som både kom frå hjærtet og gjekk til hjærtet. Ungdomen hev godt af å høyra på slike talar. Han snakke fint landsmål som ogso var gildt å høyra. Han fekk dunderande bifall. So var det song, musikk af Gj? som spelte overlag fint,

mjukt og lokkande. Han fekk difyr og dunderande bifall. So vart det beverting med chokolade, smørrebrød og i mellomtide og etterpå leikar som fekk stor moro afstad. Då dei var færdige med det, samlast dei i festsalen igjen. (Festsalen var overlig fint pryda med flag og grønt). Eg fekk diverre ikkje høyra talen hans Våge, det var berre eit litet stykkje, for eg var upteken med å stella til tablåerne. Men dei sa det dei som høyrde talen at det var et overlag fint foredrag, og mange vart varme um hjærtet. Han fekk dunderande bifallsklapp som ingen annen. So vart 2 tableauer framsynt: ”Den bestjålne drankar” og ”de fire årstider”. Dei gjorde bra lukke. Eg var med i dei beggje. Etterpå musikk af Bakke, song, leik og ymse. So tale af Osnes især over emne ”store bekkje små gjer en stor å”. – Det er ikkje noko ein må passe seg for som små? og småskuld. I det heile so vart det sagt mykje godt som er verdt å leggja seg på hjarter. Lærararne var der som innbedne. Etterpå var det beverting med appelsiner og ??, og so las O Flø upp et stykkje. (Hoem las et stykkje før um kvelden). Når Flø var færdig, las eg upp avisa som ikkje ha so aller verst innhald. So var det Skulestoveleiken med Maine som lærar, den gjorde udmerket moro. Folk log og log - - - Musikk – og tilslutt Tablauet *Til Sæters* som gjorde god lukke, so las eg up ei skrøna, og då det var gjort, var kaffen færdig, og folk gjekk og fekk seg mat. Etterpå musikk festmarsch og slutt. Klokka var då kring 1. Festkomiteen var der endå ein time med å ordna til, og eg lagde meg ikkje før ½ 3. Alle var einige um at det var ein vellukka fest. Mandagskvelden hadde me som ein liten slabberas attpå med chokolade og kveitebrød, dei som var med i festkomiteen. Ja so fær det vel vera nok um festen. Med skolen og skolkingen går det som før, ligeså med læsingen – anned eg har holdt meg mer inde i det sidste. I dett heile hev eg skulka 1 heil dag og 7 timar denne vika. Lekserne mine hev eg ikkje kunnet ein einaste dag, men eg vonar det kjem til å retta seg, for Stabell jagar på til examen. Med lysken har det gåt bra hidtil. I dag hev me fåt 2 kamerater til Rørvik og Bøe som skal bu i den storstova som Åhus hev haft fri. Me vert soleis fleire i selskapet og sjauen difyr større. Torsdag fekk eg sending heimafrå med kokefisk og andre gode ting. Dei var friske heime. No i kveld hev eg skrive brev heim. No er eg so trøytt at eg må slutte, for klokka er allereide 1. Eg fær difyr slutta med min labskaus, eg seia Godnatt! 1 Febr 1902.

**Sundag 2 Februar 1902.** Eg sit inne på romet mit. Tankarne vender seg i dag heimyver til livet der ein slik kveld. Det er kyndelsmessdag i dag, fiskje er mest byrja. Gamle minner frå i fjor iforårs strøymmer innpå meg. Eg synest eg ser dei der heime gå å venta på at fiskjekararne skal koma, sume er også kanskje komne ialfall rorskararne. Det er liksom eit nyt liv som hev byrja. Dekksbåtarne lig og rugga so alvorlegt nedpå hamni. Og so livet millom ungdomen. - - Men eg er no her, og finn meg bra tilrettes. – I kveld hev eg vore på Framhald; der hev det vore framsyning av eit Skodespel, *Laurdagskveld til støls*. Stykket vart fint utført. Det hev vore bra veir i dag og. Litt mildare i lufti enn før. No er han overskya, og det vert vel snøv med det fyrste. Det er ikkje rett fritt det yrer og snøer også. I dag fekk me os middag nede i storesalen hjå Bøe og Rørvik. Eg hev ikkje lese noko anna enn ein gong over geografia mi i dag. Sea hev eg gåt ute og ralla, vore på losje osv. Høygård las upp eit stykkje af Lies bok: *Når jernteppet falder*. I von um at eg må verta bra flittig å lesa heretter, sluttar eg for i kveld. Klokka er 11 so det er og tid å leggja seg.

**Tyrsdag d. 4. Febr. 1902.** Det er no ein månad sea eg løvde med meg sjølv, no vil eg til å leva – leva virksamt og sterkt, reint og friskt, men diverre, det hev nok ikkje vorte noko reint og fint liv, nei. Liv i lediggang og lete, det hev voro det heile. – Men å måtte det verta betre heretter, betre både i likamleg og andeleg. – Ja, gjev det må verta!

**Laurdag d 8. febr. 1902.** Det er snø, det ruskar ute. Himmelen kvelver seg blå og snøtung yver os. Vinden blæs litegrand, men eg veit ikkje kvar han blæs frå. Snøen hev lege heile veka, no desse 3 – 4 siste dagarne hev det vore klårt og kaldt attåt. Før hev det vore liksom ein millomting millom læke og frost. No og då snøstans og ender og ei vindbyga. Ellest bra veir forresten. - - - No må eg seia litt um lesingi og ellest so hev eg ikkje noko sers å skriva. Eg hev ikkje skulka meir enn ein gymnastiktime denne veka og ellest hev eg vore på skulen kvar dag. Eg hev også lese litt denne vika, so eg trur tidi ikkje skal verta vekkasta dersom eg held ved med det. Ellest hev eg ikkje lese mykje, men litt er då betre en inkje. Men eg vonar det endå betre med tidi at eg måtte liksom koma til å liva meg inn i det – litt etter litt. Matematik og sonslag les eg lite af, det er so mykje eg glytter i det. Ellest er det Histr – Geog – Fys – Tysk. I dag hadde me Norsk skulestil: Et præmieskirend! Eg skriv han på 3 blad, men eg tvilar på eg ikkje hev troffe riktig godt upgåva. - - - Ellest er alt med det gamle. Alle er bra friske osb. I kveld er det logefest på Skulehuset, men eg er der ikkje. Eg er pengelaus. Fyrdag miste eg ei krone på skulen. So må eg skrive litt um Skirennen som var på Fredag. Me fekk fri Fredag ettermiddag for det skulde haldæst skistemne for alle 3 skularne uppe i bakkarne. Dei samlast kl 3 og hadde umtr. for 25 kr i premier. Det var både lengdelaup og hop. I lengdelaupet vann Huseby med 6-40 m. I hop ein trønder som heitte Sønnum. Det var reint hugnasamt å sjå på for meg. Etterpå var det premieutdeling på Seminaret. I dag hev både eg og Olaf Flø kjøpt os ski. Dei er no færdige. Eg gjorde meg ein liten tur upyver no, men det er ikkje fri, so det var ikkje noko renning. Måndag hev eg meir fri. Ja eg hev meir å skrive i kveld, eg vonar eg hev meir å skriva ein annan gong. Klokka er 11.

**Sundag og Måndag 9-10 febr 1902.** Himlande fagert veir. Kvitrande kaldt. Himelen klår og rein, og stjernorne strålar so bjart frå det høge blå kvelvet, liksom ein uhorveleg masse strålende diamanter elder edla steinar. So langt ein kan augna. Jori er vinterklædd. Snøen ligg utyver alle bakkar og haugar, gjøymer alle ujevnhedar, jordi ligg flat og fin med vidstrekke bakkar, og so snøen kor han blinkar og glitrar lik ei æventyrmærk i det drøymande stjerneljoset. – Å, kor fagert det er å leve – leva livet so friskt som ein Norsk vinterkveld. – og gjer ein frisk og sterk. Å, det er fagert å gå ute på den hardtrokka vegen no. Det knitre under foten. Ein kan anda inn livselixir i djupe drag. Det brøste som so lenje hev vore bøgde yver boki kan få retta seg og so frisk – frisk. - - Livet er herleg slik som det er. Vinter, sumar, vår og haust. Vinteren med den fagre vår i vente. Kor fagert er vel ikkje å gå og venta på våren? Men lat me bruka livet, for det renner so fort. Våren som me ventar på med vinteren, kjem snart, og sumaren ventar då heller ikkje lenje på seg, og snart kjem hausten, og då gjeld det um me hev nøytt tidi – tidi so me hev haft å styra med. - - - Desse tvo dagarne i dag og i går kjem og til å minnast som dei ljosaste og friskaste af mi ungdomstid. Eg hev liksom vorte ført inn i ei ny verd. Laurdag fekk eg skiene mine i stand, og bar det ut på prøvetur – alt um formiddagen. Eg var då i bakken ovanum Stabell heilt til middag. Sea so bar det af igjen, og leid på dagen bar det i veg oppå fjellet. Krohn, Flø og eg. Det gjekk ynkeleg upyver bakken,

bratt var det, og ikkje hadde me skistaver helder. Rett som det var, gleid skierne og me på nasen frammi snøen, og slik låg me og grov. Eg hadde ikkje votter helder. Men det var friskt og sterkt. Litt um sen so lærde me no os kor me skulde bera os åt, Krohn viste os, og fyrr me kom up, so var me no alt komne mykje godt på laje. Uppå fjellet var det herlegt å vera. Det vart viare friare, ein fekk sjå yver desse fjelli som liksom stenjer fyrr eins livssyn. Å det var herlegt å fara inn yver dei slette fjellvidderne og so nedyver siderne i flugande fart – lik en pil gjennom lufti, det pipar fyr øyro og so - - - Å, det er fagert. Det er verkeleg kjekt å koma upp i lufti! Ned igjen bar det vilt i veg, me måtte leggje os ned når det hev for mykje i fart. Og snøspruten stod kring os gang etter gang. Men det var friskt og fritt. Me kom ned igjen umtr. kl. ½ 7. Då var han myrk. Men det va ein minnerik tur. I dag var eg atter up igjen. Eg og Kvalheim var i lag. Flø skulde og vera med, men so gjekk så bindingi klar. I dag var det endå kjekkare enn i går. Me hadde mere tid. Det var kaldt, men det gjorde inkje. Me heldt godt varmen. Men endå gjekk det no mykje lettare i dag enn i går. Eg var liksom meir bevant som dei seier, og eg kan seia eg viste av at eg kom upp i dag mot i går, men so hadde eg no både stav og votta. Å det var frydt å vera på fjelli i dag. Me var so høgt upp at me såg utpå det store verdenshave. Der uppe var rom å anda vil eg tru. Det strøymde liksom innpå då eg stod deruppe. Derute sigler far, brødre, der ute hev også eg siglt, der ute er det og rom å anda. – Det er ikkje som å sita bøygd over ei bok. - - Me laga os hop deruppe. Eg stod utfyre 3 ganger, men hoppa ikkje noko. Kvalheim hoppa 5 meter. Når me skulde ned igjen, kan de tru det bar i veg. Kilometervis bar det nedyver i ei einaste fart. Så snøgt som pilen i lufta går. – På vegen træfte me Rørvik, Bø og Flø. Me vart der ilag det som att var. Me kom ned Heltene umtr. kl 5 ½. Slike turar vil aldre gløymast. Som en kan høyra hev me fri i dag, og difyrr er det vel eg ikkje hev lese noko til imorgo. Eg kan seia eg ikkje hev lest det slag til imorgo. Det einaste som eg kan vita på med er Historie. Men so trengde eg no litt tid til å prøva nyskierne.

**Laurdag 15 febr. 1902.** Alenhøg snø alle stader. Heile vika hev det snøa utan uphøyr. Folk seier at det ikkje hev vore so mykje snø sea 81. I dag hev det vore verskifte. Snøen hev gått over til regn som nå fell i stride straumar. Sunnavinden hylar og blæs. Denne vika fekk eg brev heimafrå. Dei hev endå ikkje vore på sjøen. Det hev vore stuggeveir og snø sea dei byrja. Friske hev dei vore alle. Eg hev ikkje skulka ein einaste dag denne vika, eg hev gjenge på skule utan å kunna leksorne mine, for eg hev ikkje lese det slag ein einaste dag denne vika. Ellest er alt med det gamle. Meir ein annan dag for eg hev lite tid i dag.

**Sundag 16 febr 1902.** I dag hev me alle vore i selskap hjå Karlsen. Me hev difyr ikkje lese det slag i dag og er som fylgje deraf aldeles uforberedte til imorgo. Me hev det nokso kjekt hjå Karlsen, flot beværtna og spel og dans. Froholm spelte. Det regnar ute. Snøen minkar med stormskrev, og folk på farlege stadar svæver vel no i angst for dei lierne snøfonner som i slikt ver pla ganga. Klokka er no 12 so eg vil leggja meg. I går nat skreiv eg norsk stil. Kl. 12.

**Sundag 23 febr. 1902.** Det lider langt på kveld. Eg er nettup attkomen frå seminariet. Det var mykje rørelse der. Eg hev knapt set på maken til åndeleg vekkjelse. Det var minst 30 som stod up å vitna um at dei frå i kveld vil fylja med Jesus. Det var hyggelegt å vera der: Frå

kl 6 – 8 var eg på middelskulen på ungdomsmøde. Stabell heldt foredrag um Sjæleliv hjå di?i. Det hev vore mildveir no i slutten af denne vika. Måndag Tysdag Onsdag var det frost og klårveir. Eg hev ikkje lese det slag denne vika. Ikkje lært lekserne mine ein einaste dag. Difyr kan eg seia Ho hev vore burtkasta. I går var eg sjuk og tannverk. Ja so må eg slutta for i kveld. Eg hev ikkje tid til å skriva meir for eg er trøit. Eg hev skulka 4 – 5 timar denne vika. Måtte eg fenje lyst å lesa denne vika, so ikkje tidi reint vert burtkasta.

(Her er 12 sider fjerna frå dagboka)

**Onsdag 17 april 1902.** Det er kveld. Sunnavinden pipar um stovenovi, og ender og då knakar det so reint uhugelegt i stoveveggjerne. Skyarne kjem so tunge og grå nordette himmelen i stormande jag – som på liv og død. Men det er vår, det er vårvind og vårskyer. Soli stend bak og venter berre på å få sleppa til for å kunne gjera verknad på jordi og os arme vesale menneskje. Eg er mørk og tung i hugen, og alt ser ut til å vera myrkt og svart for meg, eg augnar ikkje ljøs nokanstad. Skuggar seig liksom att yver hugen. – Å – alt er so audt – audt – Det er især det spilte livet som eg hev til å sjå tilbake på som gjer at eg er i slikt lag. Ellest so forstend eg det ikkje sjølv. Det er no lengje sea eg hev skriva i denne bok ----- Eg hev liksom segje saman – alle mine gode fortsetter hev ramla i hop, og eg stend som et inkjevetta att. Eg hev vore heime i påska. Dei var friske og ståka med det gamle. Liti fiskja i år. 2000 – 3000 på båt. No etter påske hev eg prøva å skulda lese litt. Eg skal skriva meir en annan gang. Det hev vore bra veir sidan sidste eg skrev.

(Her er 29 sider fjerna frå dagboka)

**26 sept 1902.** (Første del er vekke).

Fredag. Nu er høsten kommen. Sommeren den fagre, lyse tid er forbi. – En tung og mørk tid stunder til. - - - Jeg er hjemme nu, hjemme i Gamle Uri. Men jeg skal snart reise tilbage til Volden. ---- Det er så underlig med menneskene synes jeg undertiden. – Jeg kan umulig forstå dem. – De er så underlige. – Jeg trives ikke iblant disse menneske som bor her. – De forekommer meg så kolde og ufølsomme – derfor fryser jeg iblant dem – og jeg synes at jeg står i fare for at gå tilgrunde – fryse i hjel – hvis jeg skal være længer mellom disse mennesker. -----”Her er so kaldt at det er gru”. Ingen medfølelse, ingen forståelse, alle er opptagne med sig selv – egoismen råder. – Næste Onsdag skal jeg reise. Jeg skal da lade høre fra mig.

**Sundag den 18 – 19 okt 1902.** (Ein tale) *Eg høyrde eingong eit eventyr som vart fortalt. – Det handla um ein liten gut og korleis det gjekk honom seinare i livet. Dette eventyret hev vorte måla av ein kunstnar. Han hev framstilt det i fleire serier af billæte. Fyrste billæte syner os den vesle guten. Han er då ikring 8 – 9 år gamall. Han sit ute på skorsteinen og rotar i nokre glør som han ordnar på ymse måtar. Som han sit slik og stirer ned i glørne, tykkjer han at dei vert umgjorde til fagre slott, langt burte. Han stirer og stirer på desse slotti som han tykkjest sjå der langt burte, og den tanken stig upp i honom ”Desse slotti skal verta mine! Det frå vil eg nå fram mot desse slotti”. – Men dei folki som stod omkring og guten såg på honom, dei såg ikkje noko slott. Det såg ut som berre glør som fyrr. So kjem det andre*

bilæte. Guten er då mest vaksen kring 15 – 16 år. Me finn honom gangande ute på ei grøn blomelædd eng. Det lid mot kveld. Soli sender sin sidste strålar innnyver fjelli. Himmelen er klår og rein. - - Det angar so friskt af unge blomar i lufti. Bakanfor denne grønfagre engi ligg ein stor myrk svart skog – og bakanfor denne skogen augnar me store fjelltindor, klæd i ein kvit kåpa av berre snø. – Og soli som stend bleik og raud nede mot synsrandi sender sine sidst gyllænde strålar innnyver skogen og fjellnutarne. Det blenkjer og skin i snøfjelli som af berre sylv. – Guten gjeng ute på engi og stirer kringum seg. – So vert han stirande på desse snøfjelli bak den myrke svarte skogen. Dei strålar no meir enn fyrr. Soli er nede, men der inne på fjelli skin ho enda. – Dei strålar som i berre sylv. – Og guten vert standande og sjå på innnyver. So med ein gong tykkjer han at fjelli vert til store fagre slott. Akkurat dei same slott som han såg då han låg uppe i gruva og stirde ned i glørne. Det byrjar å røra seg noko undærlegt inne i honom. ”No må eg fram til slotti min. Lat reisa kosta kva ho kosta vil. Eg vil ikkje lenger tapa dei av syne.” – Og han byrja leggja i veg mot dei fagre slotti han tykkjest sjå bak den myrke, svarte skogen. ----- Men andre folk som og såg desse fjelli, tykte at det var berre snøfjell som kveldsol skjinn på og gylla med sine strålor. ----- So kjem tridje bilæte. Guten er no vaksen, - 18 – 20 år. Me finn honom inne i en tung myrk skog. – Den same skogen som me såg litt av i det andre bilæte. – Kring honom stend høge myrke tre, so det for fyrste augnekast ser mest uframkomelegt ut, og inne millom trei lurar fæle udyr som trugar med å vilja riva i seg den arme guten som vågar seg til å ferda gjennom denne skogen. – Dei glorer og stirer på honom, og serleg er der eit fælt eitt som rett som det er, trugar å sprenga på honom. – Men guten rymer undaf – lett og behendigt, for framme millom dei myrke granerne lyser der noko fagert, det er skinet frå det fagre slottet som han tykte sjå den kvelden då han gjekk ute på den blømande engi. Han hev endå ikkje mist dette slottet avsyne. Trods alle fårar han hev vore utsett for frå dei fæle udyri inne i denne myrke skogen, so stemner han då iveg fram mot slottet frå udyri. No hev han og fengje eit godt våpen i handi, men endå vågar han seg ikkje i kast med det fælaste udyret inne i denne skogen. Det som allstøtt var honom i hælarnе. Men ettersom han kjem lenger og lenger fram mot målet sitt, so sterknar han, og han gjev seg i kast med udyret og drep det. No er han – fri, no – kan han fortsetja marsen uhindra. Og det gjer han og. Med nytt mod legg han iveg. ”No skal eg snart vera framme”, tenkte han med seg sjølv. So kjem fjerde bilæte. – Guten er no framkomen, og han finn verkeleg eit fagert slott som skin som soli av berre sylv og gull. – Me trudde at det var berre snøfjell, men no ser me kva det verkeleg var. – Ut frå dette slottet kjem ei fager prinsessa og tek imot guten, og me kan no skyna alle og einkvar kor det bar til. - - - So kjem femte bilæte. – Atter ser me slottet skinande i sylv og gull. Men der er mykje folk uppe på slottet i dag, for der er brullaup. Guten held no bryllup med prinsessa si. – Også i dag stend markane i bløming slik som den kvelden då me såg honom ute på engi stirande inn mot snøfjelli som lauga seg i dei fagre kveldsolstrålar. - - Himmelen er klår og rein og soli sender strålorne sine på det fagre slottet som kastar solljoset tilbake att i tusund fargar. – Guten tykjer at slik som soli skin no hev ho aldri skine fyr – for no er han lukkeleg og glad yver å hava nått sin ungdomsdraum. - - -

Ja soleis lyder dette eventyret, eller rettare soleis las eg det som det var framstelt på desse bilæti. --- Og er det ikkje slik med ungdomen at ein ser framtidi som fagre slott langt burte! Jau og slik må det vera. Det er mykje fagert i livet, mykje som er verdt å stræva mot. – Og idealer det må ein ungdom ha – skal det verta noko verkelegt liv for honom. Og desse måla

som sit seg, dei er no so ymse, og me er ikkje store karane fyrr me tek til å måla ut korleis framtidi skal verta for oss – og me byrja allereide då å arbeide mot desse måli. Og me gjev oss herlege og dyre lyfter. Men folki som stend kringum ser ikkje det me ser. Det me stemner mot ser ut for deim som tull og tøv og fjas. – Dei ser ikkje noko anna i det enn berre glør. - Og me veks, vert større og større, mognare og mognar. Livet med sit myrke alvor møter oss, og stundom vert det me strævar mot kjært av livets alvor – stræv og møda. Men der kjem og fagre sumardagar med grøne friske engjer og klår og rein himmel med gloande kveldsol. Då tykkjest livet oss ljost og fagert – og då med eitt ser etter vore høgbiæte ideal frå farne tider – berre at dei no tykkjest oss klårare og bjartare, høgare og større enn fyrr. Og me tek atter til å drøyma um ei ljost og fager, rik og stor framtid. – Men no er me komen lenger på livsvegen enn sidst og soleis vunne meir kjendskap til livet. Me veit at det nyttar lite å berre drøyma. Difor tek me no for alvor fatt og stemner mot målet som me freister aldri å tapa avsyne meir - og mei knyter henderne i den hardaste vilje og gjeng på. Men dei andre som såg på oss, og det me såg, såg ikkje noko anna enn berre snøfjell. – Berre me såg at det var meir. Men mellom oss og målet vårt ligg ein stor, mørk skog med fæle udyr av mange slag. – Denne skogen det er livet med sine fårer og freistingar. – Me kjem til å verta nødde til å gå framum mangt og møta mange fårlege udyr fyrr me kjem fram til målet. – Og difyr lyt me kjempå – for utan kamp når me ikkje fram til målet. Og i denne kampen gjelder det å vera godt budd, for er ein godt budd, so torer ikkje udyr taka på oss. – Og gud heve gjeve oss eit slikt sverd til vår hjelp. Det er sitt ord. – Det gjeld difor å haldå fast på hans ord, og bruka det når udyri vil taka på oss – og til lenger me held på ordet hans til sterkare og sterkare vert me. – Det gjelder difor å likna denne guten, for er me det, so skal me nå målet og verta lukkelege.

**Laurdag den 20 dec 1902.** Eg er no heimkomen frå Voldi. – Skal halda jul heime. – Men det er so undarlegt. Eg er ikkje i so godt ”humør” som eg skulde vera. – Inkje er ljost alt myrkt og svart. – Tyrsdag den 11 nov og ein sodan av og til dag. Då var eg i Voldi. --- Sundag den 18 okt do. Ellest hev det gjenge bra sea 26 sept. - - Frå 1 okt hev eg stræva på sem, men eg tykkje ikkje at eg hev lært noko. ----- Til Voldi skal eg igjen etter nyttår. Då skal eg vera der ut jan., og so kjem eg heim og ror fiskja. Då skal eg skriva litt i denne boki og rita kort upp korleis eg hev havt det i millomtidi.

**Nyttårsdag 1903.** Det er kveld no. – Himmelen kvelver seg blank og rein yver jordi – og stjernorne blinkar og blinkar deruppe og gjeng sin vanlege gang kring himelkula. – Ovfagert ver. Lufti kald og klår --- Men eg er doven og dorsk – ser ikkje at veret og livet er fagert. Ja det er fagert å leva, for den som berre ser det. --- Enno ein gong hev me fengje eit nytt år. – Eit gamalt hev seg attum bakken. Det hev gjenge kvar ein dag, me hev ikkje ein einaste att, og me fær helder ikkje nokon att. – ”De dage som svant kommer aldri igjen” – Det er ei sanning som alltid stend fast, og det er til å tenkja på. Livet det er til for å levast, me hev fått tidi for å bruke henne. – Men korleis hev eg brukt denne tidi eg hev fengje? – Dårlegt. Eg hev vore altfor mykje eit nytteslaust menneskje – hev ikkje noko verkelegt liv å sjå attende på. Mest berre spilte dagar!

**Tyrsdag den 17 februar 1903.** Ja no er eg heimkomen og skal ro fiskja. Det er fjorten dagar sea eg kom. – Men det er syrgjelege tilstande! Dårlege utsigter! Å – du og du for eit ver.

Storm, snø, regn, frost, stille i eit rusk dag ut og dag inn uafladeleg. Himmelen heng so myrk og svart like ned i augnebrunerne på deg. – Det er tunge og triste dager for den som skal hava godver. – I går var det beste dagen på mest ein månadstid. Det var då so mykje me fekk hetta oss rundt. Gjeiti og karna på foreiningi. – Laurdag var eg på Nogva etter tyet mitt. Det stod der i 14 dagar. Forrhige vike dreiv to båtar på Longva saman og slog isunder og sakk ned. No hev dei fengje deim uppatt. Eg skal skriva meir ein annangang um korleis eg hev havt det i millomtida. Heime kl. 12 m

**Fredag den 10 juli 1903.** Det er so myrkt og tungt i dag. Himmelen er det av regntunge skyer som kjem sendande i det villaste jag nordetter himmelen liksom jagande kvarandre, søkjande hemn for eitkvartslag – villare og villare vert liksom jaget til meir stormen veks. – Skodda legg seg ned på fjelltoppane tung og gråkald og våt, jagor i svimlande fart utfor fjellbrunerne liksom sopande med alt som er i deira veg. – Skodde og regnskyer allestader – ja ute i havet i vest ser himmelen ut som skulde det vera domedag. Regnelingorne kjem og regnet øyser ned yrande tett – jagar langs fjellsida som etterfulgt av vonde andor – piskande mot ruta som kvinande væsener der søkjer ly mot uveiret. Vestavinden uler og blæs – sur og kald. – Drivgovorne stend inn fjorden som det skulde vera seinhaustes når det stormar på det verste. – Bygerne rykkjer i Stova, so du kan kveppa upp av stolen rett som det. Stova skek og ristor sig, han buldror med luka – so um natti er det mest ikkje ro å få. - - Ja det er eit syrjelegt ver for å vera i slåttetidi. – Tru um ikkje vert betre lid på? – Det er lenge sia eg hev skuve i denne baki no. Um korleis eg hev havt sia i fjor haust hev eg ikkje skrive. – No skal eg då freiste å skriva litt. - - Yver heile livet mitt sia i fjor haust må eg setja i eit einaste klagerop: Det hev vore spilt – spilt – spilte dagar for det meste. – Ja eg kan mest segja at det hev vore spilt alt – alt – å det er fælt – fælt – so fælt at eg mest græt no. Å um eg kunde uppleva berre ei vika – ja ein dag um so var – då eg verkeleg for alvor kunde få kjenna livfylla kring meg – men mitt liv er tomt – innhaldslaut – eg stemner liksom ei tom skute utan styrmann utan mål og med burt i von og vite – i det endelause. – Skal det då aldri verta betre – skal eg gjenga under, under denne tomme livskampen. – Skal livet mitt heilt verta spelt – skal eg aldri få stranda som det heilt øydelagde vrak? – Å det er ei mørk framtid å stemna mot – ganga under! Verte totalt øydelagt! – gå i gravi som eit inkje i livet – å for eit elendegt liv. Å kor eg ynskjer at livet skulde ljøsna for meg – arming. – Å um eg kunde få leva eit verkelegt menneskeliv – um eg kunne få kjensla av liv i meg. – Å eg skulde vori lukkeleg. – Men korleis gjeng det. Hev eg verkeleg von um at det skal ljøsna for meg? – Kvar eg komen? – Tru um ikkje eg er komen so langt at alt er fåfengd? – Det er fælt å tenkja det – men det er ikkje umoglegt! – Uff! – Men korso alt er no, so fær det gå som det vil med det. – Er det for seint so er det – kan eg endå reddast so for det forsøkjast. – Eg vil prøva å verta eit anna menneskje – bera eller bresta – det skal provast – no eller aldri. – Å måtte det lukkast. – Eg magtar lite so eg trur at her må ei yvernaturleg hjelp til. – Den alnytige ovanfrå for vera med meg. – Ja so må eg då fortelja um livet i det gjengne år. – Eg var heime september, reiste på skulen – som - 1 okt. Der gjekk eg no og dreiv – det vart ikkje noko gjort – eg var dagdrivar. Lærde sjølvsgt heller ikkje noko. Det kunde hende at eg ein og annan gangen kunde skoda i ei eller annor boki, men det var det heile. Skulket mykje av skuletidi og kunde ikkje leksorne, hørde til det vanlege. Dette vyrkelausa livet førde anna vondt i sitt fylgje. Eg fall – som mang ein gang fyre – men angra trast – som fyrr – lovde betring som fyrr – men alt til inkjes som – Eg kjende at eg var

mergstolen, såg det med gru! – men kunde ikkje taka meg so mykje saman at det vart bra. – Stadigt som fyrr. Då var det ikkje so galt um hausten. Eg freista nokelunde – heilt upptil og yver ein månad – men so kom ? stunder att og alt fåfengt – alle gode lyfter gløynde og - - - - Ja hausten gjekk no slik. – På festar gjekk eg når det var høve – ungdomslagsfest med dans og losjefestar. Eg var vald som Ø.T. i losja for fjordungåret – men det gjorde ikkje noko til å brigde på livet mitt – berre freistnader – i fåfengd. – Eg vert alltid born. – bornagtig. I klassa kom eg snart til å stå til skamme. Det var mange flinke og eg til å sitja attast i kråi som eit null – 0 -. Men det verka ikkje til at eg tok meg saman – pytt -. Eg torde nok at eg skulde byrja etter jol – pytt san – eg sa det. – So kom joli og feria. – Eg kjende då litt av denne joligleda – kjende liksom eit pust af det verkelege livet strøymer inn yver meg – kjende meg liksom so sæl og god – men det gjekk som vanlegt upp i røyk – kvar myrke stunder kom – livet miste liten sin og eg – eg gløynde alt og – ja sjølv i joli. Jolenatti var det fæl storm. – Folk kunde knapt minnast slikt. – Var uppe heilt til kl 1 natt. Far hadde fiska bra um hausten kring 200 kr i hysepenge. – Som vanlegt var eg på fest her i joli – Avhaldsfest og ungdomsfest med dans. – Far vert vond på meg for at eg var på dans. Han var endå sjuk då eg reiste attende til Voldi. – Der skulde eg då vert til fiskja byrja – lesa og vera arbeidssam sjølvsagt – ja eg sa det. – Nei endå verre enn fyre jol. – Kortspel og dagdriving det heile – Berre ender og ein ljøs stundi – so myrke ogso – so ---- Kårstad kom inn til oss ein laurdagskveld me spelte kort. – Distriktslosjemøte var då med stor fest på Framhald. So ungdomslagsfest – I kveld ikkje tid til meir. – Bøn: May lefi be brighter.

**Framhald** (Contenieu) Eg vore altso i Voldi januar og skulde reisa heim med februar og ro fiskja. – Men fyrr eg gjeng yver til å skriva um fiskjetidi vil eg skriva litt um henne Inga. – Fyrste gangen eg fekk den gjenta å sjå var fyrste hausten eg var i Voldi – ein Sunday på eit losjemøte. Eg hadde fyrr høyrte gjete henne, og no då eg såg denne gjenta vart eg med ein gong oppmerksom på henne – ho tyktes meg so væn rein og god. – Sidekameraten min kjende henne, og af honom fekk eg so vita kvenn det var. – Sida er ikkje denne gjenta komen meg ut av tankarne – ho fylgt meg kvarhenne eg hev vanka. Næste gangen eg fekk sjå henne var på Framhald – ein ungdomsfest med skodespel – ho var med og spelte ”Gislaug” i ”Meinhøve” av Idansen. Etterpå so kunde eg ikkje la vera – eg måtte få ein dans med henne – ein vals. – Å eg kjende meg so god og sæl den kvelden då eg for og valsa med henne – eg liksom kjende at vert ikkje denne her mi – so vert eg ikkje lukkeleg – aldre – og eg drøymde store draumar um rik og ljøs framtid ved hennar sida. – Ho var pratasam og me kom snart i livlegt prat medan me gjekk og dansa – men kjende vart me ikkje – so slutta musikken. Eg bukka og takka for dansen, og so vart det ikkje fleire slottor denne kvelden – med meg då. – Men denne fyrste valsen med henne vil eg aldri gløyndma – aldri -. Sea nytta eg kvart høve til å få sjå henne – var lukkeleg og glad so snart eg berre fekk skoda henne – um so det var berre på avstand – eg var nøgd med denne platoniske kjærleik. – Når det høve til å vera ilag med henne, nytta eg det – serleg då på Framhald – ungdomslagsfesterne og losjefesterne med leik og moro. – Eg dansa med henne og kjende meg sæl når eg hadde henne i armorne mine – trykte ho so fast til meg at eg mest vart skamfull etterpå. – Ho måtte då skyna eit kvart! – Når ho so sveiv kring på golvet saman med andre, kjende eg ein sting for hjarta – men når ho so atter sat på benken burte i gjenterekkja, kjende eg meg trygg att, - og eg såg – eg såg berre på henne – ho var då so væn – vænare enn alle andre gjentorne der var. – Men stundom kom slike pinande tankor:

Ho bryr seg vist ikkje um deg! – Det er andre som hev teke hugen hennar – ho er då alt trulova, tenkte eg stundom, og trur du at det nyttar deg å halda av denne gjenta – nei aldri – Å dei var so kjøvande desse tankorne – og desse tankorne dei fekk næring: Eg hørde gjete snart den eine snart den andre som var forlibt i henne – likare og frægare karar enn eg, og kva nytta det då deg – so kom då dei myrke dagar – utan sol – hugsvive kom ville og sterke, og eg gløynde alt – og at eg elska at eg hadde høge og fagre kjenslor og so – so - - - - - Men ho – ho vart aldri drege inn i denne skjæmelege tankekrinsen – når hennar bilæte kom, so vart eg skamfull – å so inderleg skamfull – og eg lovde og verta betre med meg sjølv – sjølv sagt – men in vain som fyrr. - - - Slik gjekk det året, og eg reiste til byen tok eksamen og heim, var heime i ferja – visst gløynde eg henne ikkje – ho kom ofta i tankarne – og som det fagraste og beste eg visste – men i myrke tunge dagar når hugsvini kom og gjorde det av med alt godt og reint i meg og ----- då skjemdest eg mest ved å sjå hennor bilæte, og eg valde å gløyma henne, prøvde på det – men greidde det ikkje, ho kom oftare att i tankorne enn eg vilde vedkjenna – so ofta at eg såg: Du kjem visst aodri til å gløyma henne. Og det var sant, eg kom aldri til å gløyma henne – ja det må eg seggja at det var ho som drog då eg tok fyre meg å reisa attende til Voldi. - - Eg var då heime sumaren alt til okt – bala på den vanlege måten. So tok eg ein tur til Hjørundfjorden saman med Josefine og Karoline. – Då hadde eg nærma meg henne og kunne ikkje halda meg eg måtte til Voldi. – Tru um eg kunde få eit glimt av henne? – Og eg gjekk – skamfull yver meg sjølv – pinande av tanken: - Kva er det du gjeng etter dit narr – det er då ein annan som eig henne – ho bryr seg ikkje um deg – ho gjev deg ikkje ein tanke eingong – narr. – Men eg gjekk – med bankande hjarte fer eg forbi huset ho var i – eg bar visst på ein undarleg måte føterne – men eg fekk henne ikkje å sjå den turen. – Men hugen til å få sjå henne kjøvdest ikkje – han vart sterkore og sterkore – og so tok eg meg rom på seminariet. – Var heime då resten av september. – Ho – Inga – var det som var det ljosaste – og fagraste tanken min. Sveipte seg um – eg kjende at vart ho mi – so vilde eg verta berga – eg tykte at ho måtte verta redningsmannen – ho kunde gjera meg rein og god – sæl for heile livet – og eg drøymde store draumar – men må myrkret – tvilen og uvissa få magt – soli gjøymde seg bak grå regntunge skyer – når kulden liksom kom sigande inn yver meg – då gløynde eg alt – og Inga – alle store draumar var burtkværvne – og eg – eg ---- Men når bilæte hennar kom – gjorde meg skjemd – då tok eg til å lova - drøyma påny – og det må eg seggja – at hadde ikkje eg truffe henne og hadde ikkje bilæte hennar festa seg so djupt i sjæli mi – so hadde det visst set endå myrkare ut med meg enn det gjere.

So kom då ocktober og eg drog til Voldi og vart innkvartert hjå den gamle verten min Karlsen. Saman med Hole budde eg – Fylling, Heiberg, Frøholm – Rem og Erstad budde og i same huset. – Ja no var det eg då komen på den gamle staden der ho ymse vanka fyrrige år – no skulde eg atter få vera her eit år – sjå henne og vera ilag med henne på ungdomslag og losjefestorne – få leva i og anda inn same lufti so ho – og eg kjende meg so sæl og glad då eg byrja der – no skulde eg då få noko å strida for – eit mål tykte eg hava fenge å trå mot: å vinna henne – lata ho verta mi. Og eg gav lyfter um å verta rein og god. – So fekk eg henne å sjå – fyrste sundagen eg va der – det var uventa, og eg fekk som ein støkk: Det biora gjennom barmen – kritla i kroppen. Eg fekk slik underlege kjenslor, og eg vart standande og glåma på henne som handfallen: Og eg kjende der at eg elska denne gjenta, og at ho hadde trugteke meg med heile mi sjæl: Ho var ”betingelsen” for livet mitt. Det var klart for meg frå denne stundi. – Men so kom atter desse pinande tankorne. Ho bryr seg visst ikkje um deg – ho

mæter deg ikkje eit augnekast eingong – men eg trøyta meg då at ho like meg og slo meg til ro – drøynde – og kjende meg glad og sæl når eg såg henne. – Men eg skulde ikkje få vera lenge i ”paradiset”. – Ho kom ned på Øyralandet og tente. No var ho då komen nær. No skulde eg få sjå henne kvar dag mest – og eg kjende meg gladare og då. – Men no kom det tunge. – Det vart losjefest og ho var der. Det var fagert den kvelden. – Eg leikte som aldri før. – Ho var det som var det drivande – det var liksom for hennor eg gjorde alt – og eg leikte og med henne. – Men den kvelden kom til å gjeva meg eit sår som sidan vart større og større: Eg tyktes sjå at ho brydde seg meir um andre enn um meg. – Ja eg tykte vera viss um det – og eg såg meir: Eg såg at det var andre enn eg som va glad i denne gjenta, og det var eg og vort viss um. Ja eg vart seinare viss um at det var so mange som var glade i henne og freista og nærma seg henne at eg reint tok til å taka fæla. – Likare og frogare karor enn eg – korleis skulde det ganga meg – eg som endåtil ikkje la to pinnar i kross for å verta verkeleg kjende med henne – og få henne til å halda av meg – å eg tykte det var fåfengd alt – alt. Men like og so brann det ei von i barmen min – kanhenda – kanhenda – og eg vonte og venta – gav meg berre til å sjå på det heile: Korleis ho var umsverma av elskaror – men det var med svært tungt hjarta – so dei myrke stunder då liksom livssoli mi gøynde seg bakum skyerne og kulden kom sigande innyver meg ikkje var langt unda – hugsvien kom og eg var atter eit inkje - - inkje. ---- Tidi gjekk utyver hausten. Eg var på Framhald på ungdomslagsfesten dansa med henne og kjende meg sæl ved å sjå på henne – som før – men den kvælende tanken: Du er visst ein ”forskoten” fylgde meg alltid. So vart eg vald til Ø.T. i losja. Då vart der liksom ei brigde. Visst var det no ikkje vidare rart med losjegraia mi – eg gjorde mang ein fiasko – men det var detsame: Eg liksom steig i folks auga: Eg var då Ø.T.

Ho var i losja, var der endåtil den kvelden eg vart vald og var der seinare – kvar kveld. – Det vakna liksom ei von i bringa mi no: No kan du kome henne nærare – no kan du få ha henne for augo alltid når du stend her uppe på katheter og ser utyver – no kan du få vinna henne – og eg kjende slik ein undarleg sæl fysna i barmen. Det liksom kritla nedfyre bringa. - - Og det var dei sælaste stunder den sundagsettermiddagen når eg stod der uppe på stolen og styrde møtet – såg utyver og møtte hennor auga – då brusa det i hjarta mitt – det vimra i hovue – og som i ørska stod eg deruppe og såg utyver – tyktest vera so endelaus dum – for meg sjølv – eg raudna visst og – men det braut upp ei underleg von i brystet -: Eg vart var at ho slog ned auga når eg for eit hende våga meg til å sjå på henne – og ho såg på meg - : eg måtte visst ikkje vera heilt utanfor henne – ho brydde seg visst litegrand um meg – og voni vart styrkt - : Ho var so tru og møta fram på møti – var aldri burte ein einaste gong. – Men so brende skulehuset, og losja vart husvill – møti slutta for det fyrste – og dei sæle sundagsettermiddagor var slutt. - Eg vandra som fyrr i villska. Kunde stundom kjenna meg so fjetrande fjåg – men so kunde tungsinnriderne koma sigande innyver meg, og eg såg alt svart i svart. Livet vart so endeleg grått – og korfor kunde ikkje denne pinande tvilen kvarva burt -: Ho elsker visst ein annan! Eg levde ikkje, men nyeterte – vilde ingenting, men var likevel i verdi – der alt var utan verde – og so kom då desse tankorne -: kryp, du må då hava noko tru og – og berre denne gongen og – so det dimdest for tanken – det stod stille deruppe – eg var selgd – og -. Etter slike stunder kunde eg angra – kom til meg sjølv – men det var so pinande. – Den tanken at ein ikkje var seg sjølv men selgd – den var so tavande tung – og eg greidde ikkje å tenkja meg fri – tungsinnnet vilde ikkje forlata meg – alt svart – svart – med få ljorskav imillom. Eg kjende meg so trøytt og sår, so uendeleg magtlaus og liten – so lite verd

– sky og stustesam - striden for alt godt og fagert gløynde eg – det gode og fagre som rømde i min tanke var ho – Inga -. Men ho kvarv burt -. Eg vilde ikkje tenkja på henne. – Eg var for liten og vesal, og ho hadde for mange som krinsa kringum seg – men eg kjende slik tærande sår saknad – det liksom vilde kjøva seg i hop for brystet mitt. – Det var då vondt at oppgjeva tanken på det beste og høgste ein visste. – Å eg hugsor so godt desse fagre måneskinskveldorne der inne i Voldi. – Å det var fagre kveldor – men ikkje for meg. – Eg gjekk der og sveiv ute i måneljoset – kunde ikkje anna – eg tykte eg vilde kjøvest når eg sat inne på romet – so eg måtte – eg måtte ut – men berre å driva – alltid hugsår og trøytt – og tung i hjarta. – Visst kunde eg ender og då kjende ei undarleg frysna i barmen – helst i slike høve at eg på desse turor mine kunde treffe henne Inga – då liksom dulpa dei gamle kjenslorne uppatt . men når eg kom i einerom att og byrja tenkja yver dette verdlause livet – då kom tungsinnet att. Det kjøvdest for bringa, og alt vart grått i grått som fyrr. - - Dagorne og vikorne gjekk. – Me fekk millomtidigt hus på seminariet og kom snart til å taka upp atter møti. - - - Fyrste møte skulde ver på seminariet. Minni um møti på skulehuset kom i tanken, og ei ny von tok meg - : Kan hende ho kjem på møtet i kveld. – Eg sit ved glaset på storesalen hjå Karlsen. Kyrkjefolket kjem or kyrkja, og me sit og ventor på middagen. Eg hev ofta sete her ved glaset og set på kyrkjefolket – men det eg hev set etter i grunnen det hev vore henne. – Bivrande kjenslur hev jaga gjennom barmen på meg når eg soleis hev set henne koma der nedette vegen saman med dei andre, og eg hev stirt og stirt – til ho kom burt bak huset hans Rygh – å um ho hadde visst kven som sat her uppe i glaset og stirde soleis etter henne. – Kva tru kva ho hadde tenkt då? – Å, er det ikkje rart at so lite som berre dette eine: å sjå den ein er glad i – so berre eit lite glimt kan gjera ein so glad og sæl. - - Og i dag kom ho som vanlegt – ho var visst trottig i kyrkja. – Å, um ho kom på møtet i kveld – Timorne gjekk og møtet skulda byrja. Det kom folk ein etter den andre, men ho kom ikkje. – Tru om ho då ikkje kom! – Det er tid å byrja, sa dei. Eg gjekk ut. – Vilde sjå um der kom fleire. Nede i gangen stod ho. – Det kom liksom so dåtteleg. Me var for fyrste gong åleine saman – åleine stod me der nede i halvmyrkret – eg og ho. – Eg vil alltid koma til å hugse denne stundi – den sælaste eg hev havt i livet mitt. – Å det var ei undarleg stund – eg hugsar ikkje ret korleis alt gjekk fyre seg. – Eg var so oppøst – raud – hjarta banka for hardt i meg. – Eg var so uroleg – visst noke toske snakk eg for med. – Var ikkje ho og underleg tru? Ordi hennor kom noko underlege – ustø og liksom skjelvande – ho hadde hjartebank ho og. – Det var rart – og ei jublande von tok til å livna i barmen min: - Ho elsker meg visst? – Å eg kjende meg so sæl og nede i gangen saman med henne. – Korlengje me stod der og kva me tala um veit eg ikkje. – Det heile er no berre ein fager draum. – Men me stod der visst ei heil stund – for då me til slutt raka på å gå upp, såg dei so underlegt på oss då me kom inn. – Dei tenkte visst eitkvart. – Hadde eg alltid vore so sæl – kjent meg so glad og sæl – som den kvelden. - - Ho kom stadugt på møte på seminariet det som att var fyrr jol – og med meg gjekk det som fyrr. – Juleferia kom og gjekk, og eg kom attende til Voldi for det korte bilet-januar. – Ho Inga sveiv meg framleides i hugen. – Å nei det var nok ikkje godt å gløyme. So skulde distriktslosjemøtet vera og me skulde hava fest – eg var i festnemdi – formann. Då me hadde stelt til um kvelden, gjekk eg på ungdomsmøte – der var då alt fullt hus, so eg vart sitjande på benken attmed døri. – Fru Eng los um Roosevelt, etterpå skulda det vera folkevisedans. – Som eg sat der attmed døri, kom ho Inga saman med ei annor gjenta. – Eg sat ivegen for døri, so eg måtte flytja meg for kvar gong nokon kom inn. – Kor bløstupanta raud ho vart då ho opna døri og

dåtteleg vart var meg. Ho sveiv attende og skubba den andre framum seg. – Var det meg ho raudna for? – Jamen vart eg raud eg og. – Um kvelden laga eg det so at eg fekk halda henne i handi då me dansa folkevisedans. – Ho kom på festen, og eg gjekk liksom i ørvæna – kjende meg sæl vid hennor nærvære. Seinare um kvelden når me leikte, var det henne eg prøvde å få vera ilag med – henne eg såg etter, og som leika meg i hugen. – Eg såg nok at det var andre og som i same ørvæna som eg – andre som og trådde etter å få vera ilag med henne, leika seg saman med henne – leggja handi um livet hennor, men eg gav meg ikkje – leist ikkje sjå det. – Ein liten knop av von var sprætten i bringa mi – han voks – fekk næring og voks meir og meir. – So var det ungdomslagsfest neste sundag. – Ho var i festnemdi – gjekk der og sveiv inne på scena i ein væn kjodbunad. – Å ho var då verkeleg væn, ho gjekk der. Ho tyktes meg væn, vænare enn nokonsine før. – Det var siste sundagskvelden eg var ilag med henne fyrr fiskja – ein undarleg kveld – ein kveld som gav den vaknande voni i meg ny friska næring – kveikte voni beintfram i brand.- Me var mykje saman den kvelden – meir enn nokosinne før – prata – moro og alvor – og log upp på scenen og få seg mat – ho kom – og oppvarta – det var då underlegt kor ho smilte til meg – var ho glad i meg tru? – Det beste som var å få tak i – kom ho med og sette fram til oss tri karane som sat kring det vesle bordet. Ho skjenkte i kaffi til oss – pratat og heldt moro saman med oss – smilte undarleg til meg og såg burt når eg såg på henne. – Å denne smilen hennor – denne livsfriske latter – dette mjuke væne målet hennor – og dette uttrykkjet i augo hennor. – Å kor det gjorde meg sæl og lukkeleg der eg sat. Den kvelden dansa eg med henne som aldri fyrr. – Trykte henne til meg so eg mest vart rædd meg sjølv. – Eg var då halvgal mest! – Ho dansa sjeldan når det var damernes dans. Ho kvilde då, og det trong ho. – Ho var ofte nok framme på tilat elles. ”Damernes dans”, - tra-la lama – ja. – Kva var det? – Jau ho stod framfyrr meg – baud meg med til ein dans. – Eg fylgde – dansa villare enn nokosinne før – trykte henne til meg so eg kjende den varme angen hennor på kinnet mitt – håret hennor kritla meg i anlitet. Me prata visst ikkje eit einaste ord den slåtten. – Var det dei same kjenslur me ber på begge?

Eg er heimkomen i fiskja. Styggever kvar einaste dag. Små utsikter til å byrja med. – Ein plar ikkje koma langt her i støå vinterstida. – Ein tusla her og kjem ingen annan stad. Eg kom helder ikkje langt og heldt meg her – såg berre dei gamle kjende anliti, so det var ikkje mange nye gjenteanlit å sjå, so det var ingen som kunde gjera meg tossut i hovue. – Den siste kvelden eg var saman med Inga sveiv meg i minnet – det fagraste minnet eg hadde med meg heim – og eg gøymde det trufast i barmen. - - - Tru kor ho hadde det no umstunden? – Tru kva ho tenkte på – um ho tenkte på meg når ho gjekk der inne og stulla med donet sitt. So mintest eg siste kvelden, smilet hennor og so desse augo, desse undarlege augo – kor underlegt ho såg på meg den kvelden – og so den ”damernes dans” som me i villaste jag dansa rundt golvet utan å mæla eit einaste ord. – Å ho måtte vist halda av meg! – og sæle kjenslur strøymde gjennom barmen min. – Men det kom og myrke stunder. – No gjekk ho der inne og hadde alle desse - - - svivande kring henne – og eg var der ikkje – eg var her – og det byrja sviva underlege tankor i hugen. – Sjå der kom ho etter vegen. – Ho er åleine. Det er sundagskveld, og ho skal vonleg ut og skjekta. Der kjem 2 – 3 gutor. Den eine av deim er glad i henne – ein av desse mange. Sjå der stoggar han upp, slær fylgje med henne. – Dei andre tvo gjeng sin veg. – Og eg ser – eg ser – ser til eg reint vert ør i hovue. – Ikkje berre dette, men det eine bilæte etter det andre rullar upp for meg, so eg mest fæler. – Å då kjenner

eg meg so sår og lukkelaus, bitter yver livet – tung og hatefull, og desse myrke stunderne kjem då eg i ørvæna gjeng av og sel meg sjølv som so mangen gong før.

**25 april 1904.** Lenge sea no. Men i dag må eg skriva. Det stunder til eksamen no, og eksamenskandidaterne hev det onnugt, so sæl den som frisk er. Men eg er ikkje frisk – eg er utanfyre. Eg er sjuk både sjæleleg og likamleg – mest på sjæli. Eg kjenner arbeidshug no – arbeidshug trur eg som aldri fyrr. Men eg magtor ikkje – for mykje stend hindrande i vegen. Difor græt det i meg kvar kvelden eg legg meg til kvila: Eg kjenner at dagarne sviv meg forbi – og eg fær ikkje bruka dei. - - Eg er sjælsjuk. – Fyrr hev eg høyrte tale um sjuk elskhug. No trur eg eg hev fenge denne sjukdomen. Eg elsker – og eg er sjuk. Og dersom sjukdomen tærer på meg. Me mannaborn er då nokon underlege krek. No gjeng eg her og lengtar etter ein einaste ting på jordi – å kunne få segja: ”Eg elska” – Og likevel so lover eg ikkje nemna desse ordi til andre enn meg sjølv – jamvel eg veit at eg lid under det, og at eg ved desse ordi kunde hava fenge utløysing. - - Eg kunde hava hug å få døy no. Då vilde eg hav sagt henne det – skrive det til henne at eg elsker henne, hev elska henne, elsker henne jamvel eg ligg no å vil døy – og er glad for eg får døy med henne i tankarne. Då hadde eg vore sikker på ævelegt å få eiga henne. Men no gjeng eg i otte for å missa henne, jamvel ho aldri hev vore eller er mi. Berre herinne i hjarta er ho mi, der hev eg fest henne for lenge sea. – Eg er rædd å døy stundom. Livet er for kjærte – livet for henne. Ja livet mitt er for henne, jamvel ho ikkje er mi og aldri kanskje vert det. – Fæle tankje! – Og eg er glad i dette livet med all liding og sjælspining. Eg vil lev det, og det skal få på meg: Eg vil døy for mitt liv. ---- Der er stunder då eg er lukkeleg. Men det veit eg oftast ikkje fyrr etterpå. Sæl den som hev mange slike stunder! ----- Å um eg kunde få segja: ” Eg elsker deg, Inga!” – Det brenn og svid i hjarta og fred mot der aldri der inne fyrr desse ordi kjem dit dei skal. Og likevel torer eg ikkje få vissa. Eg ræddeest for svaret. Og so gjeng eg framleides og pinast. Der er stundor eg trur ho er glad i meg – ja eg er sikker. Um eg er glad i slike stundor, veit eg ikkje – for ein veit aldri av at ein er lukkeleg. Men dei er so fåe. – Underlege elingar av sæl fysna kan nok strøyma gjennom barmen, og eg sviv burt i draum. Men den mjuke, svarte og kalde tvilen kjem stormande som den isande nordveststormen med snøfokk og tjukne, og den sæle frysna kverv burt. Natt vert det i hjarta. - - Og stunder kjem då eg i dei matrande sjælspinslor spyr: ”Kvifor sende du som styrer og rår over manneborni – kvifor sende du den isande tvilen ned i mannehjarta? Kvifor piner og plagar du oss so? Men det er berre stunder. Tvilen høyrer menneskja til. Tvilen er noko av det seigtugaste i livet. – Og andre stunder kjem då eg lovpriser tvilen – tvilen som la den råkalde haustskodda kring hjarta mitt og gjorde at soli kvarv og natt kom der inne. Eg kjenner rikdomen i denne tvilen. Eg kjenner livet armt og elegt bylgja kring meg, og eg er med og lid mest av alle i den ville dansen der ute millom dei frådande skumskavlar. Eg kjenner meg stor og sæl i all ulukka og matrande fredløysa. Men det er og berre stunder som mangt anna, og desse stunder er ikkje få no. - - - Eg er vorten folkesky – vore det fyrr og, men aldri som no. Fyrr var eg og rædd å vera åleina då. No er eg ikkje det lenger, vert det aldri meir. Einsemd i den kjæraste venen min. - - Berre når eg er trøyt kan eg lengta attende til livshimmelen og lettsinnet. --- Nordvesten stormar ute i dag. Skodda heng tjukk og grå kring fjelli, og snøslavset driv utor dei myrke hausarne. – Våren merkjer ein ikkje – men hausten kjem fram for minnet. Men naturen ute i dag harmonerar so fagert med – ja skal eg segja fagert? Nei. Men det er same kalde haustver inne i hjarta mitt

og – berre med den skilnad, ja eg trur det vondt at der attum alt er spirande vår der inne.  
Kvifor kjem du ikkje Inga? Kvifor fær eg ikkje sjå deg? Er du rædd meg? – Matrande tvil! –

Um kvelden eg gjeng og sviv  
og tenkjer bert på deg –  
den tanken lærer slit og riv:  
”Du elsker ikkje meg”. –  
Med trei som ved vegen stend  
eg talar tidt um deg.  
Og minnet um di fagre grend  
vil fylgja på min veg.

Når kvelden kjem og soli sig  
i glod bak fjellet med  
ei natt då fram for minne stig  
ei natt med sjælefred.  
Og minne fagert um den stund  
skal fylgje meg på ferd.  
Og rå meg til livstrøytt blund  
- lik kvila frå mi gjerd.

Og skriva vil eg um den kveld  
eit ord på desse blad. -  
Eit ord um bjarte draumeveld  
som gjorde meg so glad.

Fyrr eg fortel noko um denne natt, vil eg setja på papiret nokre andre av desse kjenslor som sviv meg i hugen no um dagarne. – Eg hev aldri lagt merkje til at menneskja hev vore så rå fyrr som no. Aldri trudd at ho hev vore so stygg og fæl. – Eg veit kva som gjerer at eg hev vorte var dette. Det er ho som hev lært meg sjå annorleis på menneskja. Ho er rein og glad, og ho hev lyft meg – vorte adla ved tanken på henne, er komne til større høgder og fenge friare utsyn. – Det er fordi eg ser menneskja er so rå eg er rædd henne og trår ut til einsemd i – til naturen. Derfor eg liva i tankarne saman med henne, kjenna meg lyft.

**Kristiania 23 mai 1906.** So mang ein vårveld hev eg livt og drøymt. So mang ei høg stund hev himmelen kvelva seg blå og skir yver heimsens natur. Dagar hev runne framum. År. Mange. Og so er det atter vår. Og kveldar. Å desse fagre. Eg er vorten gamall no – 22 ½ år. Å, - men du heimsens styrar, dersom du då verkeleg liver, personleg, sjåande – kvi let du meg lida so? – Kva hadde eg gjort, at eg vart førd inn i dette? – Upphavet? Dei hundrad stunder eg hev banna livet, banna meg sjølv – skal dei berre vera – steg for steg – djupare i avgrunnen? – Og dei ljose netter med vårlengt og sumardraumar – er altsaman fåfengde spark i umedvitande ørvæna? Gud! Kvi ropar eg på deg? Kvi trur eg ikkje på deg no som då eg liten var og bad um kvelden? - - Nei, eg forstend ikkje livet! At ein tærest og brenn under lengselen etter det gode, etter å verta gode – og so likevel let dæme og daude draga av med seg. Nei - - Ja, år er gjengne. Sidan 12 – 13 årsalderen hev eg lengte og stridt ut or trolltaket. Stigande i ottefull hugverk med åri. Fri? - Å Gud! Skal då natti ævleg vara? Kvi er dagen

berre skugge? - - - Eg hev vore trulova. Inga heitte ho som gav meg sitt hjarta, si tru. Eg hev lege ved ein gjentebarm og høyrte eit hjarta hamra. For meg. Men eg var like stygg – med stigande lengsel mot vårnatti sin skire reinleik. Etter sjælefred sæla, etter fulltonande samklang. Og sjælestriden – heldt fram. Eg hev visst vore galen. Ein haustdagkveld var det, i fjor – datt eit brev meg or handi i postkassa. Og eg hadde ingi gjenta meir. Eg hev vore eine sea. Men natti er like svart. – Er ho ikkje svartare? – Er det ikkje som stakkaren biten av ein galen hund. Um so og so mange dagar døyr han – Dømd? Og er eg ikkje fatigare? - - - - Eg held på med lesing no. I gymnaset. I grunn hev eg ingen vilje. Flyt på tome, tapne draumar. - - Livet elles – hjå andre tykkjest meg og vesalt. Eg hev lide mange vonbrot i mi trygge tiltru til store menn. Året 1905 vil hugsast. Kvi er mannen republikaner når han er 30 og monarkist når han er 50? Det er ellest sært i dag. Ibsen er dåen. Døyde kl 2 ½ i dag. Den ævlege fred? – ”forsoning” skriv Aftenposten. Var uppe på Sankthanshaugen ein tur. Alt stod i beste brikje deruppe og lufti var lett. Rein! - - Og eg tek til å lengta atter, lengta med tvil, tru med vantru, drøyma med smil. – Etter siste syndefall. (Bibelen eig utrykk for alt) Skal det vera skot inn i skodda? Skorgane, kvar er han? Gjev meg soli – barndoms Gud! – Eg vil setje Inga sitt fotografi på bordet. Eg vil sjå på hennor andlit – i hennor augo. Um ein månad skriv eg atter i denne boki. Kl. 11 um kvelden.

**Den 3 juni 1906.** Kvite-sundag. – Og guten gjekk til havet med si sorg. Det saug dei heite tårorne hans til seg, det lindra hans såre sinn. - - Kan noko berga meg? Havet? Ja, ikkje kan storbyen det. Med runde armor og nakne barmor, mjuke, kjøtfulle mjødmar – fy fan! Moralen? At eg veit kva tenor til mitt beste, kva som skadar, og kva som - - - -. Finst der nokon skralare mur, enn det som moral kallast? - - Å nei, å nei! Eg hatar kulturen, eg hatar moralen, eg hatar mi eige brennande trå mot kvinna, mot kjønsprosessen - - - eg hatar - - eg hatar kvinna, kvinnebarmen, kvinnefanget, kvinneaugo - - eg hatar – nei, eg vil ikkje skrive meir. Naturo, den store - - - haust?

**Den 8 juni 1906.** No veit eg kvar det ber avstad. ”Stod helvede til!” – Lat gå! So hev då eit visst mål i verdi. Og syndi er ei soga berre. Um åtte dagar reiser eg heim!

**12.juni.** Javisst ja! Fan i vald! Eg vil vaska av meg ”Kristiania” og reisa!

**Fredag em 15 juni.** Farti er ”upåklageleg”. Men i kveld pakkar eg - - reiser sundag.

**Torsdagskveld 6 sept. 1906.** Skal eg brjota ut i utøymd klage? Sukka som dei tusund gongar fyrr? Nei, trur eg – heller eta og drikkja, prata og lægja, gjeispa og sova, driva og dorma – ryta beint fram – som ingenting var åt. Snyta nasen min når det trengst, snu meg i sengi når eg vert trøytt av å liggja på ei sida. Å, men fy fan! Jaggu trur eg, eg vil banna, banna, banna! Pinadø, bitterdø og annaslags dø! Men banna? Kva er då det for ein som ikkje lest tru på stakkors styggemannen? Det vert berre dei tome ordi att. Utan det innehald truande kristne legg i bannskapen. Ikkje trudde du på styggemannen og ikkje på ”Gud”-en deira, sa du i går til systri dine då du vart ein kjent harm på dei, for at dei reiv bagen frå deg då du spela ein slått. Ja, so sa du. Du som andre tider – med tilgjord sentimentalitet – skriv og leverar ut, um - ja korleis skal eg no segja det? – Du – Neigu eg vil ikkje skriva meir.

**Fredag 12 oktober.** Eg skal snart reisa til Bergen. Tyrsdag tenkjer eg. Det er regn og ruskever i dag. Døkt og myrkt. Uff! Eg er i ulag. I går og. Eg kjem visst heile livet til å verta ille lunså. Eg er lei. Lei. Desse småe ordi ligg det mykje i. Me menneskje slo so mykje, høyrer og les – som gjeng oss framum utan me merker det. Skynar det. Eg er lei. Eg vil ikkje skriva um noko anna i dag. I går kveld tok eg papir og blyant og vilde skriva dikt. Eg hev ikkje gjort det på lenge, lenge. Det vart helde ikkje i går kveld. Eg var lei, lei. Alle evnor i meg var eg tilfrosne, tilstivna. Var som sokne ned i myrja, leirgyrma – ufjelg og fæl. - - Nei, ikkje det helder. Var dei det, so vilde dei visst vaka, strida som berre den strid, det gjeld um livet med for å koma upp. Stille, stille – ikkje tanken kom! Ikkje eit hugskot, ingenting. Men ingen fred lell. Det er sant at uroi er tærande. Tærande ja. Evnorne var trøytt. Ikkje av arbeide, ikkje av liv, men av uroi, av uliv og leide. Av leide ja. Eg er nok komen i gyrma, lell. Heile livet mitt ligg i dya. Eg veit det, eg ser det – eg hev set det lenge. Det er berre det, eg er so leid at eg ikkje vyr' å stræva meg upp or skiten. Strid for livet vert hjå meg berre skire snakk! Nei, eg vil sova, eg. Eg er takksam – eg burde no vera det, so sant enno den kjensla rörde seg i barmen min – eg er takksam for kvar stundi eg soleis for liva burte ifrå livsens uroi og gang tomleiken i det kalde tilværet. Ja, det er godt for meg å få sova. Eg lyt låta ull yver at eg lite mødast av draumor. Gildt å ingenting vita til livet, det liv eg liver og kjenner, det liv som meg formar – når eg då ikkje kan vera på dans millom smørblide gjentor. På fest. Nei, då syter eg meg ikkje. Då dansar eg, då prator eg, då lar eg og fantast til morgoen kjem, og eg trøytt og sveitt stavrar heimatt med vaknande tannverk i samvitet. Nei, eg vil vera lenge i laget. Gjeng ikkje for tidlegt heimatt frå festen. Eg vil sjå på gjentorne, tenkja på dei, njota synet. Armar og leggjer, mjødmar og brjost – og so lipporne og augo.